

Møtebok: Styremøte 07/18 (26.-27.09.2018)

Høgskulestyret

Møtetidspunkt:

Onsdag 26.09.: 10:30-15:00 (Styreseminar 15:30-18:00)

Torsdag 27.09.: 12:00-14:00 (Styreseminar 09:00-12:00)

Stad:

Stadionbygget (rom 02-14)

HVL Campus Sogndal

Røyrgata 6,

6856 Sogndal

Innhold

Vedtakssaker

69/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll	3
70/18 Strategi for HVL	20
71/18 Eigarskapspolitikk ved Høgskulen på Vestlandet – retningslinjer og oversikt over HVLS eigarskap i aksjeselskap	52
72/18 Innspill til høringssvar - forslag fra utvalg om endring i stillingsstruktur	63
73/18 Status kompetanse (fagleg/fakultetvise) og prosess for vidare arbeid med kompetanseutvikling	97
74/18 Lokale lønnsforhandlingar i 2018	103
75/18 Studentenes helse- og trivselsundersøkelse 2018 (SHoT) - orientering til styret	118
76/18 Utvikling av verksemdsmål for HVL	121
77/18 Evaluering av rektor sitt arbeid	123

Orienteringssaker

O-7/18 Orienteringar frå rektor, styremøte 07/18	125
--	-----



Arkivsak-dok. 17/00097-92 Arkivkode. 011
Saksbehandler Linda Marie Hvaal McGuffie

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 26.09.2018

GODKJENNING AV INNKALLING, SAKSLISTE OG PROTOKOLL

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 07/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 06/18.

Vi syner til vedteken møteplan og kallar med dette inn til styremøte 07/18.

Styremøtet finn stad onsdag 26. september kl. 10:30-15:00 og torsdag 27. september kl. 12:00-14:00, i rom 02-14 i Stadionbygget på HVL campus Sogndal, Røyrsgata 6, 6856 Sogndal.

Det er sett av tid til styreseminar onsdag 26. september kl. 15:30-18:00 og torsdag 27. september kl. 09:00-12:00. Tema for seminaret er *Utvikling av verksemdsmål for HVL* (sjå sak 76/18). Detaljert program for seminaret vert sendt ut i forkant av møtet.

Dersom du ikkje har høve til å møte ber vi om at du gjev melding til styresekretariatet v/Linda McGuffie på telefon 55 58 75 39 eller e-post: lmhm@hvl.no.

Vedlegg:

Saksliste til styremøte 07/18
Protokoll frå styremøte 06/18

Saksliste til styremøte 06/18:

Vedtakssaker	
69/18 (B)	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
70/18 (B)	Strategi for HVL
71/18 (S)	Eigarskap ved Høgskulen på Vestlandet – retningslinjer og oversikt over HVLs
72/18 (S)	Innspill til høringssvar - forslag fra utvalg om endring i stillingsstruktur
73/18 (O)	Status kompetanse (fagleg/fakultetvise) og prosess for vidare arbeid med kompetanseutvikling
74/18 (O)	Lokale lønnsforhandlingar i 2018
75/18 (O)	Studentenes helse- og trivselsundersøkelse 2018 (SHoT) - orientering til styret
76/18 (S)	Utvikling av verksemdsmål for HVL
77/18 (B)	Evalueringsav rektor sitt arbeid
Orienteringssaker	
O-7/18	Orienteringar frå rektor, styremøte 07/18
O-7/18-1	Referat frå IDF-møte (vert ettersendt)
O-7/18-2	Årshjul pr. august 2018
O-7/18-3	Signering av Magna Charta
Eventuelt	



Høgskulen
på Vestlandet

MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 30.08.2018 kl. 10:00-15:00
Sted: Bergen
Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Berit Rokne, Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Aina Berg, Trond Ueland, Sissel Johansson Brenna, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Thomas Mårstøl Reite, Cecilie Engen Fredheim, Karoline Lester Turøy

**Møtende
varamedlemmer:** Hege Økland

Forfall: Gunnar Birkeland

Protokollfører: Linda McGuffie

SAKSKART		
Vedtakssaker		
<u>60/18</u>	17/00097-87	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
<u>61/18</u>	17/00146-37	Møteplan for Høgskulestyret - 2019
<u>62/18</u>	17/09874-13	Høyring av strategi - tilbakemeldingar frå styret
<u>63/18</u>	18/06262-1	Endringer i universitets- og høyskoleloven
<u>64/18</u>	18/03515-4	Søknad om akkreditering av mastergrad i innovasjon og entreprenørskap
<u>65/18</u>	18/06374-1	Semesterrapport frå studentombodet (våren 2018) og justering av mandat
<u>66/18</u>	18/02966-3	Opptak 2018 - Status ved studiestart
<u>67/18</u>	18/06411-1	Administrativ organisering - orientering om status per august-18
<u>68/18</u>	18/06419-2	Orientering om forskingsbasert følgjeevaluering av fusjon – føremål, organisering og framdriftsplan
Orienteringssaker		
<u>1/18</u>	17/00146-36	Orienteringar frå rektor, styremøte 06/18

Bergen, 30.08.2018

Arvid Hallén

60/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	30.08.2018	60/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 06/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 05/18.

Møtebehandling

Styreleiar opna møtet og ønskte dei to nye studentrepresentantane, Karoline Lester Turøy og Thomas Mårstøl Reite, velkommen til styret. Vidare vart det informert om at eksternt styremedlem Gunnar Birkeland hadde meldt forfall til møtet og at Hege Økland møtte for han.

Styret hadde ikkje kommentarar til innkalling, saksliste eller protokoll.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 06/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 05/18.

61/18 Møteplan for Høgskulestyret - 2019

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	30.08.2018	61/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret godkjenner forslag til møteplan for Høgskulestyret 2019

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret hadde ikkje innvendingar til den føreslegne møteplanen. Ønske om å diskutere rullering på studiestad nærare, og styret var samd i at ein ventar med å fastsette møtestad for dei ulike møta til neste møte. I diskusjonen vart det foreslått at ein bør sjå på om det er mogleg å gjennomføre nokre møte digitalt.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret godkjenner forslag til møteplan for Høgskulestyret 2019

62/18 Høyring av strategi - tilbakemeldingar frå styret

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	30.08.2018	62/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret ber om at innspela frå styret blir tatt med i prosessen med å ferdigstille strategien for HVL i perioden 2018–2023.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Bjørg Kristin Selvik, leiar for strategigruppa, presenterte saka.

Styret diskuterte utkastet til strategidokument og var samstemte i at ein no er godt på veg med å lage eit samlande strategidokument med ein logisk og forståeleg struktur. Styret trakk fram følgjande moment som viktige for det vidare arbeidet:

- Tydeleggjering av eigenart - det som skil HVL frå andre samanliknbare institusjonar (t.d. profesjonsutdanningane, orientering mot praksisfeltet, forankring til Vestlandet)
- Campusutvikling eit viktig tema som ikkje kjem så godt fram i dokumentet.
- Arbeidsmiljø må framhevast. HVL skal ikkje berre rekruttere studentar, men også tilsette.
- «profesjons- og arbeidslivsretta» bør tydeleggjeras som eit overordna felles satsingsområde og ein må vurdere korleis dette viktige aspektet kan løftast fram i dei felles faglege satsingsområda – bør det være eit eget punkt, eller kan det ivaretakast med meir framheving i den overordna beskrivelsen?
- «deltaking/brukermedverknad» må framhevast meir.
- Behov for rydding og forenkling i språkbruk, samt sjå på intern konsistens mtp. begrepsbruk.
- Vurdere om det er mogleg å vere meir konkret når det gjeld bygging av institusjonen.
- Vurdere bruken av «vi skal» vs. «HVL skal».
- Etterlyser meir fokus på den nysgjerrige studenten og den gode læraren.
- Burde humanistiske verdiar vore tydelegare presisert?
- Dokumentet kunne godt hatt meir fokus på internasjonalisering.
- Ein bør nytte forskingsinfrastrukturen i den visuelle kommunikasjonen i dokumentet, det er også ein informasjon om kven vi er og kva som er vår eigenart.

Styret vart oppmoda om å sende inn innspel til strategigruppa. Styreleiar er kopla på prosessen med utarbeiding av endeleg utkast til strategidokument etter høyringsfristen og styret får saka til handsaming på neste styremøte.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret ber om at innspela frå styret blir tatt med i prosessen med å ferdigstille strategien for HVL i perioden 2018–2023.

63/18 Endringer i universitets- og høyskoleloven

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	30.08.2018	63/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner endring i forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 11-1 (5) a:

a. Det skal utarbeidast ei sensorrettleiing til kvar eksamen. Det skal leggjast ved emneplan ved førstegangssensur. Ved klagesensur skal det leggjast ved emneplan og nivåkontroll, eitt A-eksamenssvar, eitt C-eksamenssvar og eitt E-eksamenssvar, dersom mogeleg.

2. Styret delegerer avgjerda om grunngjeving for karaktervedtak skal bli gitt munnleg eller skriftleg til sensor for den enkelte eksamen, jf. uhl. § 5-3 (2) siste setning.
3. Styret godkjenner endring i forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 11-3 (8):

(8) Det er individuell klagerett ved gruppeeksamen. Ei eventuell endring i karakteren etter klagesensur får berre verknad for den som har klaga. For gjennomføring av gruppeeksamen sjå § 9-11.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Bjørg Kristin Selvik, prorektor for utdanning, presenterte saka.

Styret hadde ikkje kommentarar til saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

4. Styret godkjenner endring i forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 11-1 (5) a:

a. Det skal utarbeidast ei sensorrettleiing til kvar eksamen. Det skal leggjast ved emneplan ved førstegangssensur. Ved klagesensur skal det leggjast ved emneplan og nivåkontroll, eitt A-eksamenssvar, eitt C-eksamenssvar og eitt E-eksamenssvar, dersom mogeleg.

5. Styret delegerer avgjerda om grunngjeving for karaktervedtak skal bli gitt munnleg eller skriftleg til sensor for den enkelte eksamen, jf. uhl. § 5-3 (2) siste setning.

6. Styret godkjenner endring i forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 11-3 (8):

(8) Det er individuell klagerett ved gruppeeksamen. Ei eventuell endring i karakteren etter klagesensur får berre verknad for den som har klaga. For gjennomføring av gruppeeksamen sjå § 9-11.

64/18 Søknad om akkreditering av mastergrad i innovasjon og entreprenørskap

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	30.08.2018	64/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tar utkast til studieplan for master i innovasjon og entreprenørskap til orientering
2. Rektor får fullmakt til å godkjenne studieplan for master i innovasjon og entreprenørskap
3. Rektor får fullmakt til å godkjenne søknad til NOKUT om akkreditering for masterprogram i innovasjon og entreprenørskap innen søknadsfristen 15. september 2018.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret diskuterte saka. Det er viktig at HVL har gode masterprogram på eigen kjøll og det kan ha positiv effekt på rekrutteringa at ein kan tilby utdanningsløp som går over fleire syklusar. Styret var positive til at programmet vert forankra i eit fakultet framfor eit institutt, at det er lagt opp til tett samarbeid mellom fakulteta (FIN og FØS), og at ein ikkje føregrip senterstrukturen med denne søknaden.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tar utkast til studieplan for master i innovasjon og entreprenørskap til orientering
2. Rektor får fullmakt til å godkjenne studieplan for master i innovasjon og entreprenørskap
3. Rektor får fullmakt til å godkjenne søknad til NOKUT om akkreditering for masterprogram i innovasjon og entreprenørskap innen søknadsfristen 15. september 2018.

65/18 Semesterrapport frå studentombodet (våren 2018) og justering av mandat

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	30.08.2018	65/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tar Studentombodets semesterrapport for våren 2018 til orientering.
2. Styret vedtek forslag 1, 2 og 3 om endring i mandatet til Studentombodet HVL.
3. Styret vedtek mandatet som heilskap, med dei ovanfor nemnte endringane.

Møtebehandling

Rektor innleia og Sindre Rødne Dueland, studentombod ved HVL, presenterte saka.

Styret gav ros til studentombodet for godt arbeid og for å ha levert ein god rapport. Dei hadde ikkje innvendingar til forslaga til endringar i mandatet, men peika på at endringa frå «lågast mogleg nivå» til «rett nivå» kan by på nokre utfordringar mtp. å identifisere kva *rett nivå* for ulike spørsmål er, særleg no i ein fase kor organisasjonen ikkje er ferdig etablert.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret tar Studentombodets semesterrapport for våren 2018 til orientering.
2. Styret vedtek forslag 1, 2 og 3 om endring i mandatet til Studentombodet HVL.
3. Styret vedtek mandatet som heilskap, med dei ovanfor nemnte endringane.

66/18 Opptak 2018 - Status ved studiestart

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	30.08.2018	66/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek saka til orientering

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Bjørg Kristin Selvik, prorektor for utdanning, presenterte saka som ga ei oversikt over tal møtte studentar 15. august til studium lyst ut via samordna opptak.

Styret diskuterte saka og trakk fram følgjande moment:

- Fleire studium har vesentleg lågare oppmøte enn tal studieplassar, mellom anna fleire studium på fakultet for ingeniør- og naturvitskap, i tillegg til lærarutdanning 1.-7. trinn. Viktig at dette er med i arbeidet med gjennomgang av studieporteføljen.
- Urovekkande låge møtt-tal ved campus Stord. Ein må følgje dette opp og sjå korleis ein kan sikre rekruttering til dei mindre campusane, korleis skal ein legge opp studia og korleis ein kan marknadsføre dei rett.
- Det er ei problemstilling at ein ved nokre høve sannsynlegvis konkurrerer internt om dei same søkjarane, kan vere ein relevant faktor å ta høgde for i samband med overbooking og etterfylling.
- Problemstillinga om overbooking bidreg til fråfall vart diskutert. Ein balansegang å treffe rett med overbookingstal, og ein aukande tendens at søkjarar takkar ja til studieplassar utan å ha til intensjon å møte på studiet.
- Styret oppmoda om at ein ser på om namngjeving på studium kan vere ein faktor i rekrutteringa.
- Vidare peika på at ein må vurdere studiestartdato opp mot når andre institusjonar har dette sidan det verkar inn på inntakskvalitet og kor mange studentar ein får etterfylt med i suppleringsopptak.

Styret ser fram til å diskutere rekrutteringsutfordringane vidare, og korleis HVL kan angripe desse, i sak om studentrekruttering som er meldt til novembermøtet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek saka til orientering.

67/18 Administrativ organisering - orientering om status per august-18

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	30.08.2018	67/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek saka til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, presenterte saka.

Styret trakk fram følgjande moment i sin diskusjon av saka:

- Spørsmål om framdrift med omsyn til endeleg avgjerd. Styret ønsker at prosessen vert avslutta så snart som mogleg, men har forståing for at det er viktig med gode prosessar i ei så viktig sak.
- Det vart peika på at det er fleire stillingar i bemanningsplanen enn tilsette i administrasjonen, gir moglegheit for at tilsette som ikkje vert nøgd med kor dei vert plasserte kan søkje andre stillingar. Kan vere ein åpning for dei som no føler usikkerheit i forhold til sin plass i den nye organiseringa.
- Det vart stilt spørsmål til grunngjevinga for talet på rådgjevarstillingar, samt om tilsette automatisk vil få ny kode etter innplassering. Organisasjonsdirektøren oppklara at ingen tilsette vil måtte gå ned i kode, og at kodane er satt ut frå ei vurdering av innhaldet i arbeidsoppgavene som ligg til dei ulike stillingane. Dei som vert innplassert i ei stilling er vurdert til å vere kvalifisert og plasserast i den koden stillinga har (såframt dei dekker formalkrava – t.d. må ein ha bachelorgrad for å få rådgjevarkode).
- Det vart peika på at det er viktig at ein byggjer vidare på og koplar det omfattande arbeidet med prosesskartlegging som har vore gjort i organisasjonen til dei stillingane folk no skal innplasserast i.
- Styret etterspurde tilgang til dei interne nettsidene kor informasjon om mellom anna nytilsette leiarar finst.
- Styremedlemmet Skauge stilte spørsmålet om det var i tråd med HVL sin fusjonsavtale at HVL organiserer seg med tilsette i fellesadministrasjonen og fakultet/institutt i forholdet 3/1 (335/105). Skauge meiner at styret ikkje har fått drøfta dette sentrale strategiske valet av det han meiner er ein sentralisert modell for styring.

Styreleiar presiserte at saka var lagt fram til styret for orientering og understreka at styret har vedtatt ei administrativ organisering (jf. Sak 15/18). Det er viktig at organisasjonen får ro til å implementere vedtaket styret har gjort før ein vurderer moglege endringar. Følgjeforskinga av fusjonen vil vere ein god kjelde til informasjon om kor føremålstenlege organiseringa er, og resultata derfrå vil kunne nyttast som grunnlag for å vurdere endringar.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek saka til orientering.

68/18 Orientering om forskingsbasert følgjeevaluering av fusjon – føremål, organisering og framdriftsplan

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	30.08.2018	68/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek saka til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Liv Reidun Grimstvedt, prorektor for samhandling, presenterte saka som gjeld igangsetting av følgjeforskning av fusjonen.

Forskingssprosjektet skal evaluere sjølve fusjonsprosessen og kor føremålstenlege dei valde organisatoriske løysingane er mtp. å nå HVL sine strategiske målsettingar, om den faglege organiseringa er tenleg for å nå våre faglege mål, og om den administrative strukturen støttar opp under desse måla.

Styret diskuterte saka og fikk i samband med det informasjon om at spørsmålet om sentralisert vs. desentralisert administrasjon er spelt inn til NIFU og at fusjonsplattforma er ein del av grunnlagsmaterialet. Forskingssprosjektet vil aktivere mange grupper i Høgskulen og gje eit godt datagrunnlag for dei vurderingane styret må gjere.

Styret ytra ønske om at undervegsrapporten som er planlagd levert i juni 2019 vert klar i tide til at det sitjande styret kan få handsame den i sitt siste møte 19.-20. juni 2019.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek saka til orientering.

Saknr	Arkivsak	Tittel
1/18	17/00146-36	Orienteringar frå rektor, styremøte 06/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek sakene til orientering.

O-6/18-1 Referat frå IDF-møte

Styret fikk referatet tilsendt på e-post dagen før styremøtet.
Dato for styret møter dei tillitsvalde må justerast.

O-6/18-2 Årshjul

Styret hadde ikkje kommentarar til saka.

O-6/18-3 Etatsstyring - tilbakemeldinger fra KD

Styreleiar innleia og styret diskuterte tilbakemeldingane i KD sitt brev med innspel på årsrapporten. Det er viktig at tilbakemeldingane vert følgt opp i verksemdsstyringa av HVL. Tematikkane i brevet vert relevante å trekkje inn i styrets diskusjon av årsplan 2019 og andre strategiske saker i tida framover, t.d. sak om rekruttering, studieportefølje, meriteringssystem, kompetanseplan, økonomisaker.

I brevet frå KD er det kommentert at ein må redusere avsetningar. Det vart opplyst at sjølv om HVL har betydelege avsetningar så er dei fleste av desse bundne midlar. Ønskeleg å komme i gang med langsiktige budsjett for å tydeleggjere dette.

Det vart kommentert at ein bør sjå på Forskingsrådet si humanioraevaluering i samband med oppfølging av humaniorameldinga, samt at ein i samband med effektivisering og avbyråkratisering må ha i mente at HVL allereie har ein slank administrasjon samanlikna med resten av sektoren.

O-6/18-4 Eigarskap i Khrono

Rektor orienterte om saka. Styret har tidlegare ytra interesse for å vurdere eigarskap i Khrono. Ein prosess som pågår no og styret vil få sak til handsaming dersom resultatet blir at ein vil fremme forslag om å gå inn på eigarsida.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek sakene til orientering.

EVENTUELT

E-6/18-1 Open access – Røvertidsskrift

Styreleiar viste til spørsmål frå styremedlem Gunnar Yttri om korleis HVL grip an problemstillinga med at tvilsame tidsskrift (såkalla «røvertidsskrift») og konferansar kontaktar fagtilsette med formål om å lure dei til å betale for å publisere artiklar. Styret forventar at dette står høgt på HVL sin agenda. Handlar både om HVL sitt rykte som vitskapeleg institusjon, men også ressursbruk.

Meldt av: Gro Anita Fonnes Flaten, prorektor for forskning, orienterte om at det er Gunnar Yttri ein problemstilling ein er merksam på og tek aktive grep for å følgje opp: mellom anna har biblioteket informasjonsside på nett om dette, samt at ein tilbyr rettleiing til forskarane, kortkurs, podcast mm. om temaet for å sikre at dei tilsette har kunnskapane dei treng for å skilje dei gode publiseringsskanalane frå desse røvertidsskrifta. Ein har også merksemd på dette i samband med arbeidet med Open Access.

Styret ønsker å bli orientert om korleis ein følgjer dette opp i organisasjonen i samband med t.d. årsrapport.

E-6/18-2 Underdalrapporten

Meldt av: Saka vart meldt av Gunnar Yttri på e-post i forkant av møtet. Ønsker at Gunnar Yttri styret kan få gi innspel til høyringssvaret som skal sendast frå HVL i samband med forslag frå utval om endring i stillingsstrukturen («Underdalutvalet»). Det strategisk viktige innhaldet i rapporten gjer det føremålstenleg at også styret kan gi innspel og vere kopla på prosessen.

Rektor orienterte om at ein er i gang med ein høyringsprosess og at styret vil få saka til handsaming i styremøtet i september slik at innspel kan takast med i det endelege høyringssvaret frå HVL.

E-6/18-3 Organ på fakultetsnivå

Saka vart meldt av Gunnar Yttri på e-post i forkant av møtet. Etterspurt status på arbeidet med råd/utval og val mellom styre og råd på fakultetsnivå.

Meldt av: Det kom innspel frå styret om at ein må vere varsame med å etablere Gunnar Yttri for mange råd og utval. Viktig å gjere gode avgrensingar mot andre funksjonar (faglege råd/utval, tillitsvaldapparatet, RSA mm.), samt at ein bør spørje organisasjonen om kva råd dei ser at det er behov for. Det vart stilt spørsmål ved om valet mellom råd og styre på fakultetsnivå hadde vore drøfta.

Rektor orienterte om at saka er i prosess. Saka har ikkje vore greidd ut breitt i organisasjonen, men leiargruppa har diskutert saka fleire

gonger. Leiargruppa ønsker eit overordna kollegialt organ på fakultetsnivå som kan hjelpe dekanane med å ha det strategiske og heilskapelege blikket på fakultetet. Dekanane har meldt behov for at slike råd vert etablert så snart som mogleg. I første omgang ser ein for seg å etablere råd, og at ein må sjå i samband med myndigheitsstrukturen elles i organisasjonen om det vert naturleg å endre på det. Men HVL har vald einskapleg leiing og delegert mynde til dekan. Eit eventuelt styre på fakultetsnivå ville måtte fått delegert mynde som i dag ligg til dekan og dermed bryte med leiingsstrukturen elles i organisasjonen.

E-6/18-4 K2 – tilsyn arbeidsmiljøtilsynet

Saka vart meldt av Tom Skauge. Ønska at rapport frå arbeidstilsynets tilsyn ved K2 vart tilgjengeleggjort for styret.

Meldt av:
Tom
Skauge

Rektor orienterte om at HVL ikkje fikk pålegg eller varsel i samband med tilsynet, samt at rapporten vart publisert på Vestibylen før sommarferien. Rapporten vil bli gjort tilgjengeleg for styret i etterkant av møtet.

E-6/18-5 Rammeavtalar

Saka vart meldt av Tom Skauge. Det er inngått ein del nye rammeavtalar ved HVL i det siste og dei medfører endringar som i sum kan opplevast krevjande for dei tilsette.

Rektor orienterte om at som statleg institusjon er vi underlagt innkjøpslova, samt at en del avtalar vert inngått nasjonalt. Dette inneber at HVL i mange slike saker ikkje har valet sjølv om kva spesifikk leverandør eller tenesteytar ein får avtale med.

Meldt av:
Tom
Skauge

Styret diskuterte saka. Forståing for at innføringa av nye system kan vere slitsamt og at nye system ofte ikkje fungerer smertefritt frå dag ein. Men som del av offentleg sektor er vi underlagt politiske føringar som ein ikkje kan velje bort. Det betyr ikkje at ein må underkaste seg desse endringane passivt. Som organisasjon kan ein vurdere kritisk kva ein tek i bruk og syte for å utnytte dei høva som finst til å tilpasse systema ein introduserer på måtar som i størst mogleg grad understøttar vår verksemd. Styreleiar understreka at dette er problemstillingar som må handterast av organisasjonen.



Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 18/04947-4
Saksbehandler Marianne Mathiesen

Arkivkode. 02

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
26.09.2018

70/18

STRATEGI FOR HVL

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner strategi for HVL 2019-2023 med rektors merknader.
2. Styret går gjennom strategien på nytt i 2021 og gjer eventuelle naudsyn-
justeringar

Samandrag

Styret vert i denne saka bedne om å vedta strategi for Høgskulen på Vestlandet.

Vedlegg:

Strategidokument – Strategi HVL 2023
Oversikt over høyringsinnspel

Utrykte vedlegg

Styresak 62/18: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2018/0618/2018-06-innkalling.pdf#page=30>

Styresak 55/18: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2018/0518/2018-05-innkalling.pdf#page=208>

Styresak 43/18: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2018/0418/2018-04-innkalling.pdf#page=55>

Styresak 3/18: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2018/0118/2018-1-innkalling.pdf#page=35>

Styresak 90/17: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2016-2017/2017-11-innkalling-inkl.-ettersendt-sak-og-rettet-tabell-sak-98.pdf#page=23>

Styresak 61/17: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2016-2017/2017-08-innkalling.rettet-29.08.17.pdf#page=33>

Saksframstilling:

Bakgrunn for saken

Utkast til strategi vart sendt på høyring i organisasjonen 20. juni 2018, med høyringsfrist 30. august. Styret har hatt saka til diskusjon i fleire omgangar, og ga sine innspel på utkastet i styremøte 30. august. Desse innspela er prøvd teken med i prosessen med utforminga av det endelege forslaget til strategi som no vert lagt fram.

Føringar som har vore gitt i strategiprosessen er at strategien vår skal være samlande, vere styrande og gi retning for utviklinga av organisasjonen. Målgruppa er først og fremst dei tilsette ved HVL og studentane våre, og strategien skal gi inspirasjon og noko å strekke seg etter. Samtidig skal den vere forståeleg for omverda – den skal vise kven vi er og kva dei kan forvente av oss.

Om det reviderte forslaget til strategi

I høyringsprosessen kom det inn i underkant av førti innspel. Tilbakemeldingane var relativt samstemte i at ein kunne gjere teksten kortare og meir spissa, og dessutan prøve å tydeleggjere HVL sin eigenart meir. Vidare kom det mange innspel på at ein med fordel kunne forenkle og rydde i språkbruken, særleg med omsyn til å unngå gjentakningar og unødig adjektivbruk. Ein fekk tilbakemeldingar på at visjonen var god og at strukturen var logisk og forståeleg, og ein har difor haldt fast ved dette i det endelege forslaget til strategi. Fleire peikte på at internasjonalisering kunne bli meir gjennomgåande vektlagt, samtidig som fleire har ønskt ei endå tydelegare forplikting til regionen vår. I det endelege forslaget har strategigruppa forsøkt å finne ei balanse som tydeleggjer dette, utan at det verkar avgrensande for ambisjonsnivået/oppdraget vårt.

Det vart spelt inn om ein skulle ha målbare mål inn i strategien, men ein har vurdert at dette høyrer heime i operasjonaliseringa av strategien. Det har kome innspel på korleis ein refererer til omverda gjennom omgrep som samfunns-/arbeids-/nærings-/kulturliv og profesjonar. I tråd med å halde språkbruken enkel har strategigruppa prøvd å holde seg til eitt omgrep som ein meiner er dekkande, men samtidig forsøkt å variere bruken av omgrepa. Det har kome inn forslag om å utvide/ta inn ekstra omgrep i nokre av dei felles faglege satsingsområda. Dette har ein valt å unngå, både grunna ønsket om tydeleg språkbruk, og fordi ein ved å utvide dei også risikerer å snevre dei inn. Det har også kome innspel til val av nynorsk skrivemåte. Strategigruppa har diskutert dette og landa på å følge det som per tid er etablert praksis ved HVL i skriftleg kommunikasjon elles.

På bakgrunn av høyringssvara har strategigruppa gjort følgande endringar frå høyringsutkastet:

- Rydda i det språklege og fjerna ein del avsnitt med tilnærma likt meiningsinnhald. I det arbeidet har ein og sett til konkrete endringsforslag som kom inn i høyringa.
- Prøvd å spisse meir og framheve kva som skil oss frå andre UH-institusjonar.
- Vektlagt at det er den profesjons- og arbeidslivsretta profilen, saman med berekraft, samspel og nyskaping som skal kjenneteikne HVL.

- Spissa innleiing mot den overordna ambisjonen vår, utdjupa om profilelementa og fjerna kulepunkta om kva som skal kjenneteikne oss i 2023. Desse blei noko varierende mottatt, både fordi ein opplevde at det var ting som vart gjentatt andre stader, og fordi det kunne sjå ut som om ein meinte at dette ikkje var noko som kjenneteiknar oss i dag.
- Forsøkt å tydeleggjere den profesjons- og arbeidslivsretta profilen er styrande for verksemda vår, og at den er overordna dei felles faglege satsingsområda. Det kom innspel om at dette burde vere eit eige område, men strategigruppa meiner at medan profilen skildrar kven vi er, peiker desse områda på fagområde innan den overordna profilen der vi treng fleirfagleg kunnskap. Profilen er styrande for korleis vi jobbar med all forskning og utdanning, men den er ikkje eit eige fagområde slik strategigruppa har forstått og valt dei ut.
- Verdiane er redusert frå fire til tre, i tråd med tanken om å stramme inn. (*Handlekraft* har blitt innarbeidd i *utfordrande*.)
- Prøvd å tydeleggjere dei tre avsnitta under *vårt bidrag til samfunnet*, og gjere omtalane noko meir ambisiøse.
- I dei felles faglege satsingsområda har ein lagt til *sikkerheit*, av omsyn til at doktorgradsutdanningane våre skal vere i samsvar med den faglege profilen, fellesgraden i nautiske operasjonar vil definerast innanfor dette området.
- Tatt inn ein faktaboks om Vestlandet, meint å tydeleggjere kva vi refererer til med *Vestlandet* og orienteringa mot region.
- Institusjonsbygging er uendra, med unntak av at ein har gjort ei omgruppering av avsnitta. Innhaldet også her forsøkt spissa og forkorta, og i tillegg prøvd å utdjupe om arbeidsmiljø og campusutvikling, i tråd med innspel i høyringa.

Rektor sin vurdering:

Rektor meiner at det endelege strategidokumentet gir eit godt bilde av kven HVL er og kva retning vi ønsker å gå i. Strategigruppa gjer ovanfor greie for sine vurderingar for vedlagte reviderte utkast med utgangspunkt i høyringa og styrets kommentarar.

Rektor synes at strategigruppa gjennomgåande har gjort fornuftige vurderingar og at strategidokumentet nå er tydelegare. Når det gjelder prikkpunkt 5 ovanfor som omhandlar den profesjons- og arbeidslivsretta profilen meiner rektor at sidan den er så viktig for HVL (jf. også styrets innspel) så bør den i enda større grad bli løfta i dokumentet i overordna tekst og/eller at det blir tatt inn som eiga område under felles faglege satsingsområde.

Tidsperspektivet for strategien var i utgangspunktet 2018 – 2023. Sjølv om styret godkjenner planen hausten 2018, er det ønskelig å sette perioden for strategien for perioden 2019 – 2023. Dette vert ikkje sett på som til hinder for at den vil være styrande dokument også ut 2018.

I tillegg meiner rektor at styret bør gjennomgå strategien i 2021 for å sjå om det er nødvendig å foreta enklare justeringar. Dette fordi HVL framleis er i en byggefase og nokre justeringar på fakta og/eller vegval kan være aktuelt å foreta utan at det må innebere ein komplett revisjon av strategiplanen.

Rektor ser fram en endelig ferdigstilling av strategidokumentet som vil danne et godt grunnlag for vidare bygging av HVL.

Strategi HVL 2023

Samspel – berekraft - nyskaping

Nøkkeltal 2018

- › 16 000 studentar
- › 1600 tilsette
- › 42 bachelorprogram
- › 35 masterprogram
- › 3 ph.d.-program (to program til i under evaluering)
- › 1 fagskole for dykkarutdanning
- › Fire fakultet:
 - Lærarutdanning, kultur og idrett
 - Helse- og sosialvitskap
 - Ingeniør- og naturvitskap
 - Økonomi og samfunnsvitskap
- › Fem campusar: Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal og Stord

Vestlandet – regionen vår (faktaboks)

Universitetet som vi saman skal jobbe for å bli, skal vere ein viktig skapande faktor i utforminga av det framtidige Vestlandet. Historisk har Vestlandet vore prega av egalitær samfunnsstruktur med sjølveigande bønder, kystkvinner og lokalt entreprenørskap, sterke motkulturar og folkerørsler – og ikkje minst spreidd busetnad. Byen var Bergen. Sjølv om det har budd folk i Vest-Noreg i meir enn titusen år, kan ein spore tanken om eit «Vestland» først tilbake til midten av 1700-talet.

Nokre av kjenneteikna ved landsdelen vår i dag er:

- Store naturressursar: Fisk, rein energi, olje og gass
- Internasjonalt og industriretta næringsliv med mykje eksport
- Kunnskapsmiljø i verdsklasse
- Havet, sjøen, fjordane, fjella
- Fjordbygder, ferjer og kystbyar
- Veksande byområde og bygdesamfunn under press
- Regiondialektane og nynorsken

Ambisjonar og profil

Høgskulen på Vestlandet skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. I utdanning, forskning og utviklingsarbeid skapar vi ny kunnskap og kompetanse, forankra internasjonalt og omsett til løysingar som verkar lokalt.

I den profesjons- og arbeidslivsretta profilen vår står samspel, berekraft og nyskaping sentralt.

- › *Samspel* handlar om samhandlinga både med omgjevnadane og internt i høgskulen. Det trengst fleirfagleg kompetanse for å finne gode løysingar på utfordringane i samfunnet vårt. Vi vil utvikle ny kunnskap i tett samspel med omverda. Vi har noko å tilføre kvarandre – mellom fagmiljø, mellom campusar og mellom tilsette og studentar.
- › *Berekraft* handlar om vårt felles globale ansvar både for dei som lever i dag og dei som kjem etter oss. Med breidda i faga våre er alle dei 17 berekraftmåla som FN har sett relevante for

oss. HVL skal vere ei drivkraft for berekraftig utvikling.

- › *Nyskaping* handlar om å forbetre produkt og tenester, vidareutvikle profesjonar og teknologi, arbeidsmetodar og undervisningsformer. Vi skal vere innovative og utruste studentane med kompetanse som gjer dei kreative, løysingsorienterte og nyskapande.

Visjon

Kunnskap som bygger menneske og samfunn.

Verdiar

Utfordrande

- › Vi stiller spørsmål ved det etablerte ved å fremje handlekraft, kritisk tenking og evne til refleksjon.

Delande

- › Kunnskap veks når den blir delt. Gjennom dialog med samfunnet og kvarandre bidrar vi til at ny kunnskap veks og får gjennomslagskraft.

Tett på

- › Det er nærleik mellom studentar og tilsette, og mellom høgskulen og arbeidslivet som vi utdannar til – og saman med. Vi arbeider praksisnært og vidareutviklar studia til beste for regionen.

Vårt bidrag til samfunnet

- › Danne og utdanne
- › Forske, utvikle og innovere
- › Formidle og dele

Danne og utdanne høgt kompetente kandidatar til beste for samfunnet

HVL skal danne og utdanne kandidatar med rett kompetanse for det arbeidslivet dei skal delta i. Studentane skal bli rusta for å vere ansvarlege pådrivarar for nyskaping og ta berekraftige val. Utdanningane skal halde høg kvalitet også i internasjonal samanheng, og vere basert på forskings- og erfaringsbasert kunnskap. I studia skal studentane få praktisk erfaring og kontakt med profesjonar og arbeidsliv. Vi skal stimulere studentane til å vere aktive og nysgjerrige, og til å ta ansvar for eiga læring. Gjennom trygge og gode læringsmiljø utdannar vi kompetente studentar som trivst og tør satse.

Undervisning og vurdering skal vere kjenneteikna av gode lærarar som nyttar framtidsretta, forskingsbaserte og varierte arbeidsformer. HVL skal ta ansvar for at profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap kjem fleire til gode gjennom livslang læring. Etter- og vidareutdanningar som arbeidslivet etterspør står sentralt i dette.

Mål på at vi lykkast:

- Studentar som fullfører på normert tid
- God studentrekruttering og godt kvalifiserte søkjarar til alle campus
- Utdanningar som er utvikla og gjennomført i samarbeid med arbeidslivet
- Utdanningar som har ein internasjonal dimensjon
- Eit godt læringsmiljø og eit aktivt studentdemokrati

Drive forskning, utviklingsarbeid og innovasjon av høg internasjonal kvalitet

Vi skal utvikle ny kunnskap som bidrar til å løyse utfordringane i samfunnet i eit berekraftig perspektiv. HVL sin profesjons- og arbeidslivsretta profil skal vere styrande for kva kunnskap og kompetanse vi skal utvikle. Vi skal ta ei leiande rolle på dei felles faglege satsingsområda, og være ein pådrivar for tverrfagleg forskning, samarbeid og innovasjon. For å sikre auka kvalitet og relevans skal forskingsverksemda skje i eit regionalt, nasjonalt og internasjonalt forskarfellesskap. Studentane og samarbeidspartnarane skal involverast i denne verksemda.

HVL skal styrke forskning i nettverk og partnerskap på Vestlandet. Vi skal vidareutvikle kulturen for opne data og open publisering, ta ansvar for god forskningsetikk og legge til rette for kreativitet og entreprenørskap, med inkludering av studentar. Forskingsmiljøa skal vere aktive i å søke om eksterne midlar både nasjonalt og internasjonalt.

Mål på at vi lykkast

- FoU og innovasjon i samspel med samfunnet og med god studentinvolvering
- Profesjons- og arbeidslivsretta forskning på tvers av fagfelt
- Høg grad av ekstern finansiering
- Omfattande vitenskapleg publisering av høg kvalitet
- Tilsette deltar i forskingsnettverk og klyngesamarbeid

Formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse

Den kompetansen vi har og den kunnskapen vi utviklar, skal samfunnet kunne ta i bruk. HVL skal vere ein tydeleg nasjonal og internasjonal formidlar av ny kunnskap innan fagområda våre. Vi involverer relevante brukarar i kunnskapsutvikling. HVL skal vere ein viktig samfunnsaktør som legg premissar for politikkutforming.

Tilsette har eit ansvar for å delta i den offentlege debatten og til aktivt å stille spørsmål som samfunnet treng svar på. HVL skal også vere ein arena for kunnskapsdeling og debatt. HVL har ein tydeleg nynorsk profil, og skal leggje til rette for norsk som eit fullverdig vitenskapelig språk.

Mål på at vi lykkast

- HVL er ein sentral samarbeidspartnar for institusjonar og verksemdar på Vestlandet
- Tilsette er aktive deltakarar i den offentlege debatten og er kjende for høg kompetanse på sine fagområde
- HVL er ein tydeleg formidlar av ny kunnskap
- HVL er ein attraktiv tilretteleggar av kompetanseutvikling
- HVL får gjennomslag i utforming av politikk

Felles faglege satsingsområde

For å utvikle heilskapleg kunnskap innan dei seks satsingsområda våre, treng vi kompetanse på tvers av fagmiljøa. Satsingsområda skal styrke den profesjons- og arbeidslivsretta profilen vår, med samspel, berekraft og nyskaping som berande element.

- › Ansvarleg innovasjon
- › Berekraftig utvikling
- › Danning
- › Folkehelse
- › Sikkerheit

› Teknologi

Ansvarleg innovasjon

Ansvarlig innovasjon dreier seg om innovasjonar som tar høgde for miljømessige, sosiale, etiske og økonomiske aspekt. HVL skal utdanne reflekterte studentar som kan bidra gjennom fornying av varer, tenester og prosessar i arbeids- og næringsliv. Prinsippa for ansvarleg innovasjon skal også være styrande for vår dialog med samfunnslivet og arbeidet med å forbetre eiga verksemd og utdanningane våre.

Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling er eit globalt omgrep som erkjenner at vi berre har ein klode med avgrensa ressursar – og at vi må ta vare på den i fellesskap på eit rettferdig vis. Arbeidet for ei berekraftig utvikling skal reflekterast tydeleg i all verksemd ved HVL – i utdanning, forskning og dagleg drift.

Danning

Danning i forskning og utdanning gir høve til å fremje perspektiv, teoriar og handlingar som gjer at vi kan forstå den verda vi lever i – og samtidig gjere oss i stand til å meistre stadig meir komplekse utfordringar. Danning skal bidra til at vi tar i bruk kunnskap med klokskap. Det inneber òg ansvar for å utdanne studentane til kritisk reflekterte samfunnsborgarar og yrkesutøvarar.

Folkehelse

Å fremje folkehelse handlar om leggje til rette for gode levekår og sunne levevanar, fellesskap og tryggleik, livsmeistring og deltaking. HVL skal vere ein pådrivar og inspirasjonskjelde for å drive folkehelsearbeid på tvers av økonomiske og kulturelle føresetnader.

Sikkerheit

Sikkerheit er viktig for samfunn og individ. HVL vil prioritere kunnskapsutvikling innan liv, helse og miljø. Aktuelle problemstillingar er pasient- og personsikkerheit, data- og informasjonssikkerheit, trygge mellommenneskelege relasjonar, sikkerheit knytt til maritim aktivitet og operasjonar til havs, førebygging og handtering av brann, kunnskap om varsling og sikring av naturfarar som skred og flaum.

Teknologi

Teknologi er ein viktig del av løysinga for fleire av utfordringane i samfunnet. Dette gjer at vi må reflektere og drøfte etiske og sikkerheitsmessige, menneskelege og organisatoriske utfordringar. Ved å kombinere teknologiar med anna fagkunnskap skal vi både bidra til å finne løysingar og til å stille relevante spørsmål. Som arbeidstakarar skal studentane kunne bidra i komplekse endringsprossar der digitale verktøy inngår.

Bygging av institusjonen

For å nå ambisjonane vi har sett oss, vil vi legge ned ein særleg innsats på nokre prioriterte område.

- › Kompetansebygging
- › Organisasjonsutvikling og samhandling
- › Internasjonalisering
- › Digitalisering

Kompetansebygging

Høgskulen skal bygge kompetanse og kapasitet for å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil. Dette skal skje ved strategisk kompetanseutvikling og målretta rekruttering, der vi vidareutviklar allereie sterke fagmiljø innan utdanning, forskning og administrasjon.

Organisasjonsutvikling og samhandling

I strategiperioden skal HVL samkøyre utdanningane, legge til rette for fagfellesskap på tvers av studiestader, og jobbe for ein felles identitet. HVL har fem campus og skal jobbe for å vidareutvikle desse. Dette fordrar mellom anna god studentrekruttering, at fagmiljøa får utvikle seg, og at vi har god dialog med studentsamskipnaden og vertskommunane. HVL skal drivast berekraftig, og studentane skal involverast når vi utviklar tenestene våre.

Høgskulen skal ha eit lærings- og arbeidsmiljø der studentar og medarbeidarar kjenner seg respekterte og likeverdige. Vi skal vere kjenneteikna av ein profesjonell og effektiv organisasjon der fag og administrasjon arbeider godt i lag. Som ein stor institusjon må vi profesjonalisere og systematisere måten vi samhandlar på - både med omverda og med kvarandre. Mangfald og medverknad, likestilling og HMS-arbeid står sentralt i utviklinga av organisasjonen.

Internasjonalisering

HVL skal ta ein internasjonal posisjon, og jobbe målretta for utdanning og FoU-aktivitet av høg internasjonal kvalitet. Gjennom gode ordningar for mobilitet for studentar og tilsette, og internasjonalisering i alle utdanningssyklusar skal vi auke kompetansen i fagmiljøa og utdanne gode kandidatar. Ved å rekruttere tilsette og studentar internasjonalt vil HVL styrke utdanning og forskning og utvikle eit mangfaldig og stimulerande miljø.

Digitalisering

Med fem campusar treng vi digitale løysingar for å sikre effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling. Dei verktøya og arbeidsformene vi tar i bruk skal bidra til auka kvalitet, gode arbeidsprosessar og betre samhandling. Vi skal arbeide målretta for å vidareutvikle den digitale kompetansen hos tilsette og studentar, og ruste studentane med kompetanse og kritisk dømmekraft for eit digitalisert arbeidsliv.

Om strategien

Strategien til HVL bygger på både eksterne føringar og interne grunnlagsdokument. Den skal gi organisasjonen ei tydeleg retning, og med utgangspunkt i strategien skal vi utarbeide planar for å konkretisere korleis vi skal realisere måla. Fakulteta sine strategiar skal bygge opp under den overordna strategien.

Høyring av forslag til strategi HVL 2023

Svar på spørsmål i høringsbrev og generelle innspel.

Dokumentet gir oversikt over generelle innspel og svar på spørsmål i høyringa. Det kom også mange konkrete innspel til justeringar i teksten, og desse vart samla i eit eige dokument.

Oversikten viser innspel som kom inn innan høyringsfristen gjekk ut 30.8.18. Innspel som kom inn etter frist, blei ettersendt til strategigruppa. Fullstendig oversikt finst på nettsida:

<https://www.hvl.no/om/strategiprosessen/strategi-pa-hoyring/hoyringsinnspel-til-hvl-strategi/>

Spørsmål i høyringa

1. Strategien skal ikkje vere for lang og detaljert, men likevel evne å vere eit styrande og tydeleg dokument der vi slår fast kor vi vil.

- A. Er det element som manglar, eller eventuelt element som er overflødige å ha med?

Biblioteket

- Biblioteket saknar fokus på Open forskning/Open Science i strategien. Fleire andre universitet/høgskuler har dette med i sine strategiar og det bør også vere ein del av vår profil. Nokre eksempel:
 - o «UiT skal være nasjonalt ledende på Open Science og våre forskningsdata og publikasjoner skal være åpent tilgjengelig der dette er mulig»
 - o UiB: «Ved å delta aktivt i nasjonalt, nordisk, europeisk og internasjonalt samarbeid om større forskningsinfrastruktur og forskningssentra, og ved å vektlegge åpen tilgang til forskningsresultater og forskningsdata»
 - o UiO: «Universitetet skal ta et mer samlet grep om forskningsformidling. Prioritet skal gis til arbeidet med bevaring og synliggjøring av vitenskapelige publiseringer i åpne, institusjonelle arkiver og til Open Access-publisering.»
- I vår strategi kan det f.eks. være eit punkt under verdien «delande» og formulerast som: «Vi støttar open forskning og deler våre forskningsdata og publikasjonar når dette er mogleg.»

FHS – Institutt for helse- og funksjon (IHF)

- IHF skulle gjerne sett ein tydelegare framheving av internasjonalisering. Det er ønskeleg med eit tydelegare mål å strekke seg etter når det gjeld inn- og utveksling av studentar og framheving av lærarutveksling / studieopphald i utlandet og internasjonalt forskarsamarbeid.
- Under overskrifta «Utdanne høgt kompetente kandidatar til nytte for omverda» (side 2) saknar vi ei tydeleggjering av at vi skal tilby forskningsbasert undervisning til studentane våre.

FHS – Administrasjonen, Campus Bergen

Element som vi mener mangler:

- Mer konkret hva som kjennetegner HVL? Hva er vi god på? Her kan vi f.eks. skrive mer om profesjonsstudiene vi har fra bachelor til PhD og muligheter studentene har for ferdighetstrening og simuleringstrening før praksisstudier. Her kan vi trekke frem feltet som omsorgsteknologi og som er utviklet etter tverrprofesjonelt samarbeid mellom helsefag og ingeniørfag.
- Bør få med det tverrprofesjonelle samarbeidet (fra ny forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanninger). Enda mer aktuelt etter omorganisering av helsetjenesten

- Må ha med profesjonsutvikling og forskning -utvikling på egen profesjon. Dette er sentralt for at HVL kan tilby utdanning med høy kvalitet.
- Mangler et større fokus på kompetanseutvikling og utdanningsledelse som er nødvendig for utdanningskvaliteten og den faglige utviklingen i utdanningen (krav i studietilsyns forskriften §2-3 (2) og (3))
- Bilder bør bli mer direkte koblet til teksten. F eks. s 6. under vårt bidrag til samfunnet er det to studenter som drikker kaffe. Er det dette noe vi vil formidle i strategien? Se og s. 12 der det er mange kvinner og kun en mann på bildet. I tillegg har studentene håret løst, noe som ikke er reglementert.

FIN – Administrasjonen ved gamle AIØ, campus Bergen

- Generelt er inntrykket at vi savner mer en konkret strategiplan med flere målbare parametere, som er mer tilpasset vår realitet. Det ville gitt et mer styrende dokument for fakultetene. De felles faglige satsningsområder har i tillegg lite relevans til ingeniørfagene.
- Utdanning er en av våre primæroppgaver, og det er et økt fokus på studiekvalitet og utdanningsledelse. Dette er noe bl.a. NOKUT sier at skal være forankret hos institusjonens ledelse. Vi savner derfor at dette ikke er konkret omtalt i HVL's strategiplan. Et forslag er å endre «Mål på om vi lykkast» under «Utdanne høgt kompetente kandidatar til nytte for omverda» til dette:
- Mål på om vi lykkast:
 - o Er kjende for eit godt læringsmiljø
 - o Høg produksjon av studiepoeng og kandidatar
 - o God rekruttering og godt kvalifiserte søkjarar
 - o Kandidatar i relevant arbeid
 - o Utdanningar som nyttar nyskapande og varierte læringsformer
 - o Utdanningar som er utvikla i tråd med kunnskap frå kvalitetsarbeidet
 - o Utdanningar som er utvikla i samarbeid med arbeidslivet
- Andre ting som savnes er omtalt i strategiplanen er hva man mener desentralisert utdanning på campusene innebærer av tilrettelegginger og investeringer.

FIN – Institutt for maritime studium (IMS)

- Først ein overordna observasjon knytt til strategien; Strategien speglar dårleg HVL si kjerneverksemd. Det er viktig å ha klart for oss at HVL primært er ein utdanningsinstitusjon, uavhengig av ambisjonen om å verta universitet. Det vil i praksis sei at HVL si primære oppgåve er å ta vare på, vidareformidle og utvikle god kunnskap innan dei ulike fagområda, slik at kandidatane får eit fundament som gjer dei til gode fagfolk. Dette er også sentralt i universitetsambisjonen, i og med at HVL ønskjer å verta eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet. Den sekundære oppgåva for HVL er å forske på spørsmål knytt til HVL si primæroppgåve (nemnt over). Dette medfører at dei viktigaste medlemmane i organisasjonen vår er faglærarane som tek vare på og formidlar vidare den etablerte kunnskapen og ferdigheitene, i tillegg til studentane som skal lære dette. Konkret forslag til tekst er lagt inn i dokumentet *Strategi HVL 2023 – innspel IMS* som ligg ved.
-
- Det er uklart for oss kvifor HVL skal vera ei drivkraft for endring, då dette indikerer at det som eksisterer i dag ikkje er tilstrekkeleg eller godt nok. Og sjølv om samfunnet er i konstant omstilling vil det vera underleg dersom alt som går føre seg på Vestlandet må endrast. Konkret forslag til ny tekst er derfor lagt inn i dokumentet *Strategi HVL 2023 – innspel IMS* vedlagt. (satt inn i eget dokument med endringsforslag, sekr.komm)

FLKI – Institutt for kunstfag

- De tre hovedstrategiene eller 'slagordene' over virker ikke forankret i noe. Samspel, berekraft og nyskaping *i forhold til hva?* Samfunn, kultur, fremtiden, utdanning, eller noe helt annet?
- Strategidokumentet oppleves som for langt. Med enkle grep kan det spisses og konkretiseres. Språket virker til dels oppstykket og vanskelig å lese. Det er alt for mange komma og ledd- og bisetninger. Dokumentet mangler 'to the point'-setninger som innledning og avslutning på hvert avsnitt.

FLKI – Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Utkastet til strategiplan inneholder mye positivt og som er lett å slutte seg til. Planen kan likevel forbedres på flere punkter. Vi ønsker å kommentere følgende:

- Det kan gjøres et tydeligere skille mellom mål og strategi. Det vil gi en tydeligere retning.
- Planen er preget av et tradisjonelt syn på HVL som leverandør av kunnskap. Det bør framgå tydeligere at studentene skal utvikle kunnskap og at kunnskap også utvikles i samarbeid med arbeidsliv og offentlige myndigheter, og at det ikke er HVL som «innoverer» de andre. Se for eksempel under avsnittet «Utfordrande»: Vi gir nye idear til, og hentar aktivt inn, perspektiv frå verda rundt oss.
- Planen har mange unødvendige uttrykk som forvirrer mer enn oppklarer. «Muliggjørende teknologi» kan forenkles til teknologi. «Ansvarlig innovasjon» kan forenkles til innovasjon, osv.
- Planen trenger bilder fra skole og barnehage.
- Planen har et noe for framtreddende nyttepreg. Dette kan balanseres bedre med danning.
- Det er unødvendig å ha en strategi der vi sammenligner oss med andre for å være bedre enn dem, for eksempel «Noregs mest nøgde studentar». Det viktigste er at vi har fornøyde studenter. Vi blir ikke bedre av at andre er dårligere enn oss. Hvis vi skal framheve at vi er best på noe, bør det være profilen profesjons- og arbeidslivsrettet.

FØS – Institutt for samfunnsvitenskap

- Strategien bør strammast opp ved å redusere likearta omtalar og tematikkar. Konkret bør ein vurdere under punktet Kompetansebygging og organisasjonsutvikling å ha med eit punkt om ein auka kvinneandel i toppstillingar, gjerne med eit konkret program som støttar opp under dette. Det bør og vere aktuelt at strategien nemner noko om likestilling/fravær av diskriminering av studentar og tilsette på ulikt grunnlag.

Senter – kunstfag, kultur og kommunikasjon (SEKKK)

- Det er tydeleg at det ligg mykje arbeid, diskusjon og omtanke bak strategidokumentet. Det er likevel vanskeleg å lese nokon klar retning eller profil ut av dokumentet, og vanskeleg å sjå kva som skulle skilje HVL frå andre utdanningsinstitusjonar.
- Sett frå SEKKK er det interessant å konstatere at omgrepa 'kunstfag' og 'kultur' nå er erstatta av 'innovasjon' og 'samfunn'. Frå eit forskingsperspektiv verkar dette med innovasjon, endring og næring å være sentralt. Dette speglar slik sett berre ein del av dei felles

satsingsområda for institusjonen. «Danning» blir til dømes framheva som eit viktig felles fagleg satsingsområde i planen, men dette viser ikkje igjen i forskingsdelen av planen. Det bør inn ei setning som speglar at forskning også skal handle om å forstå, diskutere og løfte fram nye perspektiv på menneskeliv og menneskeleg verksemd, så vel som dei kulturelle og samfunnsmessige føresetnadene og krava som ligg til grunn. Forskingsdelen av strategidokumentet ser altså i stor grad ut til å løfte fram ingeniørfagleg forskning, og forskingsfaglege perspektiv frå helse- og utdanningsfeltet er sakna. Her kan ein hente moment frå «Fagleg plattform, profil og strategi» (styresak 11/17).

<https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2016-2017/2017-02-innkalling.pdf>

Utdanningsforbundet

- Ein bør få fram tilboda om vidareutdanningar og HVL sin sentrale rolle i dette arbeidet under nøkkeltal, til dømes "Meir enn 100 vidareutdanningar/EVO tilbod". Det same gjeld tilboda om årstudium innan ulike fag, som er ein viktig grunnsteinen for mange fagmiljø og for mange studentar det første steget inn i høgare utdanning.

B. Får strategien godt nok fram profilen og eigenarten vår? Kva er det eventuelt som må spissast?

FHS – Institutt for helse- og funksjon (IHF)

- Det er frå IHF si side eit ønske om ein tydelegare profil i strategi. Særeigenheita vår kan vere vanskeleg å konkretisere ut frå dokumentet. Kva er vi som evt andre i UH-sektoren ikkje er?

FHS – Administrasjonen, Campus Bergen

- Vi opplever strategien som unødvendig lang og kunne med fordel vært mer spisset. Av strategier til institusjoner vi kan sammenligne oss med er strukturen til HiOA nå OsloMet enkel og presis i sin tilnærming av hva som skal gjøres for å nå målene. Gjenkjennelse og eierskap til alle medarbeidere er stikkordet her.
- Strategien er vag på noen områder (definering av måloppnåelse) som f.eks. s. 8: Grad av ekstern finansiering. Hva betyr dette? En økning? Dobbling? Fokus er mye på arbeidsliv og samfunn (begrepene er brukt 30 ganger i dokumentet - Undervisning, læring og pedagogisk kompetanse/kvalitet er lite nevnt til sammenligning)

FIN – Institutt for maritime studium (IMS)

- Historie, tradisjonar, samfunn, næringsliv og fritidsaktiviteter, til og med bildebruken i HVL-strategien stadfestar at havet har stått – og står – sentralt i den såkalla Vestlandsidentiteten, ein identitet som vert definert som ein viktig del av plattformen til HVL. Det gjer òg framhevinga av HVL som ein del av «den viktigaste eksportregionen i Noreg» i strategien si innleiing. Havet og det maritime bør derfor ikkje forsvinne når satsingsområda vert definert, slik det diverre har gjort i utkastet.
- Vestlendingen er rotfesta i havet gjennom historie, tradisjon og kultur, og i notid gjennom næring og industri med spesialkompetanse ein ikkje finn andre stader internasjonalt. Havet gir oss på Vestlandet enorme moglegheiter og rom for satsing, samstundes som dette er rotfest djupt i sjela til vestlendingen. Med den førre regjeringa si satsing på *Stø Kurs*, denne regjeringa sin maritime strategi *Maritime muligheter – blå vekst for grønn framtid*, Maritim 21-strategien, EU sitt Horizon2020-program, m.fl., er dette tydelege signal om at det maritime og er ei heilt sentral nasjonal satsing, på ein internasjonal arena. Det ligg dermed til

rette for at pengestraumen skal fortsette å renne i retning av det maritime til lenge etter at denne strategiperioden er omme. Det bør HVL dra nytte av!

- Institutt for maritime studium finn det derfor både skuffande og kritikkverdig at dei felles faglege satsingsområda har fjerna seg frå dei områda som vart trekt fram i rapporten «Fagleg plattform, profil og strategi – Drivkraft i Vest», og som instituttet, PhD-programmet i nautiske operasjonar og FØS sitt maritime kompetansesenter kunne kjenne seg att i. I utkastet til strategi er mellom anna eitt av HVL sine per i dag tre godkjende PhD-program ikkje på noko vis synleg. I ein strategi som legg universitetsambisjonen til grunn er dette verken heldig eller strategisk lurt.
- Kjernen i IMS si verksemd både i utdanning og i forskingsprogrammet vårt er sikkerheit. Dette har òg gjennomgripande resonans i heile HVL, anten det handlar om maritim sikkerheit, brannsikkerheit, økonomisk sikkerheit, sikre byggkonstruksjonar, pasientsikkerheit, informasjonssikkerheit, trygge og sikre barn i skule og barnehage. IMS foreslår derfor å inkludere **sikkerheit** i dei felles satsingsområda i HVL-strategien. Sikkerheit som satsingsområde kan inkludere havrelaterte tema innan både skipsfart, marin konstruksjon, sjømatikkerheit, m.v., og ein kan dra nytte av den nasjonale satsinga på det maritime som utviklings- og forskingsfelt. Sikkerheit er heller ikkje eit nytt omgrep som vert introdusert. Det har i ulike periodar av strategiarbeidet fleire gonger vore inkludert i tidlegare utkast. Det ser diverre ut til at dette svært sentrale omgrepet har forsvunne i det endelige utkastet som nå ligg føre.
- Eit felles fagleg satsingsområde for sikkerheit vil, i tillegg til å synleggjere og femne om PhD-programmet i nautiske operasjonar, omfatte svært mange andre utdanningsprogram på bachelor- og masternivå, innan t.d. nautikk, maritime operasjonar, brannsikkerheit, HMS, økonomi, maskin/marin, bygg, elektro, kjemi, helsefag, lærar- og barnehagelæruddanning, m.fl. I tillegg er det relevant for både eksisterande og planlagde PhD-program. Det felles faglege satsingsområdet sikkerheit vil både reflektera nasjonale satsingsområde og samstundes vise HVL sine fortrinn gjennom institusjonen sine utdannings- og forskingsprogram og andre aktivitetar innan området. Konkrete eksempel på HVL sine fortrinn er maritim utdanning som er forankra gjennom Regjeringa sin maritime strategi, ulike lokale klyngesamarbeid med stor suksessrate t.d. NCE Maritime Clean Tech, nasjonale samarbeid knytt til infrastruktur, HVL sin unike posisjon som tilbydar av høgare utdanning innan nasjonale satsingsområde i til dømes brannsikkerheit, nautikk, maritime operasjonar, HMS, m.v. Følgande tekst vert derfor foreslått inkludert i strategien: *(satt inn i eget dokument for dette, sekr.komm)*
- Ved å ta inn sikkerheit som eit sjette felles fagleg satsingsområde vil ein på lik linje med dei to andre godkjende PhD-programma satse på vidare utvikling av PhD-programmet i nautiske operasjonar og oppbygginga av eit breitt tverrfagleg miljø knytt til dette programmet. Fagmiljøet i HVL som er knytt til PhD-programmet i nautiske operasjonar har vekt internasjonal åtgaum, og er rekna for å vera det sterkaste maritime forskingsmiljøet i Noreg. I tillegg vil satsingane på det maritime kompetansesenteret og det planlagde brannsentret kunna forankrast tydelegare på tvers av campus, institutt og fakultet, slik at desse i større grad vert flaggskip for eit samla HVL.

FLKI – Institutt for kunstfag

- The strategy could be improved by adding 2-3 words about how HVL plans to
og about this...what's special about OUR way to do all of this?
- Hvis de tre 'slagordene' samspel – berekraft – nyskaping skal være navet i den nye strategien,
må hele dokumentet knyttes opp mot disse tre. Det er ikkje gjort nå.

FLKI – Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

- Planen er ganske lik andre UH-institusjoners strategidokumenter. De fleste i UH-sektoren vil
kjenne seg godt igjen i formuleringene. Det er lite som er spesielt for HVL.
Det er viktig at vi formidler forskning også på norsk for å oppfylle våre ambisjoner om et tett
samarbeid med omverden, regionalt og lokalt.

FØS - Institutt for samfunnsvitenskap (ISV)

- Vi bør etter ISV si meining synleggjere både studentane og dei tilsette sin **fagkunnskap og
faglege kompetanse**. Begge grupper skal gjennom sin faglegheit vere ein ressurs for eigen
organisasjon, samfunnet og regionen. Vi leverer ikkje berre etterspurde kandidatar som kan
vere endringsagantar, men sjølvstendige, kompetente kandidatar og arbeidstakarar som
også kan utfordre verksemdene dei kjem ut i, som kan reflektere, vere kritiske, kjeldekritiske
og sjølvkritiske. Heller ikkje skal vi som fagfolk berre lytte til behova i samfunnet rundt oss. Vi
bør som universitet også stille spørsmål ved det som skjer rundt oss, ta på oss ein «vegvisar-
rolle» utifrå kunnskapen som vi sit på, utfordre omgjevnaden, invitere til samarbeid og bidra
aktivt. Vi meiner at HVL si rolle som formidlar og dialogpartner med samfunnet rundt, også
bør kome tydelegare fram. Eit godt døme på dette er formuleringa under punktet
«Utfordrande».

Utdanningsforbundet

- Strategien viser ei generell retning og kunne vore skrive for mange UH-institusjonar. Det er
difor vanskeleg å få inntrykk av HVL sin profil og eigenart. Når ein les dokumentet er det
vanskeleg å sjå igjen HVL sine utdanningar. Det er innovasjon, teknologi, forskning og
internasjonalisering som er i fokus og ikkje kjerneverksemda vår undervising og utdanning.
HVL er den institusjonen i landet med flest lærarstudentar og dokumentet gjenspeglar ikkje
dette.

2. Ei sentral føring er universitetsambisjonen og den profesjons- og arbeidslivsretta profilen.

- A. Gir strategien djupne til forståinga av det profesjons- og arbeidslivsretta
universitetet?

FHS – Administrasjonen, Campus Bergen

- Strategien gir forståelsen av hva som må til for å oppnå universitetsambisjonen men at
institusjonen styrer tydelig mot målet er enda utydelig. Utviklingen som må til og retningen
må tydeliggjøres enda mer. Det å være helt tydelig på hva som skal til for å nå
universitetsambisjonen gjør det lettere å måle underveis, rapportere til institusjonen på en
tydelig måte (med gode analyser og trender framover) Noe som gjør at målene kan nås og
eies av hele institusjonen.

FHS – Institutt for helse- og funksjon (IHF)

- Oppgåvene som IHF tenkjer kan ligge til eit profesjons- og arbeidslivsrette universitet kjem
fram i dokumentet, men vi kan ikkje sjå at det er ei tydeleg framheving av

profesjonsutdanning.

- Innan FHS bør ein i den tidsperioden strategien gjeld, vere aktiv både på kompetansebygging til førstekompetanse og å rekruttere lærarar med førstekompetane. Innan nokre fagområde - også i IHF - er dette eit stort arbeid for å nå mål for kompetanse. Dette er (venteleg?) ikkje problematisert i strategi, men det er ein reell situasjon som kan redusere aktivitet innan andre mål som ligg til universitetsambisjonen.

FIN – administrasjonen ved gamle AIØ, campus Bergen

- Strategiplanen omtaler godt hva et profesjons- og arbeidslivsrettet universitet vil være, men vi savner konkrete og reelle måltall for utviklingen mot universitetsambisjonen. Bare på den måten kan strategiplanen bli et reelt styringsdokument på veien til universitetsstatusen. Hva skal det satses på, hva skal man ikke satse på og vil det stilles tilstrekkelige ressurser til rådighet for å nå dette målet? Dette er spørsmål man burde prøve å gi svar på i strategiplanen.

FLKI – Institutt for kunstfag

- Not specifically enough....what does this actually mean in the strategy? If this is a central aspect, then why is this not mentioned more clearly in the felles satsingsområder (I think this used to be one of the områder but it has perhaps been taken out now?)

FLKI – Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

- Nei, men det trenger den strengt tatt ikke heller. «Dybde til forståelse av ...» vil kreve mer tekst og konkretiseringer, men det bør følges opp i dokumenter og arbeid som skal ta dette videre.

FØS – Institutt for samfunnsvitenskap

- Forslaget til strategi peikar på at vi arbeider praksisnært. Dette omgrepet er i stor grad knytt til profesjonsutdanningane. For ISV som er eit disiplinlagleg institutt, men med obligatorisk praksis i dei to bachelorutdanningane og ei masterutdanning der studentar jobbar parallelt med at dei tar ei leiarutdanning innanfor samfunnssektorar som helse, velferd, skule og barnehage, er det vanskeleg å kjenne seg att i praksisomgrepet slik det kjem fram i forslaget. Kanskje kunne ein i strategien nytta omgrepet arbeidslivsretta, utan at ein knytter det til ein profesjon.
- Samstundes meiner vi at strategien bør trekke fram nokon gode døme på arbeidslivsretting. Konkret meiner ISV at arbeidslivsrettinga av t.d. bachelorutdanningane i historie og sosiologi kan eigne seg som gode døme på det nye «profesjons- og arbeidslivsretta» universitetet vi har oppretta i 2023. Dette vil vise at vi har ein annan profil enn UiB og dei andre «gamle» universiteta i Noreg. Mange av dei nystifta universiteta i Noreg ser nemleg ut til å gå i retning av såkalla «akademisk drift», dvs. at ein set i verk institusjonalisering på typisk vitenskaplege premiss, ikkje profesjons- eller praksisbaserte. I ein slik strategi kjem anvendt kunnskap, bruksverdien av fagdisiplinar, brukarinteresser og regionale omsyn gjerne i skuggen av vitenskapleg publisering, kvalifisering til førstestillingskompetanse, internasjonale forskarnettverk, osb. Med ein allereie høg forskingsaktivitet og formell kompetanse i det faglege kollegiet, kan vi difor prioritere sterkare ein «arbeidslivsretta drift» i form av obligatorisk praksis i bachelorutdanningane. Dersom ein lukkast med omstillinga av desse bachelorutdanningane i sosiologi og historie, kan dei danne eksempel for den særegne, og komparativt fordelaktige innretninga som HVL bør få som framtidig universitet.

Utdanningsforbundet

- Språkdrakta i strategien motverkar ei djup forståing av det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet. Berekraft og innovasjon er breide omgrep og strategidokumentet medverkar ikkje til å gje desse eit tydeleg innhald. Det går lite fram korleis ein skal nytta samarbeid med profesjons- og praksisfeltet for styrkar utdanningene våre.

B. styrer den utviklinga av organisasjonen tilstrekkeleg i ei retning der vi kan nå målet?

FHS – Institutt for helse- og funksjon (IHF)

- Strategi i seg sjølv gir *tilstrekkeleg retning*, men mogelegheit til å nå måla kan vere noko ulikt fordelt innan HVL.
- IHF set pris på studietilbod på engelsk skal vidareutviklast og at det nå skal rekrutterast internasjonalt for å tak i rette fagfolk. Vi set også pris på fokus på læring heile livet, som er i tråd med EVU-arbeidet v/ HVL.

FIN – Institutt for maritime studier (IMS)

- Dersom det felles faglege satsingsområdet som vert foreslått over vert inkludert i strategien, får vi ein strategi dei aller fleste utdannings- og forskingsmiljøa i HVL kan kjenna seg igjen i. Strategien vil då reflektere alle dei tre eksisterande og dei to planlagde PhD-programma som danner ein sentral pilar for HVL sin universitetsambisjon. Dette vil òg vera føremålstenleg då prioriteringar kan gjerast inn mot dei fem PhD-programma (tre som er godkjende per i dag og to det er søkt om) ved HVL, i tråd med den overordna strategien.

FØS – Institutt for samfunnsvitskap (ISV)

- Vi meiner som nemnt ovanfor at strategien i større grad bør trekke fram område som kan profilere HVL på ein ny måte. Vi har fremma eitt forslag, men det kan og vere andre innsatsområde som ein bør løfte fram i ein strategi og som kan skilje oss frå UiB, NHH og andre nye likearta universitetskonstruksjonar som vår.

FLKI – Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

- Planen er mest tydelig på universitetsretningen med fokuset på bl.a. FoU og internasjonalisering. Når det gjelder profesjonsutvikling og utvikling av utdanningene er den langt svakere og gir heller ikke et entydig bilde.

Senter – kunsthøgskolen (SEKKK)

- Universitetsambisjonen (fram mot 2023) som grunnlag for det profesjons- og arbeidslivsretta universitetet er det vi alle må styre mot framover og som i stor grad definerer andre mål, men dette er ikkje tydeleg i dokumentet. Den første setninga i visjonen for HVL i 2023 handlar i staden om endring og eksport. Universitetsambisjonen må komme først og gå tydeleg fram av dokumentet.

Utdanningsforbundet

- Hovudinntrykket av strategiplanen er at HVL skal bli universitet, og at dei andre måla er til for å bygge opp rundt dette.

3. Strategien skal skape ei felles forståing for kven vi er og kva som skal prege oss i måten vi møter kvarandre og omverda på.

Er biletet som blir teikna av kven vi/HVL er noko studentar og tilsette kan kjenne seg igjen i, og noko det opplevast meningsfullt å strekke seg etter?

Biblioteket

- Ja vi trur ein kan kjenne seg att i dette og også ha noe å strekke seg etter. Strategien egner seg godt som grunnlag for å prioritere og lage strategi- og måldokument i avdelingane.
- Språkbruken i strategien er tydeleg og lett å forstå.

FHS – Administrasjonen, Campus Bergen

- Savner begrepet respekt for hverandre (i verdiene) og et tydeligere fokus på at for å lykkes med å skape en felles kultur betyr det at alle må bidra og at alle må bli inkludert i arbeidet med byggingen av denne felles kulturen i HVL. Kanskje selvsagt men kan ikke presiseres nok. Samkjøring av utdanningene ja men også samkjøring av de ansatte☺
- Sånn generelt har vi spørsmål til formuleringer og ordvalg, det er mye bruk av adjektiver uten at innholdet blir mer presist og konkret av den grunn. Vedlagt følger også en PDF fil med kommentarer som er lagt inn i selve Strategidokumentet. *(ettersom dette er en PDF-fil, er den ikke lagt inn i fellesdokumentet, [men filen er tilgjengelig her](#))*

FHS – Institutt for helse- og funksjon (IHF)

- Strategi teiknar etter vår meining eit tydeleg bilete av kven vi er. Vi støttar framstillinga. Sjå elles kommentar til pkt 2 a).
- Utfordringane nedteikna i dokumentet er også noko vi ønskjer å vere ein del av.
- Når det er sagt skulle vi ha ønska ein noko meir konkret strategi med tydelegare mål - gitt at dokumentet er meint som primært eit dokument for /til tilsette og studentar.

FIN – Administrasjonen ved gamle AIØ, campus Bergen

- Denne strategiplanen kunne i stor grad vært strategiplanen til alle institusjonene i UH-sektoren. Vi savner mer tydelige kjennetegn på at vi en høgskule som er til stede langs hele Vestlandet. Hva vil det si for våre forskningsområder? Hva vil det si for våre satsninger? Hvem skal vi jobbe sammen med for å utvikle Vestlandet til fremtidens vekstregion? Vi mener at strategiplanen må gjøre grep for å markere at HVL har spesiell kompetanse som skiller seg fra de andre institusjonene i sektoren vår.

FIN – Institutt for maritime studier (IMS)

- Ein institusjonsstrategi som skal femne så mange ulike fagområde over eit relativt stort geografisk område, og kor 16 000 studentar og 1 800 tilsette skal kjenne seg att, vil alltid vere eit kompromiss. Det har me sjølv sagt forståing for. Men då er det endå viktigare at strategien er retta inn slik at det vert satsa i dei retningane institusjonen har størst føresetnadar for å lukkast og der utviklinga allereie er godt i gang, til dømes knytt til dei områda der ein har etablert PhD-program og dermed komplette utdanningsløp og solide fagmiljø. Dersom innspelet over med felles fagleg satsingsområde innanfor sikkerheit vert teke inn i strategien, bør ein majoritet av studentane og dei tilsette i HVL lett kunne kjenne seg att i dei seks faglege områda me arbeider med på tvers av fakulteta, og det vil vera satsingsområde som er relevante for alle HVL sine utdanningsprogram. Då vil det òg vere meningsfylt å strekke seg mot måla i strategien.

FLKI – Institutt for kunstfag

- Ja og nei. The language itself (composition of sentences) could be a (little) bit more exciting/poetic. Se også kommentar i teksten angående adjektivbruken (for eksempel på side 3).

FLKI – Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

- Se over. Planen er meningsfull, men den er såpass generell at den neppe oppleves som unik for HVL.
- Instituttet har også levert konkrete endringsforslag, via spor endringer. [Dette forslaget er tilgjengelig her.](#)

FØS – Institutt for samfunnsvitenskap (ISV)

- Vi har ovanfor sagt noko om dette. Identiteten er framleis i stor grad knytt til Campus; det gjeld både studentar og fagtilsette. Ein HVL-strategi bør ta dette på alvor og i større grad seie noko om korleis ein vil sikre deira vidare eksistens. Ved at strategien **understreker ei satsing på sterke Campus**, vil det regionale aspektet kome tydelegare fram og i større grad innby til samarbeid og kontakt med regionen vi er ein del av.

Senter – kunstfag, kultur og kommunikasjon (SEKKK)

- Dokumentet ser ut til å vere retta mot eigne tilsette, og ser nærmast ut til å ville ha ein motivasjonsfunksjon internt. Om det språkleg fungerer slik, kan diskutertast, sjølv om motivasjonsfunksjonen er viktig no i fusjonsprosessen, der vi saman må jobbe for å utvikle nye og felles haldningar og kultur. Likevel skal dokumentet ligge på nettsidene våre, og det er også viktig at dokumentet kommuniserer utover eigne rekke. Dei vi rettar våre handlingar imot må også kunne lese seg fram til kva vi legg vekt på og kva dei kan forvente seg av oss. Det gjer det i liten grad slik det no er utforma.
- Dokumentet ser ut til i stor grad legge vekt på endring, innovasjon og regional utvikling. De verdiane, tradisjonane og kompetansene som allereie er innbakt i organisasjonen og som dei tre tidligare høgskulane har tatt med seg inn i samarbeidet bør også framhevast. Her også kan det hentast moment frå “Fagleg plattform, profil og strategi” (styresak 11/17).
- Dokumentet er prega av eit framandgjerande marknadsspråk som bør tonast ned. I tillegg er dokumentet gjennomgåande utydeleg språkleg. Det blir dermed vanskeleg å sjå korleis innhaldet skal kunne danne grunnlag for vidare konkretisering og prioritering.

Utdanningsforbundet

- Strategien fokuserer på at studentar skal trivast og utvikla seg på HVL, noko me tykkjer er svært viktig. Samstundes saknar me at det også vert fokusert på dei tilsette sin trivsel og at HVL skal vera kjent for å ha eit godt arbeidsmiljø. Me stiller spørsmål ved om dei fem felles faglege satsingsområda er noko alle kan kjenna seg igjen i og om alle desse fem faktisk er fagelege felt. Det kan verka som om ein her femner for vidt og difor framstår det som uklart kva ein ynskjer å satsa på. Språkdrakta er uklar i kraft av at det vert nytta mange honnrord som tildekkjer innhald og opnar for tolking.

Generelle innspill

Akademikerne

- Akademikerne har representert tjenestemannsorganisasjonene i strategigruppen som har utarbeidet strategiforslaget som nå er til høring. Dette har gitt oss god anledning til å påvirke strategiforslaget allerede før høringen, og vi gir derfor i stor grad vår tilslutning til forslaget

som foreligger. Akademikerne ved HVL ser at det er lagt ned et godt arbeid i utarbeidelsen av dette viktige styringsdokumentet for HVL.

- Vi legger merke til at tre begreper er trukket frem på forsiden: samspill, bærekraft og nyskaping. Disse begrepene sammenfaller imidlertid ikke med verdiene, satsingsområdene eller prioriteringene som er omtalt i strategidokumentet. Hvor kommer disse ordene fra?
- I høringsfasen har medlemmene våre kommet med noen innspill, som vi her vil videreformidle. Ett av innspillene vi har fått, er så omfattende at vi velger å gjengi det i sin helhet helt til slutt i vårt høringssvar. Dette innspillet kommer fra to medlemmer og representerer ikke Akademikernes syn. *(Dette innspillet er det samme som kommer fra FoU-seksjon, nærregion Sogn og Fjordane, sekr.komm.)*

Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt

Avdelingen har levert ett oppsummert innspill, og en samling av alle leverte innspill. Under følger oppsummeringen, mens [alle leverte innspill er tilgjengelig her](#).

- Det er positivt med et felles og samlende strategidokument for HVL.
- Det er fint at strategien løfter fram noen satsingsområder: både felles faglige satsingsområder og institusjonsbyggende områder. Her kunne vi prioritert hardere.
- Det bør være mulig å stramme inn strategien tekstmessig.
- Vi kunne vært enda tydeligere på å vise igjen hvordan de tre gjennomgående stolpene: samspel, bærekraft og nyskaping, legger rammene for mål og ambisjoner.
- Det er satt mange mål for utviklingen av HVL mot 2023, dette kan gi sprikende handlingsplaner i neste fase. Burde prioritert dette bedre, og hatt færre mål.
- Strategiutkastet har en interessant innebygd spenning med ambisjonen om å bli et universitet, og på den andre siden målet om å fortsatt være en sentral og relevant aktør for arbeidsliv og samfunnsutvikling på Vestlandet og i regionene. Denne spenningen bør utdypes, for å vise hvordan den kan gi kraft og energi – og virke samlende.
- Den internasjonale profilen burde vært løftet mer i strategien.
- Nøkkeltallene bør tegne et mer konkret bilde hva HVL står for og hvor vi vil. Vi bør få fram vårt samfunnsbidrag pt: Hvor mange studenter og kandidater forsyner vi regionene/Vestlandet/landet med? Hvor mange ansatte har vi som professorer, i doktorgradsløp osv. (kompetansenivå)? Hvor mange internasjonale studenter? Hvor er vår tyngde i FoU? Hvor mange partnerskap vi har/hvilke klynger vi deltar i? Hvor står vi når det gjelder NFR/EU osv. Hvilke ambisjoner og mål har vi her inn mot 2023? Langs hvilke spor skal vi utvikle oss?
- Vi bør sette nøkkeltallene i sammenheng; eks. HVL utdanner ... lærere og har den største lærerutdanningen i Norge osv. Vi kan slik tydeliggjøre vår egenart og vår profesjons- og arbeidslivretta profil både innen utdanning, forskning og samhandling. Det kan lette arbeidet med å feste og tydeliggjøre strategien (og vår identitet) innad, og i måten den brukes

eksternt - og rundt de historiene vi ønsker å ta ut.

- Området Samhandling må også defineres som et eksternt rettet område og løftes fram på linje med områdene utdanning, forskning og formidling. Ved å plassere området under hvordan vi skal bygge institusjonen begrenser vi samhandling til kun å handle om hvordan vi internt skal premiere tilsatte for å jobbe eksternt. HVL fortrinn går på å **formidle** kunnskap og **utvikle** kompetanse i **samarbeid** med samfunnet rundt oss – slik er vi «tett på».
- Kan vi gå så langt som å adressere strategien til studentene med å si: «Som student på HVL får du reelle arbeidsoppgaver fra arbeidslivet, du har mulighet for å være i praksis hos våre samarbeidspartnere og du vil møte forelesere som til daglig arbeider innen den profesjonen du utdanner deg til».
- Etter- og videreutdanning og utdanning i et livslangt læringsperspektiv mangler i dokumentet, både i tallfesting, område og måloppnåelse. Området er løftet fram i de fakultetsvise strategiene og er et sentralt virkemiddel i [nasjonal kompetansepolitisk strategi](#). Vi utdanner for arbeidslivet og vi kan vise dette for samfunnet rundt oss ved å bruke «arbeidstakere» i stedet for «kandidater»
- Vi må tydeliggjøre hvor vi har våre fem campus med å navnesette studiebyen.

FHS – Institutt for helse- og omsorgsvitenskap (IHO)

- Det er eit hovudinntrykk at strategien har ei logisk oppbygging og avspeglar både eksterne føringar og interne grunnlagsdokument på ein god måte. Forslaget til strategiplan vert gjerne oppfatta som noko rund men er retningsgjevande. Vi meiner at det kan vera ei høveleg tilnærming då dette er første strategiplanen i HVL si historie. Dette gir fakulteta handlingsrom og kan på denne måten gi større eigarskap til overordna HVL strategi.
- Kven vi er og kva vi ønskjer å vera treng nødvendigvis ikkje vera samsvarande. HVL har hatt kort tid på seg til å definere kven vi er, og kor det først og fremst er fusjonsplattforma som har definert kva vi ønskjer å vera. Vi meiner at forslag til strategi vidarefører fusjonsplattforma på ein god måte og slik sett er gjenkjenneleg. Forslag til strategiplan kan med dette vera identitetsskapande og vere med å utvikle «vi» kjensla. Vi meiner både studentar og tilsette vil kunne finne gjenkjennbare element og sjå kva retning organisasjonen skal bevege seg mot.
- Det er bra at strategiplanen er kort og at det er rikt med bilete som skal understreke budskapet. Språket i strategiplanen må gjerast betre. Vi meiner at det er eit forbettringspotensiale både når det gjeld formuleringar, lengd på setningar og generell språkvask. Døme på setning som kan omformulerast er: *Høgskulen på Vestlandet skal vere ei drivkraft for endring i det som er, og har vore, den viktigaste eksportregionen i Noreg.*
- Når det gjeld bruk av bilete bør dei i større grad relaterast til studentaktivitetar, mangfald og dei yrka vi utdannar til. Det bør heller ikkje vera kjønnsstereotype bilete relatert til dei ulike yrka vi utdannar til. Konkret så meiner vi at bilete som skal understreke visjonen ikkje fungerer i noverande form. Det er ingenting i biletet som minner om høgskuleaktivitet; det er ikkje teikn til korkje industri, offentleg verksemd eller folk.

- Det bør gjerast ein gjennomgang i dokumentet av korleis omgrepa kompetanse og kunnskap er nytta. Dette fordi det kan sjå ut til at ein nyttar ulik nivåforståing av omgrepa. Det må tydeleggjerast om kunnskapsomgrepet syner til forskingsmessig utbytte, eller om kunnskap refererer til nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk sine nivåskildringar - og dermed er relatert til den pedagogiske verksemda vår. Om sistnemnte er tilfelle, bør kunnskap bytast ut med omgrepet kompetanse som er på eit meir overordna nivå. Det verkar lite hensiktsmessig å utforme setningar som inneheld både forskingsmessig og pedagogisk verksemd, då omgrepa kunnskap og kompetanse har ulikt innhald innanfor dei ulike aktivitetane. Her føreslår IHO at budskapet innhaldsmessig vert delt opp. Omgrepet kompetanse vil kunne vere meir dekkande enn omgrepet kunnskap når det gjeld utviklinga av ein profesjons- og arbeidslivsretta profil. Det bør difor vurderast om omgrepet kompetanse skal nyttast istadenfor kunnskap i visjonen.
- Dei fem tverrgåande felles faglege satsingsområda kjem godt fram, men bør arbeidast meir med og tydeleggjerast (t.d. folkehelse). Det står i innleiinga til dette kapitlet at desse områda skal styrke høgskulen sin profil. Meiner ein med dette at dei fem områda skal styrke fag/forskingprofil generelt sett eller at desse områda er svaret på korleis ein skal styrke ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsprofil? Dette bør klargjerast i innleiinga til kapitlet.
- Vidare ser ein og at organisasjonsutvikling er knytt til tilsette si kompetanseutvikling. Samstundes vil ei allmenn oppfatning av omgrepet organisasjonsutvikling også omfatte samhandling, internasjonalisering og digitalisering, og det vert referert til organisasjonen i alle nemnde delar av teksten. Organisasjonsutvikling kan difor vurderast å vere på eit «høgare» nivå samanlikna med dei fire områda som punktvis vert presentert i dokumentet.
- Konkrete tilbakemeldingar til teksten: Det bør gjerast ei gjennomgang på når og korleis ein brukar omgrepa student, kandidat og yrkesutøvar. *(endringsforslag elles er plassert saman med andre endringsforslag, sekr.komm.)*

FIN – Institutt for data- og realfag (IDR)

- Bruk av omgrepet "teknologi"
Frå vårt synspunkt er teknologi eit tema som er underspelt i strategien. Det er berre to stader i dokumentet der teknologi er omtalt sjølvstendig, og blant dei felles faglege satsingsområda er teknologi bakt inn i omgrepet "Mogleggjerande teknologiar".
- Vi meiner at dette avsnittet bør kallast "Teknologi" i staden for "Mogleggjerande teknologiar". Grunnen til dette er at mogleggjerande teknologiar, i den tydinga dette omgrepet vanlegvis blir brukt, berre omfattar eit smalt spekter av teknologiar og innovasjonar som er knytt til radikale samfunnsendingar. Samtidig er dei øvrige satsingsområda, som innovasjon, berekraftig utvikling, danning og folkehelse, breie fagområde og det verkar ubalansert og ubegrunna å operere med fire breie og eit snevert satsingsområde. Ved HVL og FIN spesielt, blir det jobba med mange ulike teknologiar og teknologiutvikling av relevans for regionalt samfunns- og næringsliv, men som ikkje er knytt til omgrepet mogleggjerande teknologi. Å ikkje nemne «Teknologi» generelt i HVL si hovudstrategi verkar uheldig og ekskluderande på mange fagmiljø som jobbar innanfor teknologiforskning og utvikling. Vidare har Vestlandet ein betydeleg teknologi-orientert industri, og for å oppnå målsettinga om å vere «tett på» må teknologi vere eit viktig satsingsområde. Vidare meiner vi at teksten i avsnittet bør endrast til å reflektere det vi

meiner er det sentrale i strategien for HVL sitt arbeid med teknologi: utforsking, syntese og anvendingar. Eit framlegg til ny tekst er: "Teknologi er ein viktig del av løysinga for fleire av utfordringane i samfunnet. Vi har fagmiljø som kan bidra med å stille dei rette spørsmåla for å utvikle ny og anvendt teknologi som kan bidra til innovasjon og verdiskaping. Basert på kunnskap om mogleggjerrande teknologiar som IKT, bio- og nanoteknologi kombinert med kompetanse og teknologi innan miljø, energi og konstruksjon skal vi søke å møte viktige utfordringar i forhold til samfunn og arbeidsliv i eit berekraftig perspektiv. Vi skal utdanne studentar som beherskar teknologi, og i møtet med den raske teknologiske utviklinga kan reflektere og drøfte etiske, sikkerheitsmessige, menneskelege og organisatoriske utfordringar knytt til teknologiskift."

- Bruk av omgrepet "berekraft"

Generelt blir omgrepet "berekraft" brukt mange stader i strategien, utan at det blir definert kva dette vil seie i HVL sin kontekst. Mange av HVL sine fagaktivitetar er per i dag berre indirekte knytt til berekraft. Sett i det lyset verkar bruken av omgrepet overdrive. Å leggje vekt på at all forskning ved HVL skal vere direkte relevant for FN sine berekraftmål legg kraftige føringar på kva forskingsaktivitetar som kan gå føre seg på HVL og reduserer forskingsfridomen. Mykje forskning, inkludert teknologi-orientert forskning kan vere relevant for samfunns- og næringsliv utan direkte å vere kopla til berekraftmål. Dermed legg ein også ein sterk begrensing på forskningssamarbeid t.d. regionalt, noko som strid mot andre mål i strategien.

- Vi meiner at ein må vurdere om ein skal vere mindre eksplisitt om forkinga sin relevans for FN sine berekraftmål i avsnittet om "Berekraftig utvikling". Formuleringa kan t.d. vere "FN sine mål for ei berekraftig utvikling skal vere ei inspirasjonskjelde for forskingsaktivitetar ved HVL."

FIN – Institutt for elektrofag

- Det generelle i strategien er vanskeleg å vere ueinig i. Vi har imidlertid kommentarar og forslag til endringer på enkelte punkt. (*plassert i konkrete endringsforslag, sekr.komm.*)

FIN – Institutt for ingeniør og naturvitskap (IMN)

Generelt

1. Det må arbeidast med å forbetre språket i strategidokumentert samtidig som dokumentet må bli meir konkret og mykje kortare.
2. Det må kome klårare fram kven som er målgruppa for strategidokumentet.

Spesifikt

1. Tilgang på kvalifisert arbeidskraft i «nedslagsfeltet» for HVL er viktig for å sikre busetnad og velferd i alle delar av Vestlandet. Strategidokumentet må vere meir tydeleg på viktigheita av å prioritere og styrke utdanningstilboda ved alle HVL sine nærregionar.
2. Masterprogramma er nøkkelen til å lykkast med universitetsambisjonen. HVL må difor styrka dei noverande masterprogramma og stilla ressursar til råde for å utvikle desse. Arbeidet med å rekruttera nye masterstudentar bør vektleggast. Masterprogramma er limet mellom masseutdanning på bachelornivå og spesialutdanning på PhD-nivå.

3. Viktigheita av internasjonal student- og lærarmobilitet og internasjonalt forskingssamarbeid er lite synleg i forslaget til HVL strategi. Skal HVL bli ein fagleg robust høgskule og nå målet om å bli universitet, må kompetansen i mange av fagmiljøa styrkast og forskingsproduksjonen aukast. Særleg viktig vil det vere å delta på den internasjonale forskingsarenaen, delta i forskingskonsortium og EU prosjekt, og gje faglege bidrag på internasjonale konferansar.
4. Ein profesjonell og effektiv organisering inneberer klåre ansvarsliner og korte beslutningsvegar der innspela frå fagmiljøa vert lytta til og teke omsyn til. Fagmiljøa erfarer allereie no betydelege svakheiter i samspelet mellom administrasjonen og fagmiljøa etter fusjonen. Vi ønskjer at det kjem tydelegare fram i strategidokumentet korleis ein skal få til eit velfungerande samspel mellom fagmiljøa og administrasjonen ved HVL.
5. Styret må utarbeide fleirårige handlingsplanar og tilføre ressursar slik at ein når målsettingane. Måloppnåinga bør evaluerast og leggjast fram for styret.
6. Fornøgde studentar, god rekruttering og god gjennomstrøyming er avgjerande for økonomien ved HVL. Strategidokumentet må få klårare fram samanhengen mellom læringsmiljø, trivsel og gjennomstrøyming med forslag til tiltak for å forbetre dette.

FLKI – Eining for strategiske satsingar

- Generelt sett bør teksten stramast inn. Litt mykje hummer og kanari av gjentakningar, munnlege formuleringar, og planen hoppar enkelte stader over det strategiske og går rett på tiltak. Strategien har for mange mål og for utydelege formuleringar. Det verkar som om målet med dokumentet i større grad er å beskrive dei ulike verdiar, bidrag og felles moglege faglege satsingar, enn å fortelja kor vi vil i forhold til dei.
- Etterlyser tydelegare kva vi forventar av studentane våre. Dei er nemnde mange gonger, men mest i samheng med at vi gir eller legg ut noko overfor dei.
- Forsking og utdanning får god plass. Det same gjer den profesjons- og arbeidslivsretta profilen som vert vist til fleire gonger, men det kjem gjerne i skuggen av forskning og utdanning. Endå sterkare profilering av profesjons- og arbeidslivsrettinga er anbefalt.
- Dei tre berande elementa *samspel*, *berekraft* og *nyskaping* må i større grad vise att i strategien sine overordna mål. Samspel finn vi att i *vårt bidrag til samfunnet*, og i samhandlingsdelen. Berekraft er brukt gjennom heile dokumentet, medan nyskaping ikkje finst andre stader enn i overskrifta. Termene innovasjon og nyskaping er imidlertid hyppig brukt, men sidan termen nyskaping er nytta, bør den også vidareførast. Behov for begrepsavklaring?

FLKI – Fakultetsadministrasjonen

- Generelt. Det er mykje godt arbeid som er lagt ned i utkastet til strategisk plan for HVL i perioden 2018-2023, men vi har nokre merknadar som vi trur vil gjere strategien enklare tilgjengeleg. Vi følgjer overskriftene i utkastet i merknadane våre (*plassert i samedokument, sekr.komm*).
- Det ligg dessverre eit hovudinstrykk i at vi ikkje finn tydeleg igjen kva kjernen, satsingane og profilen er. Det er så mykje som skal inn i teksta og den er ordrik, noko som gjer at det er

vanskeleg å sette fingeren på kva strategien handlar om. Samspel, berekraft og nyskaping er overskrifta på strategien og det må vere tydeleg gjennom heile dokumentet. T.d. kan ein stille spørsmålet om kvar ein finn berekraft og nyskaping i kjenneteikna for HVL i 2023.

FLKI - Forskingsleiinga

- Det er tydelig at det ligger mye arbeid, diskusjon og omtanke bak strategidokumentet. Det er likevel vanskelig å lese noen klar retning eller profil ut av dokumentet, og vanskelig å se hva som skulle skille HVL fra andre utdanningsinstitusjoner. Dokumentet ser ut til å være rettet mot egne ansatte, og ser nærmest ut til å ha en motivasjonsfunksjon internt. Det er en viktig funksjon nå i en fusjonsprosess hvor vi sammen må jobbe for å utvikle nye og felles holdninger og kultur. Likevel skal dokumentet ligge på nettsidene våre, og det er også viktig at dokumentet kommuniserer utover egne rekker. Jeg tenker at de vi retter våre handlinger mot også må kunne lese seg fram til hva vi legger vekt på og hva de kan forvente seg av oss. Det gjør det i liten grad slik det nå er utformet.
- Universitetsambisjonen (fram mot 2023) som grunnlag for det profesjons- og arbeidslivsrettede universitetet er det vi alle må styre mot framover og som i stor grad definerer andre mål, men dette er ikke tydelig i dokumentet. Den første setningen i visjonen for HVL i 2023 handler i stedet om endring og eksport. Universitetsambisjonen må komme først og gå tydelig fram av dokumentet, deretter utdannings- og kunnskapsperspektivet.
- Dokumentet ser ut til i stor grad legge vekt på endring, innovasjon og regional utvikling. De verdier, tradisjoner og kompetansene som allerede er innbakt i organisasjonen og som de tre tidligere høgskolene har tatt med seg inn i samarbeidet, bør også framheves. I denne sammenheng er kultur- og dannelsperspektivet lite fremme.
- Fra et forskningsperspektiv virker igjen dette med innovasjon, endring og næring å være sentralt. Dette speiler slik sett bare en del av de felles satsingsområdene for institusjonen (som nevnes senere i dokumentet). «Danning» framheves for eksempel som et viktig felles faglig satsingsområde i planen, men dette viser ikke igjen i forskningsdelen av planen. Det bør inn en setning som speiler at forskning også skal handle om å forstå, diskutere og løfte fram nye perspektiver på menneskeliv og menneskelig virksomhet, så vel som de kulturelle og samfunnsmessige forutsetningene og betingelsene for ligger til grunn. Forskningsdelen av strategidokumentet ser altså i stor grad ut til å løfte fram ingeniørfaglig forskning, og det savnes forskningsfaglige perspektiver hentet fra lærer- og helseutdanningsfeltet.
- Dokumentet er gjennomgående språklig utydelig. Det blir dermed vanskelig å se hvordan innholdet i dokumentet skal kunne danne grunnlag for videre konkretisering og prioritering. Dette gjelder språklig tunge uttrykk og setninger (som kan forenkles), og uttrykk som at «vi skal bli best på: ha Noregs mest nøgde studentar som trivst og lykkast», «det beste miljøet for læring i landet». Hvordan skal det siste måles og hva er kvalitetskriteriene som ligger bak?
- Lykke til med bearbeidelsen!
- (NB! Senterlederne på FLKI har sendt egne høringssvar og er ikke med i denne uttalelsen.)

FLKI - Institutt for idrett, kosthald og naturfag.

- Vi takker for muligheten til å gi innspill til høring på forslag til strategi i HVL 2023, og under følger innspill fra Institutt for idrett, kosthald og naturfag. Høringsbrevet og strategi HVL 2023 ble sendt ut til alle ansatte i instituttet, hvorpå alle ble invitert til å gi sine innspill per

epost til instituttleder med frist 27. august. Høyringsinnspillet bygger på innspill fra ansatte og fra instituttledelsen.

- Som en generell kommentar synes vi dette er en god overordnet strategi for HVL, og at elementene både er dekkende for hele virksomheten, og vektlegger også viktige verdier og satsingsområder som også Institutt for idrett, kosthald og idrett står inne for og som vi kjenner oss igjen i. Strategien er imidlertid noe lang, og kunne med fordel blitt presentert på en noe mer lettfattelig måte.
- Vi er glade for at folkehelse får en viktig plass som et av de felles faglige satsingsområdene i HVL sin strategi. Dette er et av flere viktige felt som også instituttet vårt er sterke og viktige på både gjennom utdanninger, og i forsknings- og utviklingsarbeid. I vårt institutt er også Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet plassert, og gjennom det nasjonale oppdraget skal vi bidra til å styrke barnehagens og skolens rolle som helsefremmende og inkluderende arena, med fokus på fysisk aktivitet, ernæring, mat og måltider, og redusere sosial ulikhet. Her er også formidling og implementering av tiltak og nasjonale rammeverk som angår praksisfeltet viktig, og HVL har et klart ansvar knyttet til folkehelsearbeid til nytte for samfunnet.
- Vi er derfor opptatt av at beskrivelsen av folkehelse i HVL sin strategi blir god og dekkende både for institusjonens (inkludert instituttets) folkehelsearbeid og ansvar vi har overfor studenter og for samfunnet. Basert på innspill fra ansatte ved instituttet, og vil vi komme med forslag til noen revidering til teksten om folkehelse til HVLs strategi (*plassert i dokument med konkrete endringsforslag, sekr.komm.*)

Forskningsadministrasjonen

Det ble sendt ut en invitasjon til forskningsadministrasjonen i fellesadministrasjonen ved HVL om å komme med innspill til et samlet sendt høyringsinnspill fra forskningsadministrasjonen. De mottatte innspillene presenteres nedenfor.

- Innspill 1:
Strategi HVL 2023 vil være strategidokumentet som ligger til grunn ved en søknad om universitetsstatus i 2023. Påfølgende innspill til strategien er skrevet med henblikk på de kriterier som ligger i reglement for universitetsakkreditering: (innspill inkludert i samledokument, sekr.komm)
- Innspill 2:
Mye er bra, det gir oss alle og allmenheten en skildring på hva vi er, hvor vi er, hva vi vil, og hvor vi vil. Strategien er dog litt svak på målsettingene. Det er et element i strategien som faller noe uheldig ut, og som lett kan gjøres noe med. Det er billedbruken, særlig under FoU/Forskningsavsnittet: Det er to bilder fra simulator bro. Det vil være uheldig om vi signaliserer at forskning og innovasjon skjer «adskilt» fra virkeligheten. Forskning ved HVL skjer ikke «bak» et etablert «skall», men ute i praksis, blant mennesker, på bedrifter, i situasjoner, i tråd med våre verdier. (j.f. avsnitt om verdier). Dog skjer forskning ved HVL også i laboratoriesituasjon, men det er noe annet. Det bør derfor vurderes om det heller bør brukes bilder fra en «virkelighetstro» forskningssituasjon.
- Innspill 3:
- Dette er det samme innspillet til en forkortet versjon som også er formidlet via FOU-seksjon, nærregion Sogn og Fjordane, samt via Akademikerne, sekr.komm.

FOU-seksjon, nærregion Sogn og Fjordane

- *(Dette innspillet er også blitt videreformidlet via Akademikerne, og som innspill 3 fra forskningsadministrasjonen, sekr.komm)*
- Strategidokumentet framstår som eit gjennomarbeida dokument, med mange gode mål og verdiar.
- Vi saknar likevel ein strategi som er konkret nok til å kunne formidle - både internt og eksternt - kva HVL verkeleg ynskjer å vere, kva som skil HVL frå andre - og kva som må til for at HVL skal oppnå Universitetsstatus.
- I tillegg burde dokumentet vore noko omstrukturert. Vår oppfatning er at sentrale og viktige begrep/tema som visjon, verdiar og strategi blir blanda saman i ulike kapittel i staden for å framhevast kvar for seg - samtidig som dei heng saman i innhald. Ein bør også, i større grad, framheve dei felles faglege satsingsområda.
- Vedlagt følgjer forslag til ei tydelegare konkretisering av strategien. Vi har spesielt fokusert på følgjande punkt:
 - Det må vere ei tydeleg og klar inndeling der ein skil mellom Visjon, Verdiar, Strategi og Mål. Slik strategien føreligg er det spesielt vanskeleg å identifisere Verdiane. I overskrifta til strategidokumentet er det brukt «Samspel, Berekraft, Nyskaping», medan det seinare i dokumentet blir brukt «Utfordrande, Delande, Handlekraftig, Tett på». Vi er av den klare oppfatning at «Samspel, Berekraft, Nyskaping» er gode verdiar som er relativt enkle å kommunisere og som også dekkjer dei fire andre som er foreslått. Men HVL må forklare kva ein legg i begrepa «Samspel, Berekraft, Nyskaping».
 - Strategien som føreligg har gode intensjonar, men vi opplever formuleringane som for lite konkrete til å kunne gi eit klart inntrykk av kvar HVL ynskjer å vere. Det er også alt for mange likestilte strategiar, og difor eit behov for å prioritere og framheve nokre av dei. Vi har foreslått å etablere 4 hovudstrategiar.
 - For at ein strategi skal ha ein effekt må ein konkretisere og eksemplifisere korleis strategien skal følgjast opp. Dette vert vanlegvis gjort ved å etablere konkrete mål som er tydelege og målbare. I vårt forslag har vi utarbeida 5-7 konkrete punkt til kvar av dei 4 hovudstrategiane.
 - Vi foreslår på dette grunnlag at vedlagt dokument dannar utgangspunkt for ein «kortversjon» av eit større strategidokument. Det vil vere naturleg å utdjupe verdiane og dei felles faglege satsingsområda noko meir tekstleg, men konkret, i tilknytning til strategien.
 - Det er svært viktig å løfte visjonen og vere tydeleg på verdiane – samt å prioritere og konkretisere strategien.
 - Ein slik kortversjon vil kunne hjelpe å kommunisere denne viktige budskapet på ein god måte. *(Forslaget til kortversjon finnes i dokumentet «konkrete endringsforslag», sekr.komm.)*

Kvalitetsrådgivere – institusjons- og fakultetsnivå

- Studietilsynsforskrifta §4.1 (1) stiller følgjande krav: “Institusjonens kvalitetsarbeid skal være forankret i en strategi og dekke alle vesentlige områder av betydning for kvaliteten på studentenes læringsutbytte”. Vedlagt er utdrag frå tilsynsrapportane i NOKUT sin første runde med tilsyn med institusjonane sitt kvalitetsarbeid. HVL vil få tilsyn våren 2019 og under følgjer høyringssvar frå kvalitetsrådgivarane på institusjons- og fakultetsnivå i lys av dette kravet: *(forslag satt inn i samledokument med endringsforslag, sekr.komm.)*
- Vi vil også peike på at bildebruk bør i større grad vera meir knytt til teksten, samt at det per no er nokre bilete av same motiv. T.d.:

- Side 6. to studentar som drikk kaffi. Er det det vi vil formidle i strategien under “Vårt bidrag til samfunnet”
- Side 12. der det er mange kvinner og berre ein mann på bildet og studentane har håret løst og ikkje i hestehale
- [Se vedlegget «Utdrag frå tilsynsrapportane frå NOKUTs fyrste tilsynsrunde med systematisk kvalitetsarbeid» i høringssvaret her.](#)

FØS – Institutt for samfunnsvitskap (ISV)

- Slik ISV vurderer forslaget til strategi for HVL, er den altfor lang og for lite poengtert. Ei kortarte og meir konsentrert framstilling på maks 3 sider, vil i større grad kunne brukast som eit referansedokument for fakultet og institutt. Same eller likearta formuleringar, adjektiv og omgrep går igjen fleire gongar i dokumentet. Ein betre struktur bør kunne avhjelpe dette. Slik vi ser det, kjem det ikkje godt nok fram i forslaget at HVL er ein utdannings- og forskingsinstitusjon, med *sine* særpreg både med omsyn til hovudoppgåver og organisering internt. Likeeins meiner vi at det er uheldig at forståinga av akademisk fridom og autonomi vert tona ned, mellom anna til fordel for relevans. Vi etterlyser også ei meir konkret organisering av tverrfakultære satsingar og samarbeid på tvers av fag. Felles faglege satsingsområde er lista opp og omtala, men korleis HVL vil leggje til rette for å realisere desse, vert for utydeleg. Om vi skal utøve vår samfunnsrolle som universitet på ein god måte, må strategien vere tydelegare på desse punkta. Generelt vil vi peike på at det kan vere vanskeleg som institutt å kjenne seg att i utkastet som ligg føre.

FØS - Institutt for økonomi og administrasjon (IØA)

Hensyn som er vektlagt i våre endringsforslag:

1. Større vekt på HVL sin juvel – bachelorutdanningen for profesjon og arbeidsliv.
2. Entydig ryddighet for vår opplisting av relevante omgivelser/interessenter: «samfunns-, arbeids-, og næringsliv.»
3. Ikke glemme betydningen av den gode læreren.
4. Mer vekt på bærekraft i verdigrunnlaget
5. Mer vekt på arbeidsmiljø i verdigrunnlaget
6. Ta inn igjen i listen over felles faglig satsingsområde: «Profesjons og arbeidslivsretta»
7. Tematisere administrativ organisering – den må være i samsvar med fusjonsplattformen.

Moment til helhet og prosess:

1. Utkastet til strategi for HVL gir ikke en klar nok/presis beskrivelse av hvor HVL ønsker å være i fremtiden og hvordan vi skal komme dit.
2. Utkastet til strategi har i liten grad tatt stillinger til prioriteringer som nødvendigvis må gjøres i strategiperioden for å nå mål som er uttalt i fusjonsarbeidet, f.eks. universitetsambisjonen.
3. Utkastet til strategi er utarbeidet av en arbeidsgruppe som har lagt opp til varierte innspillmuligheter på alle campus. Vi kan ikke se at relevante innspill som er gitt tidligere, f.eks. i strategifrokost på campus Haugesund 25.mai, er innarbeidet eller hensyntatt til tross for at det ble gitt uttrykk for at det var planlagt.

Framlegg til endringer:

IØA sine framlegg til endringer er skrevet inn som «spor endringer». (plassert i eget dokument, sekr.komm).

Internasjonalt kontor - Bergen, Haugesund, Sogndal, Stord

- Generelt synes vi at forslaget er godt og måten det presenteres på er bra. Vi har valgt å fokusere på internasjonalisering og våre innspill er at vi uttrykker en mer offensiv målsetting

for internasjonaliseringsarbeidet og at internasjonalisering inkluderes i målene for om vi lykkes med å utdanne høyt kompetente kandidater og å formidle kunnskap og kompetanse.

- Bortsett fra å være et eget punkt under institusjonsbygging er internasjonalisering viet begrenset oppmerksomhet i resten av strategidokumentet og fremstår derfor ikke som en integrert del av høyskolens fremtidige profil.
- Vi foreslår å ta det inn under følgende områder (innspill satt inn i samledokument)

NTL – Norsk Tjenestemannslag

- Det er med blanda kjensler NTL skriv høyringsvar på HVL-strategien for 2023. Stoda i dag når det gjeld bemanning og arbeidsvilkår i fleire fakultet og administrative einingar, gir grunn til uro med tanke på å oppretthalda kvaliteten og aktiviteten som me hadde i førre studieår og i dei gamle høgskulane. Utkastet til strategi har mange fine ord om kva HVL skal vera om fem år, men det vert opplevd som ei skildring som er langt frå stoda i dag. NTL meiner spesielt at ambisjonen om å vera eit universitet i 2023, er urealistisk.
- Me vil likevel gje nokre innspel til strategien sidan me meiner me kan bidra til ein betre og meir realistisk strategi. Det er styret og plasstillitsvalde i NTL som har behandla strategien.
- NTL er glade for at det er laga ein relativt kort strategi som stort sett er skriven i eit forståeleg og godt språk.
- Det er gjennomgåande ein offensiv og pågåande institusjon som vert skildra i strategien. Ord som utfordrande, handlekraftig, uredd og modig er i utgangspunktet positivt lada. Men når denne typen adjektiv vert brukt gong på gong, og det er færre av adjektiv som reflektert, gjennomtenkt, kompetent, kunnskapsrik og klok, vert det ei slagside i strategien. HVL-strategien skal ikkje rusta HVL for vikingtokt, og me håpar at ordvalet difor kan balanserast noko meir.
- Ordet berekraft er brukt mange stader i strategien, men det er lite konkretisert. Å ha ein tydeleg miljøprofil bør vera eit viktig kjenneteikn for HVL. Denne framtidsretta profilen vil skilja HVL frå dei fleste andre UH-institusjonane, og vil vera ei god rettesnor både internt og eksternt.
- HVL har i dag altfor liten internasjonal aktivitet. Me må likevel skilja mellom aktivitetane som skal føra oss nærmare eit høveleg nivå, og biletet av HVL i 2023. I utkastet kan det sjå ut som me fyrst og fremst skal bli internasjonale, at det lokale kjem langt ut i rekkja. NTL meiner dette både gir eit svært urealistisk bilete av HVL i 2023, og til dels òg eit uønskt bilete når me skal vera eit universitet / ein høgskule med profesjons- og arbeidslivsretta profil. Dei aller fleste kandidatane i HVL skal bli ein del av arbeidslivet i Noreg, og ein stor del av dei blir på Vestlandet. Det vil òg vera status i 2023, og det bør strategien spegla.
- NTL ynskjer at «kompetanse» skal bli brukt noko meir i strategien, i staden for «kunnskap». Spesielt eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil, må verdsetja ferdigheter og annan kompetanse som ein viktig del av det me skal bidra til å utvikla saman med arbeidslivet.

Seksjon for utdanning

Vi foreslår:

- at gruppa ryddar i bruken av omgrepa lokalt, regionalt, internasjonalt, i samfunnet, i verda, omverda. Slik det står no, er ikkje omgrepa brukte konsekvent.
- gå gjennom språkbruk. Tenk klart og godt språk.
- gå gjennom grammatikk og særleg vere presis i teiknsettinga.
- at ein unngå klisjear. Ver presise og konkrete i bruk av ord og omgrep gjennom heile dokumentet. Stryke setningar som ikke gir meining eller som gjentek ting som alt er omtalt.
- tenker universell utforming, slik at teksten er lett å lese for alle. Farga tekst er vanskeleg å lese for mange, særleg når bakgrunnen er fargebilde.

Dette gjeld særleg visjon og verdiar.

Senter – Creativities, Arts and Science in Education (CASE)

- Vi takker for invitasjonen til å komme med en høringsuttalelse. Dette er et viktig dokument, og det er tydelig at det har vært lagt ned mye arbeid i prosessen. Høringssvaret er et resultat av en intern prosess i senteret hvor sentrale prosjektledere og daglig leder har bidratt med innspill.
- Vi har også valgt å gi tilbakemeldinger på de deler av teksten vi mener bør gjennomgås på nytt, spisses, omformuleres eller endres. Dersom Universitetsstatus er målet for denne strategiperioden bør det løftes mer frem (se kommentarer og forslag til omformuleringer lenger ned). (*plassert i eget samledokument, sekr.komm.*)
- En strategi bør være overordnet, men likevel gi retning. I høringsbrevet står det at: « Ei sentral føring er universitetsambisjonen og den profesjons- og arbeidslivsretta profilen.» De foreslåtte kjennetegnene kan også forstås som mål. De er overordnede og dekker store deler av aktiviteten ved HVL. Det er sikkert nødvendig, og kanskje meningen med tanke på at det skal utvikles egne fakultets-strategier? Kjennetegnene gjenspeiler KDs forventninger, og det må de, men samtidig bør en strategi for en avgrenset periode prioritere. Dersom Universitetsstatus er målet, så bør det løftes tydeligere fram (se konkrete forslag til endringer i teksten under). I listen over kan de fem første kjennetegnene leses som forutsetninger for det siste kjennetegnet. De er alle viktige, men er noen viktigere enn andre for at universitetsambisjonen skal nås? I så fall bør de konkretiseres. Strategidokumentet viser at HVL har ambisjoner på mange områder, og ambisjoner er bra, men det kan bli utfordrende ressursprioritering når universitetsambisjon, landets beste læringsmiljø, samkjøring av utdanninger, og økt digital kompetanse i organisasjonen alle løftes fram uten at det prioriteres mellom dem.

Senter – kunnskapsbasert praksis

- Senter for kunnskapsbasert praksis takker for muligheten for å gi innspill til HVL sin overordnede strategi. Vi synes det er godt gjort å formulere noe som alle ved HVL skal kunne kjenne seg igjen i, og attpåtil på en kortfattet måte. Det mener vi at strategigruppen har lykket med på mange måter. I alle fall er det få som skal kunne kjenne seg totalt ekskludert i dette forslaget til strategi. Den er kort, noe som er en forutsetning for at strategien leses og brukes. Når det er sagt, så mener vi at det er potensiale for å gjøre den (langt) mer leservennlig gjennom en tydeligere logikk. For eksempel heter strategien «Samspel, berekraft og nyskaping». Da er det litt forvirrende at samspill ikke kommer igjen, enten i form av verdier, eller tverrgående satsninger.

- Vi opplever selve HVL-signaturen i dokumentet som at målet er å bli et profesjons- og yrkesrettet universitet. Det ligger mye potensiale i dette, selv om det er litt vanskelig å lese gjennom dokumentet hva som skiller oss fra andre i samme sjanger.
- Vi vil også nevne at denne strategien er såpass overordnet at den må leses sammen med de fakultetsvise strategiene for å få et godt bilde av HVL sin profil og egenart.
- Vi mener at strategien har potensiale til å bli et godt fundament for strategiarbeidet på fakultetsnivå (og deretter på institutt og senternivå), men etter hva vi hører er ikke disse prosessene så samkjørte at fakultetsstrategien bygger på siste versjon av denne. Det er uheldig og kan få konsekvenser for hvordan bidragene fra høringen faktisk brukes. Under følger innspill som er satt fram kronologisk og som følger strategidokumentet.

Senter – omsorgsforskning, vest

Senter for omsorgsforskning, vest gjennomførte et møte for sine ansatte den 21. august og har også fått skriftlige innspill om strategi 2018-2023 fra ansatte som ikke kunne være tilstede på møtet.

Vi har lest utkastet til felles HVL strategi med stor interesse og vil først av alt anerkjenne arbeidsgruppen for et viktig arbeid. Vi har gjennom drøftinger på senteret noen punkter som vi ønsker å spille inn i denne prosessen og ser fram til å bidra til å videreutvikle HVL fram mot 2023.

Vi har noen generelle merknader til strategidokumentet, og i tillegg noen innspill knyttet til visjon, verdier og satsningsområder.

- Dersom universitetsambisjonen er en grunnpilar i dokumentet, og altså i strategien, mener vi at det ikke fremkommer hva denne ambisjonen bygger på, eller hvor den henter sitt verdimesige, faglige og strategiske grunnlag fra (hvorfor vi ønsker å bli universitet).
- Videre mener vi at forskning og forskningsbasert undervisning gjennomgående er for lite vektlagt. Det er generelt også for lite fokus på hva institusjonen vil gjøre for å tilrettelegge for god forskning, forskningssamarbeid og internasjonalisering.
- Det kommer ikke tydelig frem at HVL's samfunnsmandat er profesjonsutdanning med tilhørende relatert forskning, og at forskningen skal bidra til å styrke utdanningene.
- Det er for sterkt fokus på næringsliv og økonomiske betingelser, mens de største utdanningene ved HVL (helsefag, sosialfag og lærerutdanning) primært utdanner kandidater til viktige samfunnsoppgaver i kommune, fylke og stat. Velferdsstaten er et særs viktig virksomhetsområde både innen utdanning og forskning, og staten er premissleverandør av lover og forskrift og regulerende instans for vår virksomhet. Vi mener at staten, både som arbeidsgiver og premissleverandør, bør bli mer synlig i strategidokumentet.
- Åpningssetningen «Høgskulen på Vestlandet skal vere ei drivkraft for endring i det som er, og har vore, den viktigaste eksportregionen i Noreg» setter et avtrykk som etter vår mening sender hele dokumentet i en feil retning (og som nok er skyld i flere av våre innspill og reaksjoner). Dette reflekterer punktet ovenfor om for sterkt fokus på næringsliv og gjenfinnes blant annet i alle målsetninger hvor hensyn til «arbeid og næringsliv» gjennomgående har forrang foran profesjon og velferdsområdene (for eksempel at et mål er at våre utdanninger er utviklet i samarbeid med arbeidslivet (og ikke andre aktører som f.eks. kommuner, fylker, stat, frivillige organisasjon eller samfunnsområder)

- Under satsingsområde 'Folkehelse' er det kun nevnt barn og unge som en sentral problemstilling. Dette er for snevert både i forhold til de ulike profesjonsutdanningene sine fokusområder og i forhold til forskning som foregår ved HVL. Vi foreslår at eldre legges til, eller at det legges til en ny sentral problemstilling som vedrører hele menneskets livsløp og som inkluderer en beskrivelse av de demografiske utfordringene samfunnet står ovenfor og de innsatsene og endringene som forventes av samfunnet og kommunene (der våre kandidater skal ut i jobb).
- Generelt finner vi at begrepene velferdsstat og velferdsprofesjoner er fraværende i strategien, noe som ikke samsvarer med hverken HVLS profil eller samfunnsoppdrag.
- Strategien bruker et smalt samfunnsbegrep som ser ut til kun å vise til arbeids- og næringsliv og ikke f.eks. stat og kommune, student- og forskersamfunn eller det internasjonale samfunn.
- Bærekraftig utvikling er en selvsagt premiss for alle høyere utdanningsinstitusjoner, samtidig som begrepet her brukes på en snever måte som ikke inkluderer kjønn/likestilling, kultur, marginaliserte/sårbare grupper, mangfold, etc.
- Det er svært sterk fokus på endring, og studentene er beskrevet som endringsagenter.. Gjennom forskningsbasert undervisning tar HVL vare på sitt samfunnsoppdrag og bygger sterke, kompetente og handlekraftige studenter til viktige profesjoner i det norske samfunnet. Våre kandidater skal ikke kun endre systemer og praksiser de går inn i, men også bidra til opprettholdelse og reproduksjon av disse. Vi mener at beskrivelsen av studentene bør revurderes. Ord som tillit, trygghet, inkluderende, ivaretagende er lite fremtredende i dokumentet, mens endring, effektivisering, profesjonalisering, innovative er frontet. Hvor er for eksempel HVL sin forståelse av «samfunnsansvar»? Nå står «endring» for løsrevet, og ikke relatert til noen verdier.
- Vi mener også at en del av strategiens mål kanskje er for høye, og dermed står i fare for å fremstå som urealistiske. HVL er en ung institusjon og det tar tid å bygge en ny fusjonert organisasjon, utvikle nye master og ph.d. program samt bli en verdensledende og internasjonalt anerkjent forskningsaktør.
- Det må komme bedre frem hvilke alternativ HVL ønsker å være ifht. andre universitet – arbeidslivs- og profesjonsprofilen må bli tydeligere og da spesielt profesjonsprofilen. Vi er en profesjonshøgskule som skal utdanne sterke studenter til profesjonene. Velferdsprofesjonenes (helsefag, sosialfag og lærer) rolle må bli tydeligere i strategien.
- Layout og overskrifter bidrar i liten grad til å skape retning og orienteringspunkter i dokumentet. Dokumentets hovedside, med et visuelt grep med en logo hvor deler av et ukjent ansikt titter frem, forteller oss ikke noe om HVL, om strategien vår eller kvalitetene vi ønsker å være advokater for.

Senter – utdanningsforskning

- Først vil jeg si at jeg er fornøyd med strategien på mange vis: slagordene, visjonen, verdiene, kjennetegnene og bidrag til samfunnet er troverdige og vil kunne fungere godt ved og for HVL. Likeledes synes jeg satsingsområdene er gode, særlig fordi de alle knyttes mot flere fakultet. Jeg ser i hvert fall at jeg, som forskningsprogramleder og senterleder ved FLKI, kan bruke det meste av strategien.

Utdanningsforbundet

- Strategien for HVL er ambisiøs med mange mål. Me saknar at ein også har som mål å støtta opp om dagleg drift i ein situasjon der HVL framleis er i ei krevande omstilling. Kva mål må ein setta for å ha kapasitet til å konsentrera seg om vidare strategiske mål?
Lærarutdanningane ved HVL står i ein spesiell situasjon med eit stort arbeid knytt til pågåande prosessar og må særleg takast vare på slik at det er mogleg å bidra til å nå måla utan å drive rovdrift på tilsette ved å sette i gang enno fleire endringar.
- Dersom HVL har som ambisjon å utvikla eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, finn Utdanningsforbundet det underleg at omgrepet “undervisning” berre er nemnt to gonger i heile dokumentet. Undervising er slik me oppfattar det den heilt sentrale aktiviteten i institusjonen og noko som tilsette og studentar har eit sterkt forhold til. Undervising er eit mykje meir konkret omgrep enn utdanning og læring og understreker tydinga av den felles aktiviteten me har mellom studentar og lærarar. Dei tilsette skal gjennom sitt virke bidra til å realisera HVL sin strategi og må difor kunna kjenna seg igjen i dokumentet. Det er ikkje tilstrekkeleg å ha ein strategi om å vera tett kopla på arbeids-og samfunnsliv, utan at ein også nemner at ein må vera tett kopla på samhandlinga mellom studentar og lærarar gjennom nettopp undervising.
- Utdanningsforbundet er uroleg for at universitetsambisjonen med fokus på forskning og førstekompetanse skal gå utover rekruttering av tilsette med naudsynt erfaring frå praksisfeltet.



Arkivsak-dok. 17/10846-3
Saksbehandler Terje Gravdal

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
26.09.2018

71/18

**EIGARSKAP VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET –
RETNINGSLINJER OG OVERSIKT OVER HVL SITT EIGARSKAP I
AKSJESELSKAP**

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtek reglement og retningslinjer for høgskulen sin eigarskap som det går fram av denne styresaka, og ber om at desse vert lagt til grunn for eigarstyringa og for utvikling av eigarskapspolitikken.
2. Styret tar oversikta over høgskulen sin eigarskap i aksjeselskap til orientering.

Samandrag:

I denne saka skal styret vedta reglement og retningslinjer for høgskulen sin eigarskap i aksjeselskap. Desse vert lagt til grunn for eigarstyringa og for utvikinga av eigarskapspolitikken i HVL. Styret vert også orientert om HVL sin eigarskap i seks aksjeselskap.

Vedlegg:

1. Høgskulen sitt reglement og retningslinjer for forvaltning av statens eigarskap i aksjeselskap
2. Høgskulen sin eigarskap i aksjeselskap per 26. september 2018

Utrykte vedlegg:

Styresak 31/17 om mellombels retningslinjer for erhverv og forvaltning av aksjar:

<https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2016-2017/2017-05-innkalling-oppdatert.pdf#page=115>

Styresak 84/17 om høgskulens eigarskap i aksjeselskap: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2016-2017/2017-10-innkalling-offentlig.pdf#page=78&zoom=90,-346,10>

Styresak 95/17 Kjøp av aksjar i Vitensenteret i Sogn og Fjordane:

<https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2016-2017/2017-11-innkalling-inkl.-ettersendt-sak-og-rettet-tabell-sak-98.pdf#page=71&zoom=75>

Saksframstilling:

Bakgrunn for saka:

Formålet med denne saka er å leggje fram forslag til reglement og retningslinjer for høgskulen sin eigarskap i aksjeselskap. Desse skal danne grunnlaget for eigarstyringa og for utviklinga av eigarskapspolitikken i HVL. Styresaka gjer og ei oppdatert oversikt over dei seks aksjeselskapa høgskulen i dag har ein eigarpart i.

Saka fylgjer opp og erstattar HVL sine mellombels retningslinjer som vart vedtatt på styremøtet i mai 2017 (styresak 31/17 om mellombels retningslinjer for erhverv og forvaltning av aksjar). Saka gir og ei oppdatering av styresak 84/17 om høgskulens eigarskap i aksjeselskap og er elles knytt opp mot det pågåande arbeidet med ny strategi for HVL).

Denne saka omhandlar ikkje høgskulen sine samarbeidsavtalar med aksjeselskap og andre organisasjonsformar. Her vil det bli utarbeida ei separat styresak på eit seinare tidspunkt, og denne saka avgrensar seg derfor til retningslinjer for eigarskapspolitikk og dagens eigarskapssituasjon ved HVL.

Per i dag er Høgskulen på Vestlandet (HVL) medeigar med varierende eigarpart i seks aksjeselskap. Eigarskapet i dei fleste av desse selskapa vart etablert før fusjoneringa i 2017, og er følgeleg basert på dei strategiske prioriteringane til dei tre gamle høgskulane. HVL har strategiske ambisjonar om å vere ei drivkraft for endring og berekraftig utvikling på Vestlandet, noko som og vil avspeglast i høgskulen sine prioriteringar og avgjersler på eigarskapsområdet. Her vil det vere behov for ein heilskapleg eigarskapspolitikk som både sikrar effektiv ivaretaking og utvikling av høgskulen sin eksisterande eigarskap i aksjeselskap, og som legg ei tydeleg føring på prinsippa som skal ligge til grunn for vurdering av nytt eigarskap i framtida.

Retningslinjene i denne saka (vedlegg 1) er i tråd med overordna regelverk og retningslinjer for statlig eigarskap, og er utarbeida etter modell frå tilsvarande retningslinjer ved mellom anna Universitetet i Bergen og Nord Universitet. Dei vil ligge til grunn for høgskulen sin eigarskapspolitikk.

Rektor sin vurdering:

Rektor meiner vedlagte reglement og retningslinjer gir eit godt grunnlag og utgangspunkt for eigarstyringa og for utviklinga av HVL sin eigarskapspolitikk.

I arbeidet med å utvikle eigarskapspolitikken legg rektor til grunn ein del forhold og perspektiv:

HVL sin eigarskapspolitikk skal vera festa i høgskulen sine strategiske ambisjonar, og samstundes styrke høgskulen sine kjerneaktiviteter. Eigarskapspolitikken skal basere seg på statens prinsipp for god eigarstyring, og i vurderinga om ein skal gå inn på eigarsida i nye aksjeselskap, bør derfor strategiske, faglege og etiske argument veie tungt. Det vil og vere naudsynt å vurdere i kvart enkelt tilfelle om eigarskap er den mest hensiktsmessige måten for HVL å nå strategiske målsetningar på. Spørsmål om habilitet i forbindelse med styrerepresentasjon må og avgjerast i kvart enkelt tilfelle, i tråd med gjeldande regelverk.

Eigarskap i aksjeselskap inneber både kapasitetsmessig og økonomisk forplikting. Det er derfor viktig at ei eventuell avgjersle om nytt eigarskap, eller endring/utvikling av eksisterande eigarskap, og tek omsyn til HVL sin evne til å følgje opp eigarskapet på ein effektiv og god måte. Det operative eigarskapet og oppfylginga av dette kan ligge på

fakultetsnivå, men det formelle eigarskapet skal vere plassert på institusjonsnivå. I særlege tilfelle bør det og diskuterast om eigarskap kan vere nærregionavhengig.

I dag har HVL ein relativt beskjeden eigarpart i dei seks aksjeselskap høgskulen er involvert i, noko som gir avgrensa moglegheiter for å påverke eigarstyringa i selskapa. Når HVL skal ta stilling til nytt, eller endra eigarskap i framtida, bør høgskulen vurdere å sikre seg tilstrekkeleg eigarpart til å kunne ta ei aktiv rolle i styringa av selskapet.

Rektor vil ut i frå dette og dei signala som styret gir, peike på høgskulen sitt eige samhandlingsutval som ein naturleg arena for å drive fram arbeidet med å utarbeide ein heilskapleg eigarskapspolitikk i HVL. Styret vil bli orientert om utviklinga av arbeidet, og vil få ei eiga sak om dette til handsaming våren 2019.

Vedlegg 1: Reglement og retningslinjer

Høgskulen på Vestlandets interne retningslinjer for forvaltning av statens eigarskap i aksjeselskap er basert på følgjande reglement og retningslinjer:

1.1 Overordna reglement og retningslinjer

- Lov om aksjeselskaper (Aksjeloven, fastsett 13.06.1997 med endringar, seinast 02.05.2018)
- Reglement for økonomistyring i staten (fastsett 12.12.2003 med endringar, seinast 05.11.2015)
- Reglement om statlige universiteters og høyskolors forpliktende samarbeid og erverv av aksjer (rundskriv F-07-13, fastsett av Kunnskapsdepartementet med verknad frå 01.09.2013)
- Retningslinjer for forvaltning av statens eierinteresser i aksjeselskaper (fastsett av Kunnskapsdepartementet med verknad frå 01.01.2008)
- Meld. St. 27 (2013-2014): Et mangfoldig og verdiskapende eierskap
- Instruks om Riksrevisjonens virksomhet (forskrift vedteke av Stortinget med verknad frå 01.07.2004)
- Årlig tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet

Dei interne rutinebeskrivingane er i hovudsak bygd opp rundt desse hovudområda:

- Erverv av aksjar
- Institusjonens ansvar for utøving av eigarskap i aksjeselskap
- Rapportering
- Sal av aksjar

2.1 Erverv av aksjar

Etablering av eigarskap

Høgskulen på Vestlandet er gjennom særskild fullmakt frå Kunnskapsdepartementet gitt myndigheit til å organisere verksemd som egne rettssubjekt, og skaffe seg eigarposisjon i andre selskap. Vedtak om oppretting eller eigarskap i aksjeselskap skal avgjerast av Høgskulestyret. Dette gjeld og utviding av aksjekapital /endring av eigarpart i eksisterande aksjeselskap.

Dersom HVL ynskjer å opprette eller delta i egedoms- eller infrastrukturselskap som reelt har ein støttefunksjon for høgskulens oppgåver, må det søkjast om tillating til dette frå Kunnskapsdepartementet. HVLs forpliktingar overfor eit slikt selskap skal dekkast innanfor høgskulens egne økonomiske ressursar.

Finansielle plasseringar i eigedom, aksjeselskap eller anna verksemd med det formål å sikre HVL økonomisk fortjeneste, vert ikkje vurdert å ha fagleg interesse. Dette gjeld sjølv om fortjenesta kan nyttast til å styrke den faglege aktiviteten ved høgskulen.

Kapitalinnskot skal som hovudregel dekkjast av HVLS verksemdskapital. Unntaksvis kan Kunnskapsdepartementet søkjast om løyving for å dekkje kapitalinnskotet. Det er ikkje tilgjenge til å nytte tingsinnskot.

Eventuelle eigarposisjonar skal gå fram av HVLs verksemdsrekneskap.

Når HVL organiserer aktivitet i eigne rettssubjekt, skal det nyttast aksjeselskap som organisasjonsform.

Dersom HVL i fellesskap med andre statsinstitusjonar opprettar eit selskap, eller kjøper aksjar i selskap der staten eig aksjar, skal det verte inngått ein avtale om kva statsinstitusjon som skal ivareta statens eigarskap. Kunnskapsdepartementet skal ha melding om dette seinast innan 14 dagar frå ervervet.

2.2 Utøving av eigarskap

Kunnskapsdepartementet har gitt høgskulen myndigheit til å forvalte statens eigarinteresser på vegne av departementet. Høgskulestyret er ansvarleg for at utøving av eigarskap skjer i tråd med departementets særskilde retningslinjer for forvaltning av statens eigarinteresser i aksjeselskap. Som aksjeeigar skal HVL forvalte statens eigarskap i samsvar med alminnelege forvaltningsrettslege reglar, og innanfor Stortingets føresetnader og vedtak. Eigarrolla skal utøvast i samsvar med aksjelovens bestemmingar og selskapas vedtekter.

Deltaking i selskapas generalforsamlingar

HVL skal sikre å tileigne relevant, oppdatert og korrekt informasjon om selskapa for å kunne vurdere sakene som generalforsamlinga skal behandle. Dette dannar grunnlag for formell utøving av eigarrolla i generalforsamlinga, eventuell framlegging av saker av viktighet for statsråden, oppfølging av stortingsføresetnader og -vedtak, samt oppfølging av eventuelle krav til avkastning og utbytte.

HVL har fått fullmakt frå Kunnskapsdepartementet til å innkalle til generalforsamling i heileide aksjeselskap. Generalforsamling skal avhaldas innan 31.mai kvert år.

Høgskulestyret har delegert generalforsamlingsfullmakta til rektor.

Oppnemning og oppfølging av styret

Eigarrolla inneber å sikre at styresamansetjing er hensiktsmessig i forhold til selskapets formål og eigarskap.

Høgskulen legg vekt på at styresamansetjinga skal vere kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald ut i frå det enkelte selskaps eigenart. I tillegg skal styret i selskapet vere samansett for å sikre at det har best mulig administrativ, økonomisk og organisasjonsmessig innsikt. Det skal vere god kjønnsbalanse i styret.

Eigarrolla inneber å føra kontroll med at selskapets styre i sitt verke sikrar at selskapet utviklar seg og driv i samsvar med eigaranes føresetnader, slik desse er kome til uttrykk gjennom vedtak i generalforsamlinga og i selskapets vedtekter. Styrer i selskap kontrollert av høgskulen skal som hovudregel ikkje styreforsikrast som følge av at staten er sjølvassurandør. Det kan inngåast avtale om skadeslausholding for interne og eksterne styremedlem.

Mål for eigarskapet, mål- og resultatoppfølging

I organiseringa av verksemda er eigarskap eit av fleire verkemiddel høgskulen kan ta i bruk for å organisere aktivitetar eksternt med aksjeselskap som organisasjonsform. HVLs eigarskap i aksjeselskap skal vere av fagleg interesse og styrke høgskulens evne til å gjennomføre oppdraget og nå dei mål som høgskulestyret har satt for verksemda. Høgskulen på Vestlandet vil fokusere på at måla nåast mest mulig effektivt med kostnadsdekning, og der det er mulig med eit eventuelt rekneskapsmessig overskot.

Høgskulestyret skal fastsette resultatmål for sitt eigarskap. HVL legg til grunn eit langsiktig perspektiv i sitt eigarskap og fokuserer på god, langsiktig verdiskapning og utvikling av selskapa. Høgskulen skal gjennomføre ei vurdering av selskapas oppnådde resultat, drift og økonomi i forhold til mål som er satt for selskapa, og sikre at prinsippa for god eigarstyring i staten er ivareteitt.

HVL skal og gjennomføre ei vurdering av selskapets oppnåing av sektorpolitiske mål og ivaretaking av samfunnsmessig ansvar, til dømes på områder som etikk, helse, arbeid mot korrupsjon, miljø og sikkerheit, menneskerettar, arbeidstakarrettar og anstendige arbeidsvilkår. Det skal gjennomførast ei sjølvstendig vurdering av selskapets ikkje-forretningsmessige mål, slik at oppnådde resultat kan etterprøvast for dei selskapa som i sine vedtekter ikkje stiller krav om økonomisk utbytte.

Vurderingane vert lagt til grunn for årlig rapportering frå HVL til Kunnskapsdepartementet om forvaltning av alle eigarinteresser, samt utkast til melding til Riksrevisjonen for dei selskapa der HVL har 50 % eller meir av stemmene, eller der staten på grunn av aksjeeige eller ved statlig kontroll av selskapsinteresser mv. har dominerande innverknad.

Resultat internt ved HVL, som følger av eigarskap, bør vurderast regelmessig som del av mål- og resultatstyringa.

2.3 Rapportering

Ekstern rapportering:

HVL skal kvart år utarbeide ei oppdatert oversikt over aksjeselskap som er eid heilt eller delvis av staten, og der HVL har fått fullmakt til å forvalte aksjar på vegne av staten. Av oversikta skal gå fram selskapets aksjekapital, statens eigarpart i selskapet og ei kortfatta oversikt over selskapets formål og verksemd. Oversikta skal danne grunnlag for departementets vidare rapportering til Stortinget, statsrekneskapet og Riksrevisjonen. Opplysningane skal sendast departementet og selskapsdatabasen hos Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) innan den frist og i tråd med dei retningslinjer departementet fastset.

Kunnskapsdepartementet skal straks orienterast om aktiviteter av viktigheit i selskapa, og som har betydning for å sikre effektiv kontroll med at statens interesser forvaltast på ein forsvarlig måte.

For selskap der fleire statsinstitusjonar har aksjar, skal rapportering skje av den institusjon som er satt til å ivareta statens eigarskap.

Kunnskapsdepartementet og Riksrevisjonen skal på eit så tidlig tidspunkt som mulig orienterast om tidspunkt for gjennomføring av generalforsamling. For desse selskapa skal Kunnskapsdepartementet og Riksrevisjonen ha kopi av innkalling til generalforsamlinga. Riksrevisjonen har rett til å være til stades på generalforsamlingar som er heileigde av staten.

HVL skal seinast sju dagar etter gjennomført generalforsamling sende over til Kunnskapsdepartementet utkast til ei melding til Riksrevisjonen. Meldinga skal gi informasjon om kvart enkelt selskaps mål- og resultatoppnåing, samt vurdering av statens eigarstyring. Saman med meldinga skal det og sendast over årsmelding, årsrekneskap, revisors melding og protokoll frå generalforsamlinga. For dei selskapa som er heileigde av staten, skal Riksrevisjonen rutinemessig ha tilsendt fullstendige utskrifter av møteprotokollar frå møter i alle styrande og kontrollerande organ i verksemda.

Intern rapportering:

Høgskulestyret skal årleg bli orientert om HVLs eigarinteresser i form av ei oversikt over aksjeselskap som eigast heilt eller delvis av staten, og der høgskulen har fått fullmakt til å forvalte aksjar på vegne av staten. Av oversikta skal gå fram:

- selskapets aksjekapital
- statens eigarpart i selskapet
- ei kortfatta oversikt over selskapets formål og verksemd
- andre forhold av betyding

Eventuelle eigarposisjonar skal gå fram av HVLs verksemdsrekneskap. Spesielt om aksjeselskap der HVL har 50 % eller meir av stemmene, eller der staten på grunn av aksjeeige eller ved statlig kontroll av selskapsinteresser mv. har dominerande innverknad.

2.4 Sal av aksjar

Sal av aksjar skal skje etter forretningsmessige prinsipp. Sal av aksjar skal behandlast som eksterne inntekter og kan nyttast til institusjonens drift, men og til kapitalinnskot. Resultatet av aksjesal, der aksjar er finansiert over HVLs verksemdskapital, vil inngå i HVLs verksemdskapital.

Vedlegg 2: Høgskulens eigarskap i aksjeselskap

Per 1. september 2018 eig Høgskulen på Vestlandet aksjar i fem aksjeselskap: Bergen Vitensenter AS (ViVite), Bergen Teknologioverføring AS (BTO), Greenstat AS, Better Player AS, Atheno AS og Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS.

Høgskulen hadde og eigarskap i Simsea Holding AS, som vart konkursføreha i februar 2017.

Informasjon om HVLs eigarpart, og dei ulike selskapa sine aksjeporteføljor, målsetningar og verdiar, er attgjeve nedanfor.

Bergen Vitensenter AS (org.nr. 989005049)

Selskapets aksjekapital/statens eigarpart:

Høgskulen eig i dag 19 % av aksjane i Bergen Vitensenter AS (ViVite). Elles har Bergen Vitensenter AS følgande eigarar:

- Bergen kommune 29,56 %
- Hordaland fylkeskommune 19 %
- Universitetet i Bergen 19 %
- Bergen Næringsråd 0,76 %
- Bergen Børsfond 8,45 %
- Kaffehuset Friele 4,22 %

Selskapets aksjekapital er kr 2 368 000, fordelt på 2 368 aksjar pålydande kr. 1.000. Universitetet i Bergen er ansvarleg for rapportering og ivaretaking av statens eigarskap i selskapet.

Selskapets formål og verksemd:

Selskapets formål er å utvikle og drive eit populærvitenskapeleg opplevings- og læringssenter for teknologi, naturvitskap, matematikk og humaniora spesielt retta mot barn og unge, samt anna verksemd som naturleg faller saman med dette, medrekna å delta i samarbeid med andre selskap og føretak med liknande verksemd.

Bergen Teknologioverføring AS (org.nr. 987753153)

Selskapets aksjekapital/statens eigarpart:

Høgskulen eig i dag 3,82 % av aksjane i Bergen Teknologioverføring AS (BTO). Elles har BTO følgande eigarar:

- Helse Bergen 33,43 %
- Universitetet i Bergen 33,43 %
- Havforskningsinstituttet 14,52 %
- Siva SF 13,56%
- NHH Noregs Handelshøgskule 1,23 %

Selskapets aksjekapital er kr 137 774, fordelt på 137 774 aksjar pålydande kr. 1. Universitetet i Bergen er ansvarleg for rapportering og ivaretaking av statens eigarskap i selskapet.

Selskapets formål og verksemd:

Selskapets verksemd er forvaltning og kommersialisering av selskapseigaranes og andre offentlige innretningars immaterielle rettar og idear knytte til forskingsresultat og forskingsprosessar. Selskapets verksemd skal vidare bidra til kommersialisering av idear frå næringslivet og inkubatorverksemda. Selskapet opererer i skjeringsflaten mellom akademia, offentlig verksemd og næringslivet (industrielle og finansielle) og må streve etter å ha tett kontakt og samarbeid med alle desse aktørane. Verksemda skal ha som formål å sikre kommersialisering, bruk og overføring av forskingsresultat og oppfinningar til breiast mogleg bruk og nytte i samfunnet.

Greenstat AS (org.nr. 914875455)

Selskapets aksjekapital/statens eigarpart:

Høgskulen eig i dag 1,5 % av aksjane i Greenstat AS. Elles er eigarskapet fordelt som følger (307 aksjonærar):

- CMR 6,72 %
- UNIFOB (UIB) 6,72 %
- Trond Mohn 6,72 %
- Kjetil Aasen 6,72 %
- Pyttsan 5,02 %
- SKL 3,76 %
- Frihammer Invest 3,15 %
- BTO 2,51 %
- Bernt Skeie 1,76 %
- Sum øvrige (inkludert HVL) 58,28 %

Selskapets aksjekapital er fordelt på 6 646 610 aksjar à kr 1,65, og Greenstat AS har ei selskapsverdi på kr 10 966 907. Det ligg føre ei fullmakt frå Greenstat AS si generalforsamling 2017 der styret kan utferde inntil 3 323 305 nye aksjar i intervallet 1,65-3,00 NOK. Denne fullmakta gjaldt fram til 30. juni 2018.

Selskapets formål og verksemd:

Selskapets formål er å utvikle og drive prosjekter knytte til berekraftig energi og teknologi, irekna prosjekter som understøtter overgangen frå fossil til fornybar energiproduksjon og forbruk, samt delta og investere i selskap som bidrar heilt eller delvis til dette.

Better Player AS (org.nr. 918061827)

Selskapets aksjekapital/statens eigarpart:

Høgskulen eig i dag 15 % av aksjane i Better Player AS. Elles har Better Player følgande eigarar:

- Mikkel Frodahl 5 %
- Rocketfarm AS 40 %
Det bør ikke stilles krav til doktorgrad i denne stigen, men det blir stadig flere personer i denne kategorien ansatte som har doktorgrad. Det er ikke uvanlig at personer som har vært forskere en tid trer inn i denne type stillinger, for eksempel ved at forskere innen IKT-feltet går inn og blir *scientific programmers*, eller ved at tidligere forskere tar på seg lederansvar i viktige utviklingsprosjekter som understøtter forskning og utdanning. Under denne stigen må det åpnes for meningsfull differensiering av titler, både på norsk og engelsk.

4.2.5. Forsker-lektor-stigen (FL-stigen)

Dette er en ny kombinert stige som har som formål å anerkjenne og synliggjøre innsatsen til forskere og undervisere, samt sikre at U&H-sektoren er fleksibel nok til å svare på et stadig større og mer sammensatt samfunnsoppdrag.

Stigen er konstruert som et kontinuum hvor en kombinerer trekk fra den tidligere dosent-stigen samtidig som det lages en stige for den voksende gruppen av forskere i U&H-sektoren. Ansatte i stigen har mulighet til å drive både forskning og utdanning, men vekten vil

Stillingsstruktur ved universiteter og høyskoler

varierte og styres etter institusjonenes behov og den ansattes interesser og kompetanse. Ved å se forskning og utdanning mer i sammenheng, adresserer stigen også institusjonenes behov for økt fleksibilitet i bruken av ansatte. Dette er særlig viktig for institusjoner som satser tungt på forskningsbasert eller forskningsnær utdanning, samt for de som har et særlig behov for å kombinere forskningsbasert og praksisnær utdanning. Det vil også være viktig for institusjoner og enheter i sektoren som er særlig avhengige av eksterne inntekter, enten dette er forskningsmidler eller midler til etter- og videreutdanning (EVU). Noen institusjoner vil først og fremst bruke lektorsiden av stigen, mens andre institusjoner i hovedsakelig vil bruke forskersiden. Dette vil også kunne variere mellom enheter innenfor institusjonene. Likevel er det avgjørende å se lektor- og forskerstillingene i sammenheng slik at institusjonene får den fleksibiliteten som gjør at de som helhet kan settes bedre i stand til å ivareta hele sitt spekter av oppgaver. Samtidig er det utvalgets oppfatning at denne stigen vil legge godt til rette for økt bruk av faste stillinger siden ansatte i større grad enn i dag kan anvendes bredere enn tilfelle ellers ville være.

I tillegg svarer denne stigen til flere profesjonsutdanningers behov for et delt (og likeverdig) ansvar mellom utdanningsinstitusjon og arbeidsliv/praksissted i opplæringen av profesjonsstudenter. Flere profesjonsutdanninger har delte stillinger for å sikre sterk praksisnær utdanning som oppfyller utdanningenes formål. Et eksempel er at kandidatenes praksisopplæring foregår i praksisfeltet under veiledning og vurdering av kompetente praksisveiledere fra arbeidslivet. Et annet eksempel er at profesjonsutdanninger knytter til seg profesjonsutøvere i undervisning for å bidra til relevant sammenheng mellom teori og praksis. Flere som har slike delte stillinger bidrar også inn i forskningen i U&H-sektoren.

For den enkelte medarbeider vil stigen gi mer stabile ansettelsesforhold og mulighet for mer varierte oppgaver. Ved å ha flere nivåer vil ansatte også kunne utvikle seg i stigen. Eksempelvis vil de tre øverste nivåene kunne gi muligheter til å ha høyere lederverv på institutt- og fakultetsnivå på lik linje med ansatte i professor-stigen. Dette vil kunne gjelde lederoppgaver både innen forskning og undervisning. Videre bør stigens fokus på ledelse i de to øverste nivåene være med å bygge en kultur for mer aktiv ledelse i hele sektoren. Stigen skal i seg selv være attraktiv nok til at ansatte utfordres gjennom hele karrieren. Samtidig gis forskere og lektorer mulighet til å delta i undervisning og forskning og kan dermed kvalifisere seg i konkurransen om stillinger i professor-stigen.

FL-stigen vil bestå av to stillingstyper med glidende overganger: forsker og lektor. Hvorvidt den ansatte er ansatt som forsker eller lektor vil variere av vektingen oppgavene, for eksempel slik:

- Ansatte i denne stigen som i sin stilling utfører forskningsoppgaver i mer enn 50% av normert arbeidstid i stillingen, kan bruke stillingsbetegnelsene som *forsker* i stigen.
- Ansatte i denne stigen som i sin stilling utfører undervisningsoppgaver i mer enn 50% av normert arbeidstid i stillingen, kan bruke stillingsbetegnelsene som *lektor* i stigen.
- Ansatte som har en (tilnærmet) 50-50 fordeling mellom forskning og undervisning kan bruke betegnelsen *forskningslektor* i stigen.

Stigen vil ha fire nivåer ettersom inngangsnivået forskningsassistent og lektor krever doktorgrad eller tilsvarende. De tre øvre nivåene tilsvarer de tre nivåene i professor-stigen.

Nivå	Rolle	Utdanningskrav	EUs rammeverk
Fakultetslektor	Har en ledende stilling innenfor	PhD eller	R4 Leading researcher and/or

Stillingsstruktur ved universiteter og høyskoler

Fakultetsforsker	forskning eller utdanning, og kan lede grupper av ansatte på lavere nivå i stigen. Bør også kunne ha et særlig ansvar for å skaffe eksterne midler, for eksempel til forskning og EVU.	tilsvarende	leading lecturer
Seniorlektor Seniorforsker	Vedkommende er en erfaren forsker og/eller underviser. Er aktivt med i utviklingen av forskningsprosjekter og undervisning. Leder delprosjekter i forskning, samt er en naturlig leder av utdanningsprogram eller utdanningsprosjekter.	PhD eller tilsvarende	R3 Established researcher and/or established lecturer
Forsker Førstelektor	Bidrar inn i andres forsknings og undervisning med spesialkompetanse.	PhD eller tilsvarende	R2 Recognised researcher (PhD holders or equivalent who are not yet fully independent) and or recognised lecturer
Forskningsassistent Lektor	Assisterer i forsknings- og undervisningsarbeid.	Mastergrad	R1 First stage researcher and/or lecturer (up to the point of PhD or equivalent)

Inngangsnivået i stigen krever ikke doktorgrad i dag. Fra nivå to og oppover kreves doktorgrad eller tilsvarende.

Mulige engelske titler vil på “forsknersiden” av FL-stigen kunne være *research assistant*, *research scientist*, *senior research scientist*, *faculty research scientist* og på den andre siden av stigen *assistant lecturer*, *research lecturer* (førstelektor), *senior research lecturer* og *faculty research lecturer*. Her kan det utvikles ulike varianter avhengig av forståelsen av disse begrepene, men dette er en tittelbruk som er rimelig konsistent med internasjonal praksis og med det utvalget oppfatter er innholdet i de arbeidsoppgaver som de ansatte i denne stigen utfører.

4.2.6. Professor-stigen

Utvalget foreslår at professor-stigen ikke endres, men at et tredje nivå over vanlig professor, som i dag ligger inne med en variant i stillingskodesystemet, utvikles og synliggjøres bedre. Dette betyr en stige med tre trinn mot det som i dag er eller oppfattes som to trinn. Et forslag er å bruke tittelen fakultetsprofessor (*faculty professor*) på dette topptrinnet. I FL-stigen er institusjonenes kontinuerlige behov for fleksibilitet av stor betydning, eksempelvis når det gjelder tidsavgrensede forskningsprosjekter og undervisningsoppgaver. I professor-stigen har ansatte en fastere definert forskningstid, og det gir i sin tur et bedre forsvar for den individuelle friheten som eksisterer i dag.

Nivå	Rolle	Utdanningskrav	EUs rammeverk
Fakultetsprofessor	Vedkommende er en sterkt merittet vitenskapsperson, og har gitt solide bidrag i utviklingen av en institusjons vitenskapelige grunnlag gjennom å ha ledet oppbygging av viktige forsknings- og	PhD	R4 Leading researcher and/or leading lecturer

Stillingsstruktur ved universiteter og høyskoler

	utdanningsaktiviteter.		
Professor	Som i dag.	PhD	R3 Established researcher and/or established lecturer
Førsteamanuensis	Som i dag.	PhD	R2 Recognised researcher (PhD holders or equivalent who are not yet fully independent) and/or recognized lecturer

Utvalget anbefaler minstekravet på PhD for å tre inn i professor-stigen, men økt konkurranse tilsier at det reelle kravet vil bli betydelig høyere hos de fleste institusjoner. I en overgangsfase vil kandidater fra dosent-stigen med kompetanse tilsvarende PhD kunne gå over i denne stigen. Bruken av engelske titler vi være som i dag, bortsett fra utvalgets forslag om å bruke tittelen *faculty professor* på øverste nivå.

4.3. Utfyllende kommentarer til stillingskartet

En viktig forutsetning for å få til den fleksibiliteten som stillingskartet er laget for å bidra til, er at selve *stigen* betraktes som faglig likeverdige i minst tre betydninger. Den ene sier at det skal være en åpning for en som er ansatt på et bestemt nivå i en av stigen til å søke seg over til samme nivå i en av de andre stigen. Der forskjellene i arbeidsoppgaver (på dette nivået) i utgangspunktet er store, vil det likevel – i enkelte tilfelle fra begge parter – kunne bli behov for å klargjøre arbeidsforpliktelsene i den nye stillingsstrukturen ved å forhandle frem en ny avtale.

Den andre betydningen av faglig likeverdighet sier at siden utvalget foreslår en utfasing av den nåværende dosent-stigen, må de som i dag befinner seg i denne stigen selv kunne velge mellom å være der ut sin arbeidstid eller å bli innplassert i den nye stillingsstrukturen etter forslag fra den institusjonen vedkommende tilhører.

Den tredje betydningen tar utgangspunkt i vilkårene innenfor den stigen som tradisjonelt har hatt (og fortsatt har) gode insentivordninger, nemlig professor-stigen. For å gjøre de ulike stigen og nivåene attraktive og mulige, mener utvalget at institusjonene må utarbeide insentivordninger også for de andre stigen. Disse ordningene bør tilpasses arbeidsoppgavene innenfor den stige arbeidstakeren befinner seg i, og kan ta form av f.eks. lønn, arbeidsvilkår, karriereutviklingsprogram/kurs, forskning-/studietid og teamarbeid. Målet er at ansatte skal oppleve at hver stige og kategori er likeverdig i form av status og mulighet til videreutvikling basert på formaliserte insentiver. Eksempelvis vil det å kunne rykke opp fra lektor til førstelektor innebære at den ansatte får tilgang og tid til å kunne kvalifisere seg videre. Et annet eksempel kan være at ansatte i de tre øverste nivåene i FL-stigen får tilgang til forsknings- og/eller undervisningstermin for vedlikehold og videreutvikling av sin kompetanse. I tillegg er det av stor betydning at lederoppgaver gjøres tydelig meritterende og inngår som en viktig del av opprykk eller ved søkning over til annen stige.

Eksisterende og forventede finansieringsmønstre tilsier at en stadig større andel av forskningsfinansieringen vil komme gjennom prosjekter finansiert av eksterne kilder. Dette gjelder personell i alle stiger, selv om det i overskuelig fremtid vil ha et større omfang i FL- og fagstøtte-stigen enn i professor-stigen. Dette krever aktiv og forutseende ledelse på alle nivåer, bl.a. for å fremme en felles forståelse av at personell i større utstrekning enn i dag kan brukes på tvers av prosjekter og aktiviteter. Et viktig argument for FL-stigen er også behovet for å bruke forskere og lektorer i større grad på tvers av forskning og utdanning, samt ansatte i delte stillinger.

Stillingsstruktur ved universiteter og høyskoler

Utvalget foreslår også en snevrere bruk av postdoktorstillinger. Grunnen er at den primære oppgave for en postdoktor er å gjøre seg selv, under kyndig veiledning, best mulig kvalifisert for en stilling i professor-stigen, ikke å svare ut et gitt prosjekts målsettinger. Den sistnevnte oppgaven tilhører forskere i FL-stigen, selv om det selvfølgelig også er slik at en gitt postdoktor i et gitt prosjekt kan svare ut begge deler. Utvalget mener også at en postdoktor bør, med mindre det er særskilte grunner for det, ansettes for en periode på 4 år med 25% undervisning, for bedre å kunne kvalifisere seg til å søke stillinger i professor-stigen.

Karriereveiledning har over de siste årene blitt satt tydelig på dagsorden, og flere institusjoner har etablert eller er i gang med å etablere opplegg for karriereveiledning for PhD og postdoktorer. Den omlegging utvalget foreslår i denne rapporten tilsier at dette arbeidet fortsetter og videreutvikles for en stadig større gruppe mennesker i forskerutdanning og kvalifiseringsstillinger. I dette bildet er det særlig viktig å ha fokus på likestilling mellom kjønnene og å sikre (etnisk) mangfold i sektoren, jf. drøftingene i seksjon 3.2.



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 18/07552-1
Sakshandsamar Anne Brit Lauvsnes

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
26.09.2018

73/18

**STATUS KOMPETANSE (FAGLEG/FAKULTETVISE) OG PROSESS
FOR VIDARE ARBEID MED KOMPETANSEUTVIKLING**

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek saka til orientering.

Samandrag

Styret vert i denne saka orientert om det vitskaplege kompetansenivået i HVL, og kva kompetansebehov HVL har i lys av universitetsambisjonen.

Vedlegg:

Saka har ikkje vedlegg

Utrykte vedlegg

Styresak 27/17: Økonomisk status og analyse for HVL: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2016-2017/2017-05-innkalling-oppdaterert.pdf#page=5>

Saksframstilling:

Bakgrunn for saka

I fusjonsavtalen vert HVL sitt mål om å bli eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil slått fast. I avtala går det fram at HVL skal «byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø som set spor nasjonalt og internasjonalt». Dette er ein høg ambisjon som krev at HVL arbeider strukturert og målretta for å komme i mål. Samtidig må HVL oppretthalde eksisterande akkrediteringar av utdanningar ved å sikre riktig kompetanse knytt til kvart enkelt fakultet si studieportofølje.

Styret har etterspurt ein personalpolitisk plan med rekrutteringsstrategi og plan for kompetanseheving (sak 27/17). Denne saka tek for seg status for kompetansenivået, og prosessen HVL må gjennomføre for å nå det kompetansenivået HVL må dokumentere i ein universitetssøknad.

Kompetansebehov i høve til universitetssatsinga

Ein søknad om universitetsakkreditering handlar kort om at HVL skal dokumentera at vi er gode nok til at vi sjølv kan ta ansvar for oppretting av studium på alle nivå. Vi skal sjølv kunne ta ansvar for at vi leverer utdanningar med høg internasjonal kvalitet frå bachelor til ph.d-nivå, utan at NOKUT treng gå inn med ein sakkunnig komité for å godkjenne kvart enkelt studium. Når det gjeld kompetanse, skal «Institusjonen [...] ha tilstrekkelig antall ansatte med høg faglig kompetanse innanfor utdanning, forskning eller kunstnerisk utviklingsarbeid, faglig utviklingsarbeid og formidling innanfor institusjonens faglige virksomhet» (Kunnskapsdepartementets studiekvalitetsforskrift § 3-8).

HVL må dokumentere at vi har kompetansen som trengst for å drive studieporteføljen som ligg til kvart enkelt fakultet. Samansetninga av porteføljen blir eit viktig grunnlag for vurdering av kompetanse og behov. Studium på master- og ph.d.-nivå krev større del fagtilsette med førstekompetanse enn studium på bachelornivå. Arbeid med gjennomgang av studieporteføljen ved HVL startar hausten 2018, leia av prorektor for utdanning Bjørg Kristin Selvik (styresak 47/18).

NOKUT følgjer opp Kunnskapsdepartementet sitt regelverk. NOKUT set som krav at HVL må ha relevant kompetanseprofil, og at samla kompetanse skal vere på nivå med samanliknbare institusjonar innanfor same institusjonskategori. Som ein institusjon med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil vil det i denne samanheng bli naudsynt å dokumentere forskingskompetanse, utdanningsfagleg kompetanse og praksiskunnskap. Samanliknbare institusjonar kan mellom anna være OsloMet og USN, som nyleg har fått universitetsstatus. I begge institusjonane sine universitetssøknadar vert den samansette kompetansen i det vitskaplege personale løfta fram som ei styrke sidan dette er institusjonar med mange praksisretta utdanningar. I tillegg syner dei korleis det vert jobba systematisk med å auke førstekompetanse og professor-/dosentkompetanse, og legg fram plan for korleis dei vil halde fram med dette arbeidet også etter oppnådd universitetsstatus.

Tabell 1 under synar tal på førstekompetanse og professor-/dosentkompetanse ved norske universitet i 2016:

Tabell 1*

Tall for 2016	UiO	NTNU	UiB	UiT	NMBU	UiA	UIS	Nord (UiN)	HVL	HiOA	HSN
Antall studenter	28 027	39 720	16 555	16 151	5 179	12 713	10 888	12 069	16606	20 455	18 060
Antall årsverk UFF-stillinger	3727	4282	2192	2010	821	646	873	721	1056	1279	946
Andel 1. stillingskompetente årsverk	90,5	77,3	91,8	71	94,5	70,5	71	55,7	41,7	62	54,1
Andel professor- og dosentårsverk	36	28,5	40,4	24,9	33,5	28,2	25	16,9	9,1	11,1	15,4

*Tabellen er henta frå rapport om realisering av universitetsambisjonen (styresak 58/17), som har henta tala frå DBH. Tala tek utgangspunkt i både faste og mellombelse stillingar.

Då HiOA sendte inn universitetssøknaden sin i 2017 hadde 62 % av dei fagtilsette førstekompetanse og 11 % professor-/dosentkompetanse. HSN kunne i sin universitetssøknad vise til ca. 54 % førstekompetanse og 15 % professor-/dosentkompetanse. Tala frå HVL same året var 41 % tilsette med førstekompetanse og 9 % tilsette med professor-/dosentkompetanse.

Tabell 2 under viser utviklinga av undervisning, forskning og formidlingsstillingar (UFF-stillinger) ved HVL frå 2014 til og med 2017, saman med tal på studentar. Denne viser at her har det vore ei positiv utvikling når det gjeld kompetansenivå.

Tabell 2*

	2014	2015	2016	2017
Tal studentar	15 508	16 015	16 606	16 217
Tal årsverk UFF-stillinger	937	988	1056	1088
Prosent årsverk førstekompetanse	38,1	40,3	41,7	51
Prosent årsverk professor og dosent	7,0	8,9	9,1	11,7

*Tala er henta frå årsrapporten 2017, som har teke utgangspunkt i tal frå NOKUT-rapporten.

HVL har hatt ei jamn auke i både førstestillinger og toppkompetanse (professorar og dosentar), og ligg no på over 51 % førstekompetanse og over 11 % professor- og dosentstillingar. Dermed nærmar HVL seg nivået til HiOA og USN ved tidspunkt for søknad om universitetsakkreditering. Rapport frå komiteen som godkjente HSN som universitet viser at institusjonen har forplikta seg til å halde fram arbeidet med å heve del tilsette med førstekompetanse og toppkompetanse:

«Når det gjelder andelen årsverk i førstestillinger, og i professor-og dosentstillinger, er denne lav sammenliknet med andre norske universiteter. Noe av årsaken ligger i HSNs portefølje med mange studieprogrammer på bachelornivå og HSNs profesjonsinnretning. Likevel innser ledelsen ved HSN at andelen i førstestillinger må økes. I sin søknad og i tilleggsdokumentasjon av januar 2018 gjør HSN rede for en lang rekke tiltak som er satt i gang for å heve andelen. Dette er tiltak som førstelektorprogram, toppstillingsprogram, større internasjonal rekruttering og mer. Komiteen berømmer HSN for denne brede og målrettede satsingen, som er både konkret og preget av realisme.»

Bruk av del førstekompetanse og professor-/dosentkompetanse som mål på høg fagleg kompetanse og høg internasjonal kvalitet

Bruk av del førstekompetanse og professor-/dosentkompetanse for å dokumentere høg fagleg kompetanse heng saman med krav i universitet- og høgskulelova om at institusjonen skal tilby høgare utdanning som er basert på det fremste innan forskning, faglig og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap. Dette er operasjonalisert av NOKUT gjennom krav til institusjonen om å greie ut følgjande: korleis ein klarer å ivareta at utdanning skal vere forskingsbasert frå bachelor- til ph.d.-nivå. Krav til førstekompetanse og professor-/dosentkompetanse i fagmiljø ved studium på dei ulike nivåa er spesifisert i krav til fagmiljø frå NOKUT (studietilsynsforskrift § 2-3). I tillegg viser rettleiaren til søknad om universitetsakkreditering at ein søknad må dokumentere kor stor del av undervisning på lågare grad som vert gjennomført av forskarar med førstekompetanse. Dette indikerer eit krav, ikkje berre til førstekompetanse *i fagmiljø* for dei ulike studia, men at vi har nok tilsette med førstekompetanse/FoU-tid til at dei kan brukast inn i undervisning på alle studium vi tilbyr.

Ein tilstrekkeleg høg del tilsette med førstekompetanse og professor-/dosentkompetanse er også ein viktig føresetnad for at HVL skal nå universitetskravet om å drive forskning av høg internasjonal kvalitet. Dette kravet er mellom anna diskutert i rapport om realisering av universitetsambisjonen som vart lagt fram for høgskulestyret i juni 2017 (sak 56/17). Rapporten viser til at HVL må auke både publiseringspoeng og hente inn meir eksterne forskingsmidlar for å kunne vise til høg internasjonal kvalitet.

Tabell 3 under viser kva førstekompetanse og toppkompetanse fakulteta hadde pr. juni 2018.

Tabell 3*

Fakultet:	FLKI	FØS	FHS	FIN
Førstekompetanse:	46,9 %	54, 3 %	39 %	55, 3 %
Professor/dosent:	10, 7 %	16,7 %	9,8 %	14,6 %

*Tala er henta frå personalsystemet SAP/DFØ. Tala for 2018 må oppdaterast når DBH sine tal er klare i november 2018. Tala inkluderer både mellombelse og fast tilsette. Det er stor sannsynlegheit for at tala i NOKUT-portalen i november 2018 vil vere noko høgare enn tala her, fordi dei i NOKUT-portalen vil bli «reinvaska» ved å trekke ut til dømes fagskuleutdanningar frå grunnlagsmateriale. Sidan fakulteta ikkje var på plass før rapportering for 2017, eksisterer det ikkje tal pr.fakultet for dette i NOKUT-portalen for 2017.)

Tabell 4 viser fordelinga mellom kvinner og menn i førstestillingar og toppkompetanse i fakulteta.

Tabell 4*

Fakultet:	HVL samla	FLKI	FØS	FHS	FIN
Førstekompetanse del kvinner:	52,6%	56,6 %	37,7 %	74,2 %	33,4 %
Professor/dosent del kvinner:	39,1 %	45,5 %	29,8 %	60,1 %	16 %

*(Tala er henta frå personalsystemet SAP/DFØ. Tala for 2018 må oppdaterast når DBH sine tal er klare i november 2018.)

For å utarbeide ein god kompetanseplan med framtidige rekrutteringsbehov og opprykksmoglegheiter, må samansetnad av alder og aldersavgang innan ulike fagmiljø analyserast. Talet på personar som går av grunna alder i løpet av dei neste ti åra varierer frå fakultet til fakultet, men er generelt høgt. Samtidig var det 129 årsverk i HVL i rekrutteringsstillingar i 2017. 65 av desse årsverka var stipendiatar.

Utdanningsfagleg kompetanse

Fokus på dei fagtilsette sin utdanningsfaglege kompetanse har fått auka merksemd den siste tida. Frå og med hausten 2019 vil det bli innført nye krav om pedagogisk kompetanse ved høgskular og universitet. I stortingsmelding 16 «Kultur for kvalitet i høgare utdanning» frå 2017 blir det vist til at pedagogisk kompetanse og undervisningserfaring i større grad skal vektleggast ved tilsetjing og opprykk. Det vert også uttrykt ei forventning om at universitet og høgskular må gje høgare prioritet til forskning på, og utvikling av eigen utdannings- og undervisningspraksis. I tråd med dei politiske signala vart det ved revisjonen av studietilsynsforskrifta til NOKUT i 2017 innført eit nytt krav om at «Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha relevant utdanningsfaglig kompetanse». Dette femnar om UH-pedagogikk, didaktikk og kompetanse til å nytte digital teknologi for å fremma læring.

Fleire av universiteta i Noreg har utvikla eller starta arbeidet med å utvikle meritteringssystem for utdanningsfagleg kompetanse, mellom anna OsloMet, UiB, NTNU og UiT. Ved HVL er det starta eit arbeid med å etablere *Eining for fornying av læring og undervisning*. Eininga skal mellom anna legge til rette for utdanningsfagleg kompetanseutvikling¹. Med omsyn til status for utdanningsfagleg kompetanse i fagmiljø har vi ikkje tal på det per dags dato, men alle fagtilsette i fast stilling skal ha gjennomført kurs i høgskulepedagogikk seinast to år etter tilsetjing.

Praksiskunnskap

NOKUT sitt krav til praksiskunnskap i fagmiljø er også særskild relevant for HVL når det gjeld utviklinga av kompetansestrategiar: «For studietilbud med obligatorisk praksis skal fagmiljøet tilknyttet studietilbudet ha relevant og oppdatert kunnskap fra praksisfeltet. Institusjonen må sikre at praksisveilederne har relevant kompetanse og erfaring fra praksisfeltet.» Mange av HVL sine studietilbod er avhengig av tett kopling til praksisfeltet for å kunne gi ei god utdanning for studentane. Dette må ivaretakast når den samla kompetanseporteføljen til fagmiljøa vert utarbeidd.

Prosess for vidare arbeid med kompetanseutvikling

I det føregåande har gjort greie for status på kompetansenivået i undervisnings- og forskarstillingar i HVL. Førstekompetanse og professor-/dosentkompetanse vert vurdert som avgjerande mål på fagleg kompetanse og høg internasjonal kvalitet i samband med ein universitetssøknad. Utreiinga har vist at HVL treng å auke nivået på fagleg kompetanse slik at del førstestillingar og professor/dosent blir høgt nok til å bli akkreditert som universitet.

I det vidare arbeidet med kompetanseutvikling ved HVL vil det vere behov for at kvart enkelt fakultet set måltal for del førstestillingar og professor/dosent ut frå sine studium og generelle behov. Dette bør gjerast med blick på studieporteføljen til

¹ Rapport: Etablering av eining for utvikling av undervisning og læring ved HVL, 22.06.18. s. 6

fakulteta, og status med omsyn til indikatorar for forskingskvalitet som publiseringspoeng, eksterne forskingsmidlar etc. Med måltal og informasjon om status per i dag kan ein starte arbeidet med kompetanseplanlegging og foreslå meir konkrete tiltak både for kvart einskilde fakultet og for institusjonen som heilheit. Nokre av fakulteta er godt i gang med dette arbeidet. Det er også etterspurt informasjon om kor mange førstekompetente det er på kvar studiestad, og i kva omfang fakulteta nyttar toarstillingar. Eit godt grunnlagsmateriale vil gjere det mogleg å framskrive status på kompetanse for 2023. Med dette som bakgrunn kan det utarbeidast eit godt og strategisk relevant kompetanseutviklingsprogram som også ser på kva for nokre tverrgåande og institusjonelle tiltak som bør setjast i verk.

Rektor sin vurdering

Utgreiinga viser at HVL jobbar heilskapleg og på fleire nivå med kompetanseutvikling, i tråd med nasjonale føringar og universitetsambisjonen. Det er viktig at arbeidet vidare vert samkøyrte og godt dokumentert, slik at ein kan få effektivisert prosessar som samsvarar med kompetansebehovet på kvart enkelt nivå i organisasjonen.



Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 18/07634-1
Saksbehandler Even Oleson Sørland

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
26.09.2018

74/18

LOKALE LØNNSFORHANDLINGAR I 2018

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret tek vurderingane i saka til orientering.
2. Styret syner til rektors omtale i saka, og løyver kr. 1 500 000 til tilskot til potten. Tilskotet blir fordelt forholdsmessig på dei to avtalane.
3. Styret ber om å bli orientert om resultatet av dei lokale lønnsforhandlingane til styremøtet i januar.

Samandrag

Saka gjeld ordinære lokale lønnsforhandlingar etter Hovudtariffavtalen i staten (HTA) pkt. 2.5.1. Det blir gitt ei kort, generell orientering om dei pågåande endringane i lønssystemet i staten: Deretter omtalast ny lønnspolitikk for HVL og rammene for dei lokale forhandlingane ved HVL i 2018 skildrast nærare.

Rektor gir ei kort vurdering av viktige omsyn ved årets forhandlingar, og omtaler dialogen som har vore mellom partane lokalt knytt til fastsetting av ny lokal lønnspolitikk. Arbeidstakarorganisasjonane sitt brev til styret med ønske om tilskot til forhandlingspotten blir kommentert særskilt. I lys av situasjonen ved HVL ber rektor styret vurdere eit slikt tilskot til potten, men med ei noko anna grunngjeving.

Vedlegg:

1. Lønnspolitikk for HVL
2. Brev frå organisasjonane om tilskot til potten

Saksframstilling:

1 Lønnsoppgjeret 2018 – kort om utfallet

1.1 Endringar i lønssystemet i staten

Utfallet av hovudtariffoppgjoret 2018 blei som kjent at det framleis er to ulike hovudtariffavtaler i Staten. For begge avtalane skal det gjennomførast lokale forhandlingar (2.5.1-forhandlingar) med store lokale potter. Fristen for å ha gjennomført desse forhandlingane lokalt er 31. oktober 2018.

Dei to nye tariffavtalane er framleis likelydande på andre område enn det som gjeld lønn/ lønssystem. På lønnsområdet er det større skilnader enn i førre tariffperiode. Avtalen med Akademikerne har t.d. eit nytt system for ansiennitetsopprykk, medan ein i avtalen med LO/Unio/YS har vedlikehalde og utvikla det etablerte lønnsrammesystemet.

1.2 Avsetningar til lokale forhandlingar hausten 2018

For LO/Unio/YS er det gitt eit generelt tillegg på hovudlønnsstabellen (Tabell A) i form av reine prosenttillegg med verknad frå 1. mai 2018. Dette generelle tillegget utgjør om lag 50 % av årets oppgjør under denne avtalen. Resten skal fordelast lokalt.

For Akademikerne er heile oppgjeret satt av til lokal fordeling. Dette inneber at det er ein større sum per hovud til fordeling på dei som høyrer under denne avtalen i dei lokale forhandlingane.

Uorganiserte følger største avtale – altså LO/Unio/YS.

1.3 Lokale pottar for HVL

Fastsetjing av lokale forhandlingspottar skjer etter ein fastsett mal frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, basert på funksjonen av eit berekna lønsgjennomsnitt for dei tilsette knytt til dei to avtalene, avtalt prosenttillegg etter HTA og talet på heile årsverk per 1. mai 2017. For HVL blir forhandlingspottane slik:

- Akademikerne: **kr. 3 779 626**
- LO/Unio/YS: **kr. 15 619 499**

Desse kronebeløpa angir heilårsverknaden for tillegg. På grunn av verknadstidspunkta (høvesvis 1.5. og 1.7.), vil full effekt først komme på 2018-budsjettet.

I tillegg til denne sentrale avsetninga har HVL som arbeidsgjevar etter avtaleverket (HTA 2.5.1 første ledd bokstav b) høve til å sette av økonomiske middel lokalt. Rektor vil kommentere dette nærare i pkt. 3.3 under.

1.4 Kort om gjennomføringa

Det er HVL som institusjon som er forhandlingsstad, og forhandlingane vil ikkje bli delegert vidare ned i organisasjonen i årets oppgjør. Som i 2017, vil organisasjonsdirektøren forhandle på vegner av høgskulen, med støtte frå personalfunksjonane i de tre nærregionane.

Det er gjennomført separate førebuande møte med organisasjonane etter dei to hovudtariffavtalane, og køyreplan for gjennomføringa er fastsett. Arbeidet med førebuing av krav frå HVL er sett i gang i fakultet og administrative avdelingar, ut frå kriteria i ny lønnspolitikk og i dialog med strategisk leiargruppe.

2 Ny lønnspolitikk for HVL

2.1 Bakgrunn

Lønnssystemet i staten føreset at partane i kvar einskild statleg verksemd skal utforme ein omforent lokal lønnspolitikk. Dette skal vere eit felles grunnlag for bruken av lønnssystemet lokalt for å nå måla til verksemda. Etter førebuing i ei partssamansett arbeidsgruppe, blei ny lønnspolitikk fastsett i møte mellom partane 10. september. Dokumentet bygger på den førebelse lønnspolitikken som blei fastsett i 2017, men er bygd ut på viktige område. I utforminga av den nye lønnspolitikken er det lagt vekt på å gje tilsette og leiarar eit godt praktisk reiskap for å kunne orientere seg i lønnssystemet og i verkemidla slik dei blir praktisert. Dokumentet skal bidra til føreseielege prosessar og sikre like vurderingar.

2.2 Mål for lønnspolitikken

Målet for lønnspolitikken er skildra slik i dokumentet:

Lønnspolitikken til HVL skal spegle den nye organisasjonen, og gje partane i fellesskap eit grunnlag for å ta i bruk verkemidla i lønnssystemet for å støtte opp under den nye høgskulen sin utvikling gjennom eit konstruktivt og effektivt partssamarbeid. Dokumentet skal regulere samarbeidet og verkemiddelbruken og avklare prosedyrar for prosessar etter HTA.

Lønnspolitikken skal:

- støtte opp om dei overordna måla i fusjonsplattforma og strategisk plan
- skape transparens, forståing og føreseielegheit og gi tilsette og leiarar eit godt grunnlag for å orientere seg i lønnssystemet
- legge til rette for at Høgskulen på Vestlandet skal kunne rekruttere og behalde kompetente og motiverte medarbeidarar i alle nærregionane
- gjere partane ved HVL i stand til å ta eit større ansvar for heilskapen i lønnsoppgjera
- legge grunnlag for eit langsiktig arbeid for å skape ein einskapleg lønnsstruktur i HVL

Desse målformuleringane er eit viktig felles grunnlag for samarbeidet med dei tillitsvalde, og eit nyttig supplement til kriteria som skal nyttast i lønnsvurderingar.

2.3 Bruk av lønnspolitikken – kriterium og lønssamtale

Heilt sentralt i lønnspolitikken står kriteria for vurdering av individ i lokale lønnsforhandlingar. Partane har valt å gå vekk frå den tidlegare tradisjonen med svært detaljerte kriterium. I staden er det sett opp tre hovudgrupper kriterium, kvar av desse med fleire konkrete underpunkt. Hovudgruppene angir følgjande tre grunnlag:

1. Innsats og kvalitet i utføring av arbeidsoppgåver i stillinga
2. Bidrag til utvikling og deling av kompetanse
3. Bidrag til utvikling og organisasjonsbygging

Lønnskriteria skal forankrast i kriteria, med ei kort, konkret grunngjeving som gjeld den einskilde tilsette. Ved at sjølv kriteria ikkje er for spesifikke, vil tilsette i alle typar stillingar ha same høve til å knytte sin eigen innsats til kriteria og grunngje dette ut frå sitt perspektiv. Strukturen med tre hovudgrupper er valt for å vise veg og knytte kriteria til høgskulen sine overordna mål. Bruk og vidareutvikling av kriteria vil vere fast tema mellom partane.

Kriteria er utforma ut frå partane si felles vurdering av høgskulens behov, og for å gi eit godt utgangspunkt for avklaring av forventingar og annan dialog mellom leiarar og tilsette. Særleg er den årlege lønssamtalen ein viktig arena for slik dialog. Lønnspolitikken skildrar måten kriteria er tenkt brukt nærare, og omtalar også prosedyrar og praktiske ting.

Lønnspolitikken er laga for stå seg over tid, men det er samtidig lagt inn mekanismar for å vurdere innretninga og gjere justeringar når partane meiner det er grunnlag for det. Dokumentet ligg ved til orientering.

2.4 Særskilt om utjamning av lønnskilnader

Eitt av dei overordna, omforente måla i den nye lønnspolitikken er å «legge grunnlag for eit langsiktig arbeid for å skape ein einskapleg lønnsstruktur i HVL». Dette er eit tema mange har vore opptekne av knytt til fusjonen og etableringa av HVL. Partane har hatt spørsmålet om utjamning oppe til diskusjon ved fleire høve, men har enno ikkje ei eins forståing av korleis slike skilnader skal identifiserast.

Med dreininga i retning av større lokalt ansvar for lønnsutviklinga, vil partane ved HVL ha ei felles utfordring i å sjå på strukturen litt meir overordna. Institusjonane som no utgjør HVL har ulik historikk, og det ligg t.d. framleis spor etter fusjonane i 1994 i lønnsstrukturen. Ikkje minst gjer det at HVL har geografisk nedslagsfelt i fleire ulike arbeidsmarknader det vanskelig å identifisere det som ev. er ugrunna skilnader. Lønnspolitikken tek høgde for dette, og omtaler mellom anna *marknadsvurderingar* i tillegg til reine stillingsvurderingar og arbeidstakarvurderingar. Slike marknadsvurderingar er ein viktig del av lønnsfastsetjinga, og det er viktig at HVL brukar omgrep som gjer det mogleg å systematisere og synleggjere elementa i lønnsvurderingane.

Spørsmålet om ugrunna lønnskilnader er utfordrande, og det er ikkje lett å finne klare definisjonar og årsakssamanhengar. Den metodiske tilnærminga vil også ha innverknad på kva type skilnader ein fangar opp. Temaet kan vurderast og ev. korrigerast på både gruppenivå eller individnivå, med ulikt resultat. Skilnader kan også oppstå og utvikle seg på andre måtar. Til dømes er ein konsekvens av endringane i hovudtariffavtalene er at lønna til tilsette vil kunne utvikle seg noko ulikt ut frå tilhøyrsele til tariffavtale, tekniske ting og ev. også lokale tillegg gitt til einskildgrupper. Dette har vore tilfelle i dei to siste oppgjera, og vil bli endå synlegare frametter.

2.4.1 Heimel for forhandling på særleg grunnlag

Begge hovudtariffavtalane (pkt. 2.5.3 bokstav c) gir partane lokalt heimel for forhandling på særleg grunnlag dersom det:

Er gjennomført omorganiseringer/organisatoriske endringer hvor to eller flere virksomheter/driftsenheter har fusjonert og hvor det som følge av dette har oppstått ubegrunnede lønnsforskjeller. Forhandlinger betinger dekning på virksomhetens budsjett.

Avgjerande for om denne heimelen kan nyttast er altså for det første om eventuelle lønnsforskjellar ein finn etter ein fusjon er *ugrunna*, og for det andre om dei *har oppstått som følgje av fusjonen*. I tillegg må ein finne dekning i budsjettet.

I den førebelse lønnspolitikken som blei fastsett i 2017, var spørsmålet omtalt slik:

Partane er også einige om at ein ikkje vil ha grunnlag for å vurdere om det oppstår ugrunna lønnsforskjellar som følgje av fusjonen før innplasseringa er gjennomført i den nye organisasjonen. Spørsmålet om vurdering og utjamning av eventuelle forskjellar skal ein kome attende til i 2018.

Per september 2018 er innplassering ikkje gjennomført for administrativt tilsette, medan fagtilsette er på plass i ny fagleg struktur.

2.5 Søknad frå organisasjonane om tilskot til forhandlingspotten

Dei seks største organisasjonane ved HVL har i brev av 15. august (vedlagt) bedt styret skyte inn ei ekstraløyving under årete 2.5.1-forhandlingar. Dei har mellom anna vist til:

- Stor belastning for både administrative og faglege tilsette over tid, knytt til fusjon, omorganisering og mellombels organisering kombinert med dagleg drift.
- Uro i organisasjonen og behov for å unngå at tilsette søker seg vekk.
- Behov for å nytte lønnsnivået for å behalde kompetanse og rekruttere ny opp mot universitetsambisjonen og det kommande generasjonsskiftet i akademien.

Organisasjonane ber i brevet om at potten styrkast med kr. 2 500 000.

3 Rektor sine vurderingar

3.1 Ny lønnspolitikk og endringar i lønssystemet

Den nye lokale lønnspolitikken vil vere eit viktig dokument i bygginga av HVL. Den er fastsett i ein positiv og konstruktiv dialog med dei tilsette sine organisasjonar, og rektor ser det som eit viktig mål for HVL å byggje vidare på dette gode samarbeidet. Diskusjonar om prioriteringar og verkemiddelbruk for å nå måla våre er positivt og skjerpande.

Omsynet til å ivareta heilskapen er tatt inn som eitt av måla i lønnspolitikken. Det same gjeld den felles, langsiktige utfordringa i å sikre ein einskapleg lønnsstruktur i HVL. Rektor er oppteken av at dette er spørsmål som må løysast i dialog mellom partane, og har tru på at ein vil finne løysingar saman på både kort og lang sikt. Ein god dialog og gjensidig tillit mellom partane lokalt er avgjerande for at HVL skal vere i stand til å ta i bruk verkemidla i lønssystemet på ein god måte.

Arbeidet med lønnskriteria er ei viktig leiaroppgåve, og ikkje minst ein moglegheit for HVL som arbeidsgjevar til å nytte lønn som verkemiddel. I vurdering/prioritering av einskildtilsette, er det avgjerande å få med leiarane som kjenner dei og arbeider med dei i det daglege. Mange leiarar er framleis relativt nye, og slike vurderingar kan vere ei ny og kan hende krevjande erfaring. Lønnspolitikken gir retning til vurderingane. Det er lagt vekt på å sørge for praktisk tilrettelegging i form av malverk og tal, og på å gje leiarane annan støtte i arbeidet.

Når det gjeld profil og nærare arbeid med HVL sine krav inn mot forhandlingane, vil diskusjonar i og signal frå strategisk leiargruppe vere viktige.

3.2 Nokre viktige omsyn ved dei lokale forhandlingane

Lønnsoppgjøret 2018 er den andre ordinære lokale lønnsforhandlinga som blir gjennomført ved Høgskulen på Vestlandet, men det første hovudoppgjeret, og den første forhandlinga der det blir aktuelt med krav på individ. Potten som er sett av er svært stor samanlikna med det som har vore vanleg tidlegare.

Hovudutfordringa i årets oppgjør er etter rektors syn å forvalte den store potten slik at lønn blir tatt i bruk som strategisk verkemiddel, og slik at ein kan legge eit godt grunnlag for arbeidet med å etablere ein einskapleg struktur. Mykje handlar om at partane saman må finne fram til den rette balansen mellom tiltak på individ- og gruppenivå og det å sikre rimeleg lønnsutvikling for alle tilsette over tid.

3.3 Økonomisk ramme/tilskot til potten

Akademikerne, YS, LO og dei tre Unio-forbunda Forskerforbundet, Utdanningsforbundet og Norsk Sykepleierforbund har søkt om tilskot til potten. I styresaka om lønnsoppgjøret i 2017 rådde rektor til at det ikkje blei gitt tilskot, men signaliserte at det kunne bli aktuelt å vurdere eit tilskot til potten i år. Det blei presisert at dette måtte skje ut frå situasjonen, og for å gi rom for ei meir heilskapleg tilnærming til omorganiseringa og universitetsambisjonen.

Rektor har kome til å anbefale eit slikt tilskot, men med noko annan argumentasjon enn organisasjonane (argumenta frå organisasjonane er samanfatta i punkt 2.5 over), og avgrensa til kr. 1 500 000. Arbeidsgjevar kan ikkje einsidig avgjere kva eit tilskot kan nyttast til, men det er viktig at bakgrunnen for rektor si tilråding og styret si eventuelle tilleggsløyving er klar.

Rektor tek signala frå dei tillitsvalde om uro, slitasje og meirbelastning for alle grupper tilsette på stort alvor. Ein omstillingsprosess kan vere krevjande på mange vis, og det er ikkje urimeleg å legge vekt på dette inn mot ei lønnsforhandling. Likevel vil rektor understreke at ein styrking av potten vil vere ei styrking av det generelle handlingsrommet i forhandlingane, ikkje eit startskot for ein diskusjon om prioritering mellom dei mange som har gjort ein innsats knytt til funksjonen. Heile HVL-organisasjonen har stått på.

Organisasjonane peiker også på at det er avgjerande å behalde og rekruttere høg kompetanse, og at rekruttering knytt til generasjonsskiftet som kjem vil vere viktig. Rektor vil slutte seg til dette, men samtidig understreke at mykje av grunnlaget for dette ligg i strukturelle grep som tydeleggjer at fagleg kompetanse blir verdsett.

Det er også her rektors hovudargument for ein styrking av potten ligg. HVL er i år betre rusta til å gjere både meir strukturelle grep og prioriteringar mellom individ og grupper. Rektor har klare forventingar om at lønnspolitikken skal bli tatt aktivt i bruk. Årets oppgjer bør kombinere 1) at mange skal bli sett og få ei individuell vurdering, og 2) at ein kjem fram til tiltak som syner retning for etablering av lønnsstruktur for HVL. Eit tilskot over eige budsjett vil gjere at potten rekk lenger, og at partane kan få gjort meir.

Rektor håpar at eit slikt auka handlingsrom i årets forhandlingar vil gje partane rom for strukturelle grep som reduserer behovet for vidare diskusjon om særskilte forhandlingar knytt til oppretting av større lønsskilnadar.

SØKNAD OM LOKALE MIDLER TIL LØNNSFORHANDLINGENE 2018

Vi viser til pkt. 2.5.1 første ledd bokstav b i hovedtariffavtalen der det heter at det skal føres lokale lønnsforhandlingar hvis det sentralt er avsatt midler fra den sentrale rammen. I år er det satt av 2,8 % for Akademikerne og 1,9% for øvrige organisasjoner. Videre heter det at arbeidsgiveren kan skyte inn midler/inntekter fra virksomheten. Vi ber om at arbeidsgiveren bidrar med kr. 2 500 000 til de lokale lønnsforhandlingene etter pkt. 2.5.1 første ledd bokstav b i HTA i høst.

Grunnen til at vi ber om at styret skyter inn ekstra midler under året 2.5.1 forhandlingar er blant annet at det i år har vært en stor belastning for ansatte i år. Det vil også i året som kommer vil bli en stor belastning for de tilsatte grunnet fusjon mellom tre tidligere institusjonene HiB, HSH og HiSF = HVL. Organisasjonen har fremdeles ikke satt seg, og mange opplever merarbeid på grunn av at administrativ organisering ikke er ferdigstilt. Det er stor uro i organisasjonen og vi ser at våre medlemmer søker seg vekk fra HVL på grunn av den usikre situasjonen, høyere lønn kan gjøre det mer attraktivt å stå i stillingen her ved HVL. Ikke bare de administrative må sette alle kluter til, men det gjelder også de faglige for at de tre avdelingene skal omorganiseres parallelt med at kollegiet skal gi en kvalitativ god utdanning. En godtgjøring for denne «slitasjen» for alle involverte synes vi er en rimelig påskjønnelse.

Skal høgskulen beholde og rekruttere de beste til forskning, undervisning og administrasjon må høgskolen ha vilje til å vise at kompetanse lønner seg. For å nå universitetsambisjoner i 2023 er målet en økning av førstestillinger fra 40% til 70% og professorer fra 11% til 20%. Da er det viktig at vi beholder den kompetanse vi per i dag har i kollegiet.

Offentlige tall viser også at vi i løpet av kort tid vil ha et generasjonsskifte i academia. For å kunne være attraktive vil lønnsnivået være en viktig faktor for å rekruttere den kompetansen vi ønsker frem mot universitetsstatus.

Bergen, Stord, Sogndal 15.08.2018

Pål-Albert Olsen
Akademikerne
(sign)

Kari Brakstad Smørås
YS
(sign)

Reidun Stavland
NSF
(sign)

Tone Skjerdal
LO
(sign)

Ingrid A R Grønsdal
UDF
(sign)

Gjert-Anders Askevold
FF
(sign)

Lønnspolitikk for Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Fastsett i møte mellom HVL og organisasjonane med forhandlingsrett etter Tenestetvistlova 10. september 2018 (jf. eige referat).

Innhald

1	Kort om lønnsdanninga i staten	2
2	Innleiing	2
2.1	Bakgrunn	2
2.2	Mål for lønnspolitikken	2
2.3	Kort om strukturen i dokumentet	2
3	Fullmakter og retningslinjer	3
3.1	Tilhøvet mellom partane, fullmakter og teieplikt	3
3.2	Delegasjon	3
3.3	Protokollar og informasjon om forhandlingsresultat.....	3
3.4	Tilhørsle til fagforeining.....	3
4	Lønnsplassing	4
4.1	Nytilsetting – HTA pkt. 2.5.5.....	4
4.1.1	Utlysing og tilsetting.....	4
4.1.2	Vurdering innan eitt år	4
4.2	Kompetanseopprykk	4
5	Virkemiddelbruk og prosedyrar ved forhandlingar	5
5.1	Oversikt over virkemiddel	5
5.2	Personal- og lønnsstatistikk.....	5
5.3	Ordinære lønnsforhandlingar etter HTA pkt. 2.5.1	5
5.3.1	Heimel	5
5.3.2	Prosedyre.....	5
5.3.3	Forhandlingar for tillitsvalde	5
5.3.4	Sikring av at alle grupper blir vurderte i lønnsforhandlingar	5
5.4	Forhandlingar etter HTA pkt. 2.5.2 – leiarar	6
5.4.1	Heimel	6
5.4.2	Prosedyre.....	6
5.5	Forhandlingar etter HTA pkt. 2.5.3 – særskilt grunnlag	6
5.5.1	Heimel	6
5.5.2	Prosedyre.....	6
6	Kriterium ved fastsetting og endring av lønn	6
6.1	Innleiing	6
6.2	Tre typar vurderingar	7
6.2.1	Stillingsvurdering	7
6.2.2	Arbeidstakarvurdering.....	7
6.2.3	Marknadsvurdering	7
6.3	Kriterium for arbeidstakarvurderingar i lokale forhandlingar.....	7
6.4	Særskilte grunnlag.....	8
7	Nyttige lenker	8
8	Vedlegg.....	8

1 Kort om lønnsdanninga i staten

Lønnsdanning er regulert i hovudtariffavtalane i staten (HTA), og skjer på følgjande grunnlag:

1	Ved tilsetjing. Utgangspunktet for fastsetting av lønn ved tilsetjing er stillingskode/-ar, lønnsspenn og lønnsramme.	HTA 2.5.5
2	Ny vurdering inntil 12 månader etter tilsetjing. Arbeidsgiver skal inntil 12 månader etter tilsetjing, og ved overgang fra midlertidig til fast tilsetjing, vurdere arbeidstakerens lønsplassering på ny innanfor stillingens lønnsalternativer.	HTA 2.5.5
3	Gjennom ansiennitetsopprykk.	HTA
4	I lokale forhandlingar årleg, dersom det er avsett midlar.	HTA 2.5.1
5	I forhandlingar på særleg grunnlag.	HTV 2.5.3
6	Kompetanseopprykk for vitskapleg personale (Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger).	
7	Eigen heimel for leiarar.	HTA 2.5.2

Verkemidla som kan nyttast er omtalt i HTA pkt. 2.5.4. Lønssystemet i staten føreset at partane i kvar einskild statleg verksemd skal utforme ein lokal lønnspolitikk. Alle tilsette har etter HTA rett til ein årleg samtale om kompetanse, ansvar, lønn og karriereutvikling med sin næraste leiar. Arbeidstakarar som kjem tilbake frå foreldrepermisjon skal få tilbod om slik samtale.

2 Innleiing

2.1 Bakgrunn

Etter fusjonsvedtak i 2016 blei Høgskulen på Vestlandet etablert 1.1.2017. I 2018 skal organisasjonsutviklingsprosjektet munne ut i at alle tilsette blir innplasserte i stillingar i ein ny, felles organisasjon. Omstillingsprosessen er regulert i ein eigen omstillingsavtale og -handbok. I 2017 etablerte partane ein førebels lønnspolitikk. Strukturen i dokumentet har lege til grunn for utarbeidinga av lønnspolitikken som no ligg føre.

2.2 Mål for lønnspolitikken

Lønnspolitikken til HVL skal spegle den nye organisasjonen, og gje partane i fellesskap eit grunnlag for å ta i bruk verkemidla i lønssystemet for å støtte opp under den nye høgskulen sin utvikling gjennom eit konstruktivt og effektivt partssamarbeid. Dokumentet skal regulere samarbeidet og verkemiddelbruken og avklare prosedyrar for prosessar etter HTA.

Lønnspolitikken skal:

- støtte opp om dei overordna måla i fusjonsplattforma og strategisk plan
- skape transparens, forståing og føreseielege prosessar, og gi tilsette og leiarar eit godt grunnlag for å orientere seg i lønssystemet
- legge til rette for at Høgskulen på Vestlandet skal kunne rekruttere, behalde og utvikle kompetente og motiverte medarbeidarar i alle nærregionane
- gjere partane ved HVL i stand til å ta eit større ansvar for heilskapen i lønnsoppgjera og sikre ei rimeleg lønnsutvikling for alle
- legge grunnlag for eit langsiktig arbeid for å skape ein einskapleg lønnsstruktur i HVL

2.3 Kort om strukturen i dokumentet

Dokumentet er utforma for å gi ei samla oversikt over verkemiddel og prosedyrar i lønnspolitikken ved HVL, og samtidig gje eit grunnlag for å orientere seg i lønssystemet i staten meir generelt. Teksten i dokumentet gjeld i hovudsak lokale tilpassingar ved HVL, medan overordna lov- og avtaleverk er henta inn med tilvisingar, anten undervegs i teksten eller i lenkesamlinga til slutt.

3 Fullmakter og retningslinjer

3.1 Tilhøvet mellom partane, fullmakter og teieplikt

Forhandlingane skjer mellom arbeidsgjevar HVL og organisasjonar med partsrett etter Tjenestetvistloven, etter reglane i HTA. Arbeidsgjevar skal ha skriftlig melding om kven som representerer den einskilde organisasjon. Alle organisasjonar med forhandlingsrett skal ha skriftlig varsel når det kjem krav om forhandlingar.

Det skal først reelle forhandlingar. Partane er likeverdige, med same høve til å bryte forhandlingane. Dette inneber også eit felles ansvar for å finne løysingar på en konstruktiv måte.

Forhandlarane skal møte med tilstrekkeleg fullmakt til å forplikte sin organisasjon/arbeidsgjevar. Dersom organisasjonar vel å følgje hovudsamanslutningsmodellen, må den følgjast i heile forhandlinga. Organisasjonar kan gi samarbeidande organisasjonar fullmakt til å forhandle for seg.

Partane har teieplikt om det som kjem fram i forhandlingane.

3.2 Delegasjon

HTA opnar for delegasjon av alle eller nokre typar lokale forhandlingar, for heile tariffperioden eller for eit bestemt tidsrom. Bestemte einskildforhandlingar kan også delegerast. Forhandlingsfullmakta kan berre delegerast eitt nivå ned, og eventuell delegasjon skal først drøftast/avklarast på verksemdnivå.

Verksemdnivået (HVL) er forhandlingsstad etter HTA, og det er ikkje fastsett vidaredelegasjon.

3.3 Protokollar og informasjon om forhandlingsresultat

Reglane i Offentleglova gjeld for lokale forhandlingar. Protokollar etter alle lønnsforhandlingar er offentlege, og skal vere tilgjengelege for gjennomsyn lokalt.

Tilsette som har fått endra lønn etter forhandlingar skal ha individuell melding om dette frå sin næraste leiar.

Før forhandlingane blir avslutta bør partane avklare om det er behov for generell informasjon om/forklaring av forhandlingsresultatet, og korleis dette eventuelt skal formidlast.

3.4 Tilhøyrsløse til fagforeining

Med to hovudtariffavtalar i staten må arbeidsgjevar føre oversikt over kven som høyrer til dei to avtalane. Dette vil ha konsekvensar for mellom anna ansiennitetsopprykk, og for lokale forhandlingar.

Organiserte tilsette skal følge tariffavtalen dei var bundne av ved inngangen til ny tariffperiode (1. mai i partallsår). Dette gjeld også dersom den tilsette melder seg ut eller bytter organisasjon i løpet av perioden: Ein er framleis omfatta av tariffavtalen til den organisasjonen ein var medlem av tidlegare, og det er her ein vil bli vurdert i lønnsforhandlingar fram til ny tariffperiode. Nytilsette er bundne av den tariffavtalen som gjeld for organisasjonen dei eventuelt er medlemmer av på tilsetningstidspunktet.

Tilsette som ikkje er medlem av ein organisasjon tilslutta ein av hovudsamanslutningane, får sine individuelle lønns- og arbeidsvilkår fastsett etter avtala inngått med LO Stat, Unio og YS Stat, jf. Stortingets vedtak i Innst. 407 S (2017-2018), pkt. nr. IV. For denne gruppa er det dermed berre arbeidsgjevar som vil kunne sette fram krav.

Uorganiserte som melder seg inn i en organisasjon, blir bundne av den hovudtariffavtala som organisasjonen er tilslutta frå og med innmeldingsdatoen.

Ved utlysing og tilsetting er det ikkje høve til å be søkjarar om å opplyse om medlemskap i organisasjon. Først når søkjaren har akseptert tilbodet om stillinga, kan arbeidsgjevar be om opplysningar om medlemskap, slik at søkjaren kan bli innplassert etter riktig tariffavtale i lønssystemet.

4 Lønnsplassing

4.1 Nytilsetting – HTA pkt. 2.5.5

4.1.1 Utlysing og tilsetting

Kunngjeringsstekster blir fastsette av tilsettingsorganet. Medbestemming ved den aktuelle eininga skal utøvast i samsvar med Hovedavtalen (HA) og lokal tilpassingsavtale (TA).

Det skal alltid vere samsvar mellom stillingskode, lønn, stillingsomtale og kvalifikasjonskrav. Lønssystemet skal brukast slik at høgskulen kan rekruttere og behalde dei best kvalifiserte medarbeidarane. Partane skal sjå til at det ikkje oppstår urimelege lønsskilnader mellom tilsette i samanliknbare stillingar. Rekrutteringssituasjonen kan likevel føre til at einskilde nytilsette blir lønna høgt i høve til andre tilsette (sjå nærare om dette under pkt. 6 under).

Før utlysing av ei ledig stilling skal tillitsvalde orienterast om og ha høve til å krevje å få drøfta lønnsplassinga, jf. HTA pkt. 2.5.5.

4.1.2 Vurdering innan eitt år

4.1.2.1 Heimel

Arbeidsgjevar skal etter HTA pkt. 2.5.5 nr. 3 vurdere lønnsplassinga for alle nytilsette på nytt inntil 12 månader etter tilsetting, og ved overgang frå mellombels til fast tilsetting.

4.1.2.2 Prosedyre

Arbeidsgjevar utarbeider felles rutine for å sikre at slike vurderingar blir gjennomført, og at dei skjer på riktig grunnlag og etter eins praksis. Orientering om bruken av heimelen skal leggjast fram for dei tillitsvalde ein gong i året.

4.2 Kompetanseopprykk

Det er inngått sentral særavtale mellom Kunnskapsdepartementet og tenestemannsorganisasjonane med ein sikringsregel om at dei som får opprykk til førsteamanuensis, førstelektor og førstebibliotekar blir innplassert minst to lønnstrinn eller tilsvarande over lønnsplassing i tidlegare stilling.

Ved Høgskulen på Vestlandet blir lønnsinnplassering etter kompetanseopprykk praktisert slik:

- Ved kvalifikasjonsopprykk til høgskulelektor blir ein plassert slik at ein vert sikra to lønnstrinn eller tilsvarande over lønnsplassinga i tidligare stilling som høgskulelærar.
- Ved kvalifikasjonsopprykk etter doktorgrad og kvalifikasjonsopprykk til førsteamanuensis/førstelektor/førstebibliotekar skal det alltid vurderast innplassering ut over dei to lønnstrinna/tilsvarande som sikringsregelen i den sentralt inngåtte avtalen gir. Vurderinga skal ta omsyn til forventningar ut frå tidlegare praksis, men samtidig ta høgde for nivå i samanliknbare stillingar, rimelegheit og likskap mellom nærregionane.
- Ved opprykk til dosent eller professor blir det gjort individuelle vurderingar.

Lønnskompensasjon vert gitt berre ein gong. I tilfelle der førsteamanuensis/førstelektor utan doktorgrad disputerer for doktorgrad, kan det likevel etter særskilt vurdering bli gitt to lønnstrinn eller tilsvarande over tidlegare innplassering.

Presiseringar om tidspunkt for opprykket: opprykk til høgskulelektor blir gitt med verknad frå den første i månaden etter bestått eksamen. Dato for andre opprykk blir fastsett ut frå forskrift.

5 Virkemiddelbruk og prosedyrar ved forhandlingar

5.1 Oversikt over virkemiddel

Virkemidla som er tilgjengelege går fram av HTA pkt. 2.5.4.

5.2 Personal- og lønnsstatistikk

HTA seier at det lokalt «skal utarbeides nødvendige oversikter og sammenstillinger over lønn på alle nivå, fordelt på kvinner og menn, og klarlegge eventuelle forskjeller». Ved HVL skal i tillegg oppdatert oversikt over kven som har fått lønnsending med heimel i HTA pkt. 2.5.1, 2.5.2, 2.5.3 og 2.5.5 dei siste åra vere tilgjengeleg for partane.

Partane er einige om å nytte Excel-format (utan formalar) i utveksling av lister, statistikk og krav.

Ønske/behov for statistikk som går ut over det som ligg i HTA og i punktet her kan òg avklarast i førebauande møter ved forhandlingar.

5.3 Ordinære lønnsforhandlingar etter HTA pkt. 2.5.1

5.3.1 Heimel

Forhandlingar etter HTA pkt. 2.5.1 blir gjennomført kvar haust, om det er sett av midler. HVL-styret vil kunne legge til ein lokal pott.

5.3.2 Prosedyre

5.3.2.1 Førebauande møter

Det skal gjennomførast separate førebauande møte for organisasjonane som er tilslutta dei to hovudtariffavtalane innan utgangen av august. I møtet skal partane avklare fristar, behov for statistikk/data, eventuelle presiseringar som gjeld kriterium/føringar, ta stilling til førebels møteplan og løyse ev. praktiske spørsmål.

Partane skal også drøfte om det er særskilte omstende som skal vektleggast spesielt i forhandlingane.

5.3.2.2 Styresak

Styret får framlagt sak om forhandlingane i tråd med tidlegare praksis og innan utgangen av september.

5.3.3 Forhandlingar for tillitsvalde

Tillitsvalde som deltek som forhandlarar skal forhandlast først i lønnsforhandlingane. Ingen kan forhandle om si eiga lønn, jf. HTA punkt 2.6.3 femte ledd nr. 8.

Vervet som tillitsvald gir kompetanse, og skal leggjast vekt på i vidare teneste og karriere, jf. hovudavtalen § 1 nr. 7 og § 37 nr. 6.

5.3.4 Sikring av at alle grupper blir vurderte i lønnsforhandlingar

2.5.1-forhandlingar er viktige for å sikre alle tilsette ei rimeleg lønnsutvikling. HTA understreker særskilt at følgjande grupper skal bli vurderte knytt til 2.5.1-forhandlingar:

- Arbeidstakarar som har permisjon med lønn
- Arbeidstakarar som før verknadsdatoen har kome attende frå foreldrepermisjon utan lønn eller omsorgspermisjon utan lønn, jf. Fellesbestemmelsene § 20 nr. 7.

Det blir laga til ei rutine knytt til 2.5.1-forhandlingar som sikrar at desse gruppene får ei vurdering. Ved HVL skal ein på same måte sørge for vurdering av arbeidstakarar som fyller 62 år.

5.4 Forhandlingar etter HTA pkt. 2.5.2 – leiarar

5.4.1 Heimel

HTA pkt. 2.5.2 gjeld justering av lønn for leiarar. Alle lønnsendringar etter denne heimelen går direkte frå verksemda sitt budsjett.

Rektor får fastsett si lønn av styret, medan lønn for leiarar på nivå 2 skal forhandlast mellom rektor og dei tillitsvalde. Leiarlønn kan forhandlast i samband med forhandlingar etter HTA pkt. 2.5.1, eller når det elles hadde vore grunnlag for det etter vilkåra i HTA 2.5.3.

5.4.2 Prosedyre

Tidspunkt for forhandlingar etter HTA 2.5.2 i samband med 2.5.1-forhandlingar skal avtalast mellom partane i førebunde møte. Eventuelle møte utanom dette skal varslast på same måte som 2.5.3-forhandlingar.

5.5 Forhandlingar etter HTA pkt. 2.5.3 – særskilt grunnlag

5.5.1 Heimel

Forhandlingar etter HTA pkt. 2.5.3 skjer på særskilt grunnlag, ut frå heimelen i HTA.

5.5.2 Prosedyre

Krav etter HTA 2.5.3 skal meldast inn fortløpande. Det skal normalt settast av tid til 2.5.3-forhandlingar minst ein gong i semesteret.

Særskilt om å behalde: I situasjonar der en arbeidstakar har eit skriftleg jobbtilbod med kort frist og tilbod om høgare lønn, kan arbeidsgjevar avklare lønnsauke direkte. Om det er mogleg skal HVL forsøke å gjere vurderinga i dialog med tillitsvald. Lønnsendringa skal protokollerast i neste forhandlingsmøte etter HTA 2.5.3.

6 Kriterium ved fastsetting og endring av lønn

6.1 Innleiing

Lønnsvurdering skjer ved tilsetting, ved lokale lønnsforhandlingar, og ved innplassering etter kvalifikasjonsopprykk. Kvar einskild lønnsplassing er ei samansett vurdering der innhald i og forventningar knytt til stillinga, personleg kompetanse og innsats, og arbeidsmarknaden i høgskulen sine omgjevnader er sentrale faktorar. Felles for alle vurderingar er at dei skal vere saklege og objektive, bygge på eit riktig grunnlag, og skje ut frå kriterium og retningslinjer som er gitt i avtaleverk og i den lokale lønnspolitikken.

Overordna skil ein mellom stillingsvurderingar, arbeidstakarvurderingar og marknadsvurderingar. Avhengig av situasjonen, kan ei lønnsvurdering ha innslag av alle desse tre elementa, eller vere knytt spesifikt til eitt. Stillingsvurderingar skjer ut frå stillingsomtalar og kvalifikasjonskrav. Til støtte i personvurderingar er det utforma generelle kriterium som gjeld alle tilsette, både i undervisings-, forskings- og formidlingsstillingar, teknisk-administrative stillingar og leiarstillingar.

6.2 Tre typar vurderingar

6.2.1 Stillingsvurdering

Stillingsvurdering er vurdering av arbeids- og ansvarstilhøve, krav til sjølvstende, krav til initiativ og krav om utdanning/kompetanse. Denne vurderinga gir grunnlaget for stillingsplassering/stillingsendring og gir også grunnlag for lønnsplassing. Dette er ei personnøytral vurdering.

Ved utlysing av stilling er stillingsplasseringa utgangspunkt for kva spenn som blir angitt i utlysinga.

6.2.1.1 Stillingsomtaler og kvalifikasjonskrav

Kunnskapsdepartementet har fastsett følgjande forskrifter om kvalifikasjonskrav for undervisningsstillingar og for stipendiatar, vitskaplege assistentar m.m:

- Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger
- Forskrift om ansettelsesvilkår for stillinger som postdoktor, stipendiat, vitenskapelig assistent og spesialistkandidat

Stillingsomtaler og kvalifikasjonskrav for tilsetting i tekniske/administrative stillingar og kode 0996 Dykkeinstruktør ved HVL går fram av vedlegg 1 til lønnspolitikken.

6.2.2 Arbeidstakarvurdering

Arbeidstakarvurdering er vurdering av innsats i og utføring av dei oppgåvene som er lagt til stillinga, jf. stillingsvurderinga. Ved at vurderinga skjer ut frå dei oppgåvene som er lagt til stillinga, vil alle tilsette ha likeverdige moglegheiter til lønnsutvikling. Kriteria for HVL går fram av pkt. 6.3 under.

6.2.3 Marknadsvurdering

Ei marknadsvurdering er knytt til rekrutteringssituasjonen, og til kjennskap til arbeidsmarknaden på staden. Slike vurderingar kan ha konsekvensar for kva spenn stillinga skal lysast ut i (kva ser ein for seg), og i vurdering av konkret tilbod (tilgang på kompetanse/erfaring opp mot krava i stillinga).

6.3 Kriterium for arbeidstakarvurderingar i lokale forhandlingar

Partane ved HVL har fastsett kriterium som skal nyttast ved arbeidstakarvurderingar. Kriteria er grupperte i tre hovudgrupper med underpunkt (ikkje prioritert rekkefølge):

- 1) Innsats og kvalitet i utføring av arbeidsoppgåver i stillinga
 - a. Ansvarsmedvit, sjølvstende og initiativ
 - b. Samarbeid, kommunikasjon og problemløysing
 - c. Gjennomføringsevne og resultatoppnåing
- 2) Bidrag til utvikling og deling av kompetanse
 - a. Relevant oppbygging og/eller utvikling av eigen kompetanse
 - Ansvar for eiga utvikling i stilling
 - Bygging av eigen kompetanse (formalkompetanse og /eller realkompetanse)
 - b. Bidrag til oppbygging og/eller utvikling av kompetansen til kollegaar
 - c. Bidrag til innovasjon
 - d. Samhandling internt og med eksterne samarbeidspartar – praksisfeltet/arbeidslivet
 - e. Formidling og deltaking i det offentlege ordskiftet
- 3) Bidrag til organisasjonsutvikling og institusjonsbygging
 - a. Leiing, administrasjon, fagpolitisk innsats og likestillingsarbeid
 - b. Bygge opp forskingsmiljø og fagmiljø (forskning, utdanning og adm.)
 - c. Bidrag til nettverksbygging og samarbeidskultur, internt, nasjonalt og internasjonalt
 - d. Utvikling og effektivisering av arbeidsprosesser
 - e. Tverrfagleg arbeid og bidrag til auka kontaktflate mellom ulike felt

Lønnskriteria skal forankrast i kriteria, med ei kort, konkret grunngjeving som gjeld den einskilde tilsette. Ved at sjølve kriteria ikkje er for spesifikke, vil tilsette i alle typar stillingar ha same høve til å knytte sin eigen innsats til kriteria og grunngje dette ut frå sitt perspektiv. Utgangspunktet for vurderinga vil alltid vere dei oppgåvene den einskilde har i si stilling. Lønnsutvikling over tid vil vere eit supplerande argument.

Kriteria er utforma ut frå partane si felles vurdering av høgskulens behov, og for å gi eit godt utgangspunkt for avklaring av forventingar og annan dialog mellom leiarar og tilsette. Bruken av kriteria og ev. utvikling vil vere fast tema mellom partane, til dømes på evalueringsmøte etter lokale forhandlingar. Som oppfølging av lønnspolitikken vil HVL, i dialog med organisasjonane, vurdere utvikling av ein felles mal for den årlege lønssamtalen.

6.4 Særskilte grunnlag

Kriteria for lønnsendring på særskilt grunnlag går fram av reglane i HTA pkt. 2.5.3 – sjå pkt. 5.6 i lønnspolitikken.

7 Nyttige lenker

- Statens personalhandbok: <http://www.lovdata.no/sph>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet si samleside om lønnsoppgjret: <https://www.regjeringen.no/no/tema/arbeidsliv/Statlig-arbeidsgiverpolitikk/>

8 Vedlegg

Bruk av stillingskoder ved HVL



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 18/01366-3
Saksbehandler Thomas Mikkelsen

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
26.09.2018

75/18

**STUDENTENES HELSE- OG TRIVSELSUNDERSØKELSE 2018
(SHOT) - ORIENTERING TIL STYRET**

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering

Sammendrag

Styret blir i denne saken orientert om resultatene for HVL i studentenes helse- og trivselsundersøkelse 2018 (SHoT).

Vedlegg:

Saken har ikke trykte vedlegg.

Utrykte vedlegg:

Studentenes helse- og trivselsundersøkelse 2018:

<https://shotstorage.blob.core.windows.net/shotcontainer/SHOT2018.pdf>

Resultat for HVL, Sogndal og Førde:

<https://www.hvl.no/contentassets/95f201ad175740e8907ef78c454ee425/shot2018-sognogfjordane.pdf>

Resultat for HVL, Bergen:

<https://www.hvl.no/contentassets/95f201ad175740e8907ef78c454ee425/shot2018-bergen.pdf>

Resultat for HVL, Stord og Haugesund:

<https://www.hvl.no/contentassets/95f201ad175740e8907ef78c454ee425/shot2018-stord-haugesund.pdf>

Saksframstilling:

Bakgrunn for saken

Studentenes Helse- og Trivselsundersøkelse (SHoT) kartlegger studentenes helse og trivsel i bred forstand. Formålet er å gi innsikt i hvordan studentene har det og hvordan velferdstilbudet til studenter kan bedres. 162 512 norske heltidsstudenter i alderen 18 - 35 år ble invitert til å svare på undersøkelsen. 50 054 studenter både i Norge og i utlandet svarte. Det gir en svarprosent på 31. Med over 50 000 svar er det Norges største studenthelseundersøkelse med et unikt kunnskapsgrunnlag. Det er samskipnadene som er oppdragsgiver for undersøkelsen, mens Folkehelseinstituttet har stått for gjennomføring og analyse av resultatene. Undersøkelsen ble gjennomført i perioden februar – april og lansert offentlig 5. september 2018.

Lokale tall fra regionene og HVL samlet

Hvl hadde en samlet svarprosent på 33,10. Dette tilsvarer et utvalg på 2984 studenter fordelt slik på regionene. Bergen 1546 studenter, Sogndal/Førde 741 studenter og Stord/Haugesund 697 studenter.

Forhold på studiestedet

- På spørsmål om studentene føler seg godt mottatt på studiestedet som ny student svarer 91,5 % av HVL studentene ja. Landsgjennomsnittet ligger her på 88,4.

Ulike spørsmål om hvor fornøyd du er med byen du studerer i (0-100 poeng)

- Bergen svarer med 71, Sogndal 78, Førde 63, Haugesund 58 og Stord 53 poeng på spørsmål om tilfredshet med studentmiljøet.
- Når det gjelder tilfredshet med studiebyen totalt er svarene slik Bergen 71, Sogndal 63, Førde 53, Haugesund 59 og Stord 50 poeng.
- Når det gjelder tilfredshet med helsetilbudet svarer HVL samlet 66, med et landsgjennomsnitt på 70 poeng.
- På spørsmål om tilfredshet med boligtilbudet svarer HVL samlet 56,7. Her ligger landet samlet på 56 poeng.
- Når det gjelder deltakelse i fadderordningen (% ja) er det forholdsvis store forskjeller mellom studiestedene. På spørsmål om du deltok i en fadderordning eller lignende på ditt studieprogram når du var ny student, svarer Bergen 61%, Sogndal/Førde 59%, mens Stord/Haugesund svarer 35%. Landsgjennomsnittet ligger her på 55%. Opplevelsen av fadderordningen totalt sett ved HVL, er på linje med landsgjennomsnittet (69 av 100 poeng).

Eksamensangst

- På spørsmål om eksamensangst (%) svarer HVL samlet under *ja, svært mye* og *ja, en del* 45,3. Landsgjennomsnittet ligger her på 44.

Livsstil og helseatferd

- Andel som har brukt narkotika (eller legemidler som gir rus) minst 5 ganger siste året (% ja). Samlet svarer HVL her 3,96, mens landsgjennomsnittet ligger på 5,8.
- På spørsmål om hvor ofte du drikker alkohol (2-4 ganger i måneden %) svarer HVL samlet 43,6. Landsgjennomsnittet har en svarprosent på 45. De som har en risikoatferd knyttet til alkohol (risiko og skadelig bruk slått sammen) er ved HVL 46, mens landsgjennomsnittet her ligger på 43. Sogndal/Førde svarer her 50, Bergen 48, mens Stord/Haugesund ligger på 40.

Fysisk helse

- Når det gjelder vurdering av egen helsetilstand svarer 80,6 % av studentene ved HVL *god* og *svært god* (samlet). Landsgjennomsnittet ligger her på 79.

Psykisk helse og trivsel

- Når det gjelder spørsmål om psykiske plager om omfang (%); her slått sammen *alvorlige* og *alvorlige og mange symptomer* svarer HVL samlet 25. Landet ligger på 29 jf. hovedrapporten. Ser vi bare på *alvorlige og mange symptomer* ligger HVL samlet på 10,3 mot landet på 11.

Det har vært en økning alvorlige og mange symptomer fra forrige undersøkelse i 2014. Økningen i psykiske plager sees både blant kvinnelige og mannlige studenter, men er mer markant hos de kvinnelige (nasjonale tall samlet).

Ensomhet

- Spørsmål om hvor ofte du føler deg utenfor, isolert eller savner noen å være sammen med (%). Her svart under kategorien *ofte* eller *svært ofte*. HVL samlet ligger på 29, mens landsgjennomsnittet er 30. Bergen svarer 27, Sogndal/Førde 28, mens Stord/ Haugesund svarer 32.

Livskvalitet

- Hvordan vurderer du din livskvalitet (%)? Under slått sammen *god* og *svært god* svarer HVL samlet 34,6. Landsgjennomsnittet ligger på 39. De ulike regionene svarer her ganske sammenfallende.

Rektor sin vurdering

På de fleste områder ligger HVL tett opp til landsgjennomsnittet når det gjelder hovedfunn i rapporten. Det er positivt at studentene føler seg godt mottatt på studiet og at vi ligger lavere på bruk av narkotika enn landsgjennomsnittet. De fleste studentene har det bra og oppgir at de har god eller svært god fysisk helse. Det er allikevel bekymringsfullt å se at de nasjonale tallene på psykiske symptomplager har økt siden sist det ble målt. Studenters opplevelse av ensomhetsfølelse, psykiske symptomplager og selvfølelsesproblematikk må bli tatt på alvor og være gjenstand for videre drøftinger av mulige tiltak både i Læringsmiljøutvalget og Utdanningsutvalget. Fakultetene må også ta dette videre inn i de ulike utdanningene. De nyetablerte campusrådene får og en viktig oppgave å se på ulike trivselstiltak på campus.



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 18/07815-1
Saksbehandler Lene Borgen Waage

Arkivkode.

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
26.09.2018

76/18

UTVIKLING AV VERKSEMDSMÅL FOR HVL

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret har følgande innspel til det vidare arbeid med verksemdsmål og årsplan for HVL (vedtakspunkt blir utforma i løpet av styreseminaret)

Sammendrag

I denne saka vert styret bedne om å komme med konkrete innspel om kva verksemdsmål HVL skal løfte fram i årsplanen, ut frå diskusjonane i styreseminaret. Verksemdsmåla skal framgå av kapittel om framtidsutsikter i Årsrapport 2019-2020 til Kunnskapsdepartementet.

Vedlegg:

Saka har ikkje vedlegg.

Utrykte vedlegg:

Årsrapport 2017-2018 Høgskulen på Vestlandet - <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/strategi-og-plan/strategiprosessen/arsrapport-2017-2018---hogskulen-pa-vestlandet.pdf>

Tildelingsbrevet for 2018 til Høgskulen på Vestlandet - <https://www.regjeringen.no/contentassets/549eeb4245384a018368ba98f0e225b2/tildelingsbrev-2018-hvl.pdf>

Etatsstyring 2018 – Tilbakemelding til Høgskulen på Vestlandet: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2018/0618/2018-06-innkalling.pdf#page=233>

Fusjonsavtalen: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/strategi-og-plan/fusjonsavtale-endeleg.pdf>

Saksframstilling:

Bakgrunn for saka:

I tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet til Høgskulen på Vestlandet går det fram at høgskulen sjølv skal fastsetje eigne verksemdsmål og relevante styringsparameter som viser institusjonen sin profil og utviklingsstrategi.

For 2018 har HVL hatt ein mellombels planstruktur. I styremøtet 26.september 2018 skal styret handsame utkast til HVL sin strategi (70/18) for perioden fram mot 2023. Eit viktig mål for styreseminaret er derfor å operasjonalisere strategien med utvikling av verksemdsmål for HVL.

I tillegg til strategien vil mellom anna fusjonsavtala, tildelingsbrevet, med utviklingsavtala mellom Kunnskapsdepartementet og HVL, årsrapporten 2017-2018, tilstandsrapporten og tilbakemeldinga frå etatsstyringsmøtet danne grunnlag for diskusjonane. Desse er lagt ved som utrykte vedlegg.

I samband med styremøte 07/18 vert styret invitert til seminar med tema utvikling av verksemdsmål for HVL. Styret vil i seminaret fyrst få presentert relevante krav og mål knytt til dei ulike områda av verksemda, før styret blir invitert til å arbeide gruppevis med å utvikle forslag til verksemdsmål.

Forslaga til verksemdsmåla er første steg i utviklinga av årsplan styret skal vedta i mars 2019. Verksemdsmåla danner grunnlag for risikovurdering og val av tiltak på institusjons- og fakultetsnivå. Styret vil få utkast av årsplan til handsaming i styremøte i november.



**Høgskulen
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/00146-39
Saksbehandler Arvid Hallén

Arkivkode. 011

Saksgang
Høgskulestyret

Møtedato
26.09.2018

77/18

EVALUERING AV REKTOR SITT ARBEID

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret sine innspel i saka dannar grunnlaget for styreleiar sin medarbeidersamtale med rektor.
2. Styret peikar ut NN som representant frå styret til styreutval. Andre medlemmer er styreleiar Arvid Hallén og nestleiar Kari Kjenndalen.

Samandrag

Styret vert i denne saka bedne om å evaluere rektor sitt arbeid og vurdere resultat for 2017-2018.

Vedlegg:

Saka har ikkje trykte vedlegg.

Utrykte vedlegg

Styresak 51/18 instruks for dagleg leiing: <https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/motepapir/hogskulestyret-2018/0518/2018-05-innkalling.pdf#page=182>

Saksframstilling:

Evaluering

I instruks for rektor ved HVL heiter det i pkt 4 at «Styret skal årleg evaluere rektors arbeid og vurdere resultat. Styreleiar skal førebu saka om evaluering.»

I denne saka vert styret invitert til å evaluere rektors arbeid ut frå dei kriteriene som står i pkt 2.1.2 der det heiter at rektor skal:

- *profilere og posisjonere HVL som profesjons- og arbeidslivsretta forskings- og utdanningsinstitusjon nasjonalt og internasjonalt*
- *initiere og leie strategiprosesser og sjå til at strategiane blir følgt opp*
- *sørge for at det blir utøva god fagleg leiing med vekt på kvalitet i heile organisasjonen*
- *utvikle veleigna teknisk-/administrative tenester*
- *skape ein positiv organisasjonskultur og eit godt og produktivt arbeidsmiljø*
- *sørge for at institusjonen har effektive og hensiktsmessige styrings- og kontrollsystem slik at fastsette mål og resultatkrav kan bli følgde opp, ressursbruken er effektiv, rapporteringa er påliteleg og at institusjonen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regler.*

Styrets evaluering og vurdering av resultat vil danne grunnlaget for den medarbeidersamtale som styreleiar skal ha med rektor og den justering av løn som skal gjerast.

Utpeiking av representant til styreutval

Instruksens pkt 4 inneber at styret har delegert til eit styreutval med styreleiar, nestleiar og eitt styremedlem utpekt av styret å fastsette justering av løn til rektor på grunnlag av styrets evaluering. Styret vert invitert til å utpeike ein representant til styreutvalet.



Arkivsak-dok. 17/00146-38 Arkivkode. 011
Saksbehandler Linda Marie Hvaal McGuffie

Saksgang Møtedato
Høgskulestyret 26.09.2018

O-7/18

ORIENTERINGAR FRÅ REKTOR, STYREMØTE 07/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar sakene til orientering

O-7/18-1 Referat frå IDF-møte

Vedlegg: Referat frå IDF-møte (Vert ettersendt).

O-7/18-2 Årshjul og fastsetting av møtestad styremøter 2018

Vedlegg 1. Årshjul for styresaker HVL 2018 pr. august.
2. Vedteken møteplan 2019, inkl. forslag til møtestad.

O-7/18-3 Signering av Magna Charta

Vedlegg: Saka har ikkje vedlegg.

Vår ref.:
18/00596-10

Dato:
13.09.18

Årshjul for styresaker HVL 2018 pr. september

Oversikt over planlagte styresaker ved HVL i 2018.

Årshjulet er rullerende og det tas forbehold om at saker kan bli flyttet, slått sammen eller få ny sakstittel eller kategorisering.

Oppdatert versjon av årshjulet legges fram for styret som orienteringssak på hvert styremøte.

Forklaring til tabellen:

- Faste årshjulssaker er merket med (F).
- Sakene er delt inn i følgende kategorier:
 - (S) Strategiske saker – Styret inviteres til diskusjon/drøfting før vedtak fattes
 - (B) Beslutningssaker – Saker hvor det ikke forventes større diskusjon – enten fordi saken er «ferdigbehandlet» eller vedtak er nødvendig av formelle grunner.
 - (O) Orienteringssaker – saker som organisasjonen vil orientere styret om.
- I tillegg til sakene i oversikten vil det til hvert møte legges fram følgende faste saker:
 - Innkalling, saksliste og godkjenning av protokoll fra forrige møte
 - Samlesak med orienteringer (inkl. oppdatert årshjul, referat fra drøftingsmøte, orienteringer fra rektor, ymse)

Rød skrift = ny sak tatt inn siden forrige versjon

Blå skrift = sak/tema endret plassering (flyttet/splittet/slått sammen el.) siden forrige versjon.

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Avdeling
Rektorat

Saksbehandler
Linda Marie Hvaal McGuffie
Telefon:

Type	Sak	Aktiviteter/Frister	Merknad
01/18 – 01. februar - Bergen			
S	Årshjul for styresaker 2018 (F)	KD – Tildelingsbrev (F)	
S	Strategiprosessen – Form og struktur på strategien		
S	Strømming fra styremøter		
B	Forretningsorden for styret ved Høgskulen på Vestlandet		
B	Oppnevning av sentralt ph.d.-utvalg for perioden 1.1.2018-31.12.2022		
B	Oppnevning av ny vararepresentant i forskningsetisk utvalg ved HVL i perioden 01.02.18-31.12.20		
O	Revidert delegasjonsreglement for HVL		
O	Lokale lønnsforhandlinger 2017 - orientering om resultat (F)		
O	Evaluerings - OU-programmet		
02/18 – 7.-8. Mars - Førde			
S	Årsrapport HVL 2017 (inkl. årsplan 2018) (Vedtak) (KD-frist 15.mars) (F)	KD-frist: (F) 15.03: Innsending av • Årsrapport 2017 • Plan 2017 • Regnskap 2017 Styreseminar: Tema: Forskning ved HVL.	
S	Årsregnskap 2017 (inkl. internregnskap) (Vedtak) (KD-frist 15.mars) (F)		
S	Revidert budsjett 2018 (Vedtak) (F)		
B	Administrativ organisering ved HVL		
B	Rekruttering til administrative lederstillinger ved HVL		
B	Ledelsessystem for informasjonssikkerhet		
O	Retningslinjer for sidegjøremål i HVL		
S	Forskningsmelding HVL		
O	Årsmelding for Forskningsetisk utvalg 2017 (F)		
B	Oppstart av prosess for å undertegne Magna Charta Universitatum		
O	Årsrapport 2017 - Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet(F)		
O	Årsrapport fra Læringsmiljøutvalget (LMU) (F)		
O	Studiebarometeret 2017 – Resultat for HVL (F)		
B	Oppnevning av studentrepresentant til skikkavurderingsnemnda		
O	Campusutvikling HVL – løypemelding nybygg Haugesund		
O	Campusutvikling HVL – status nybygg Sogndal og Bergen		
03/18 – 26. April - Bergen			
S	Prinsipp for senterstruktur		
S	Språkpolitisk plan		
B	Oppnevning av skikkavurderingsnemnd HVL, inkl. rapport skikkaansvarlige		

Type	Sak	Aktiviteter/Frister	Merknad
O	Hovedarbeidsmiljøutvalget for HVL - Årsrapport 2017 (inkl. sykefraværstall)		
O	Orientering om søkertall		
O	Rammer for lederutvikling HVL 2018-2023		
O	Status i beredskapsarbeidet		
B	Revisjonsplan for internrevisjon 2018		
O	Årsrapport fra Studentombudet 2017		
04/18 – 24. Mai - Bergen			
S	Livslang læring - etter- og videreutdanning		
B	Akkreditering av mastergrad - Teknologibasert innovasjon og entrepenørskap		
O	Status for de nye grunnskolelærerutdanningene (F - hvert semester)		
O	Strategiprosessen - løypemelding		
05/18 – 20.-21. Juni - Stord			
S	Regnskap pr. 1.tertial 2018 og status budsjett(F)	KD-frist: (F) 01.06: Innsending av - Regnskap 1. tertial 2018 - Styregodkjent Revisjonsberetning innen 01.07. Styreseminar: Tema: Strategisk plan.	
B	Revisjonsberetning for regnskap HVL 2017 (F)		
S	Rammer for studieporteføljeutviklingen ved Høgskolen på Vestlandet (HVL)		
S	Nye studietilbud ved HVL frå studieåret 2019/2020 - drøfting (F)		
O	Studentrekruttering		
S	Strategiprosessen - løypemelding		
S	Campusutvikling HVL – strategisk arealplan i det lange perspektiv		
B	Campusutvikling HVL - tilbygg Haugesund		
O	Utvikling av kvalitetssystem		
O	Orientering om arbeidet med humaniorameldingen		
B	Oppnevning/godkjenning av studentrepresentanter til styrer, råd og utvalg ved HVL (01.08.18-31.07.19) (F)		
B	Instruks for daglig ledelse		
B	Fullmaktsstruktur: Råd og utvalg i HVL		
O	Tilstandsrapport for høyere utdanning 2018 – hovedtall og tendenser for HVL		

Type	Sak	Aktiviteter/Frister	Merknad
06/18 – 30. august - Bergen			
O	Orientering om opptakstall (F)		
B	Møteplan for høgskulestyret 2019 (F)		
S	Strategi for HVL - Høring		
O	Semesterrapport fra Studentombudet – Vår 2018 og justering av mandat		
B	Revidert mandat - Studentombud		
O	Administrativ organisering – orientering om status per august 2018		
B	Søknad om akkreditering av mastergrad i innovasjon og entreprenørskap		
07/18 – 26.-27. Sept. - Sogndal			
S	Strategi for HVL 2018-2023	KD-frist: (F) 01.10: Innsending av Regnskap 2. tertial 2018 Styreseminar: Tema: Utvikling av verksemdsmål for HVL Implementering av strategisk plan, oppstart årsplan 2019- (ROS-analyse)	
S	Eigarskapspolitikk ved Høgskulen på Vestlandet – retningslinjer og oversikt over HVLS eigarskap i aksjeselskap		
S	Utvikling av verksemdsmål for HVL/styreseminar		
S	Innspill til høringssvar – forslag fra utvalg om endringer i stillingsstruktur (Underdal)		
O	Status kompetansenivå (fagleg/fakultetsvise), og prosess for vidare arbeid med strategisk kompetanseutvikling		
O	Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT)		
O	Lokale lønnsforhandlinger i 2018 (F)		
B	Evaluering av rektor sitt arbeid		
08/18 – 25. Okt. - Bergen			
S	Innspill til KD - budsjett 2020 (F) (KD-frist 1. nov)	KD-frist: (F) 01.11: Innsending av Innspill til budsjett 2020 Aktivitet: Styret møter de tillitsvalgte	
S	Regnskap 2. tertial, KD-rapportering (Eksternregnskap) (KD-frist 1. okt)		
S	Regnskap 2. tertial, internrapport inkl. revidert budsjett + status på tiltak årsplan 2018		
S	Innspill til budsjett 2020 (KD-frist 1. nov) (F)		
	Økonomimodell		
O	Orientering om statsbudsjettet inkl pressemelding (F)		
S	Innovasjonsmelding		
S	Internasjonaliseringsmelding		
O	Handlingsplan for lederutvikling, lederplattform		
S/B	Godkjenning av evt. nye studieprogram 2019-2020		
O	Status for de nye grunnskolelærerutdanningene (F - hvert semester)		
S	Styrets handlingsplan og evaluering av eget arbeid		

Type	Sak	Aktiviteter/Frister	Merknad
09/18 – 28.-29. Nov. - Haugesund			
B	Det samla egenfinansierte studietilbudet med opptaksrammer for studieåret 2019-2020 for Høgskulen på Vestlandet (F)	Frist samordna opptak: (F) 01.12. Studietilbud/opptaksrammer 2019/2020. Aktivitet: Styret møter de tillitsvalgte Styreseminar: Tema ikke satt.	
S	Studentrekruttering (gjennomstrømming/fracfall/rekruttering –status og strategi)		
O	Rapport opptak 2018 (F)		
O	Orientering - akademisk kalender kommende studieår (F)		
S	Budsjett 2019 (F)		
S	Utkast til årsplan 2019 (F)		
S	Beslutning senterstruktur		
B	Valgreglement for HVL		
O	Styret møter de hovedtillitsvalgte (F)		

Tema/saker som ikke er tidfestet

- [Orienteringssak om organ på fakultetsnivå](#)
- Personalpolitiske saker (System for arbeidsmiljøkartlegging (ARK) og rutiner for varsling (ink. Seksuell trakassering, Likestilling og mangfold., etiske retningslinjer for ansatte)
- Digitalisering i HVL
- Sak om eksponering av institutt og fagmiljø på hvl.no
- Evaluering/revidering av lokale forskrifter (studie, opptak)
- Strategiske regionale møtearenaer
- RSA - status og videre utvikling
- Utviklingsavtale med KD
- Samarbeid med nærings- og arbeidsliv

Vedteken møteplan for styret ved Høgskulen på Vestlandet 2019, inkl. forslag til møtestad

Møte	Dato (dag)	Tidspunkt	Forslag til møtestad
01/2019	31.01.19 (torsdag)	10:00-15:00	Bergen
02/2019	06.03.19 (onsdag)	10:30-18:00	Førde
	07.03.19 (torsdag)	09:00-14:00	
03/2019	09.05.19 (torsdag)	10:00-15:00	Bergen
04/2019	20.06.19 (torsdag)	10:00-15:00	Bergen
05/2019	29.08.19 (torsdag)	10:00-15:00	Bergen
06/2019	25.09.19 (onsdag)	10:30-18:00	Sogndal
	26.09.19 (torsdag)	09:00-14:00	
07/2019	24.10.19 (torsdag)	10:00-15:00	Stord/Bergen?
08/2019	27.11.19 (onsdag)	10:30-18:00	Haugesund
	28.11.19 (torsdag)	09:00-14:00	